



Høgskulen  
på Vestlandet

# MASTEROPPGÅVE

Ein språkstudie blant studentar frå Sogn og  
Fjordane som bur i ein storby

A language study among students from Sogn og  
Fjordane who live in a big city

**Andrea Flatjord Gjelsvik**

Master i grunnskulelærerutdanning 5-10, fordjuping i norsk  
Fakultet for lærarutdanning, kultur og idrett

Rettleiar: Jorunn Simonsen Thingnes og Samuele Mascetti

Innlevering: 15. mai 2023

Eg stadfestar at arbeidet er sjølvstendig utarbeidd, og at referansar/kjeldetilvisingar til alle  
kjelder som er brukt i arbeidet er oppgitt, jf. Forskrift om studium og eksamen ved Høgskulen på Vestlandet, § 12-1.

# Samandrag

Føremålet med denne masteroppgåva har vore å undersøke kva språkval studentar frå Sogn og Fjordane tar når dei bur i ein storby der bokmål er det dominerande språket. I tillegg ser oppgåva på kva grunnane for desse språkvala kan vere. Studien baserer seg på seks intervju der to er gjennomført på studentar i Oslo, to i Trondheim og to i Bergen. Resultata viser at fem av seks studentar held på nynorsken, medan ein skifta frå nynorsk til bokmål på vidaregåande. Dette kan vise at trass i at språkskifte frå nynorsk til bokmål er svært vanleg er det endå nokre som held på nynorsken. Det kan derimot ikkje generalisert at fleire held på nynorsken, då denne studien berre består av seks deltakarar.

Denne studien ser ikkje berre på val av hovudmål, men også på andre generelle språkval og grunnar til desse språkvala. Dei språkvala som kom fram var språkskifte/ikkje språkskifte og språkveksling. Studien fann at språkvala studentane rapporterte om, i hovudsak handlar om språkskifte frå nynorsk til bokmål, og språkveksling mellom nynorsk, bokmål, dialekt og engelsk. Studien viser vidare at årsakene til desse språkvala kan vere mange, men at det som ligg til grunn for dei i all hovudsak kan kategoriserast under overskriftene eksponering, tilpassing og språkleg identitet, og at dette, saman med sosialisering og haldningar, påverkar vala dei tek når det gjeld språk.

Studien viser altså fleire språkval som studentar frå Sogn og Fjordane som bur i ein bokmålsdominert storby tar, og grunnar for desse språkvala. Studien kan forhåpentlegvis bidra til å auke den allmenne kunnskapen om korleis det er å vere språkbrukar frå eit nynorsk kjerneområde i eit bokmålsdominert område, eller generelt i eit bokmålsdominert land. Innsikta ein her får, om alle språkvala ein står ovanfor kvar dag, og korleis og kvifor nynorskbrukarar tar desse vala, kan kanskje vere ein augneopnar for personar som språkleg sett høyrer til majoriteten, og som kanskje tar språket sitt for gitt. I tillegg kan den vere med å gjere nynorskbrukarar meir medvitne som språkbrukarar, spesielt dei som merkar at nynorsken er vanskeleg å halde på.

# Abstract

This master's thesis aims to investigate the language choices made by students from Sogn and Fjordane when they move to a big city where Bokmål is the dominant language. Additionally, the study looks at the reasons behind these language choices. The study is based on six interviews, two conducted in Oslo, two in Trondheim, and two in Bergen. The study finds that five out of six students report to be Nynorsk users, while one student had switched from Nynorsk to Bokmål during high school. This indicates that while switching from Nynorsk to Bokmål is common, there are still some who stick to Nynorsk. On the other hand, it cannot be generalized that more people use Nynorsk, as this study only consist of six participants.

The study also looks at other general language choices and reasons behind them, such as language switching and language shift. The study found that language choices reported by the students mainly involve switching from Nynorsk to Bokmål and switching between Nynorsk, Bokmål, dialect, and English. The study further shows that the reasons behind these language choices can be diverse, but they can mainly be categorized under exposure, adaption, and linguistic identity. These, together with socialization and attitudes, influence the language choices that the individuals take.

Therefore, the study reveals several language choices that students from Sogn og Fjordane, who live in a city with a large majority of Bokmål users, make, and their reasons for doing so. This study can provide an increase in common knowledge on what it is like to be a language user from a Nynorsk core area in an area with a large majority of Bokmål users, or generally in a country with majority of Bokmål users. The insight gained from understanding the language choices one faces every day, as well as how and why Nynorsk users make these choices, can perhaps be an eye-opener for individuals who linguistically belong to the majority of Bokmål, and who may take their language for granted. Additionally, it can contribute to making Nynorsk users more aware as language users, especially those who may notice that Nynorsk is slowly disappearing.

# Føreord

Etter sju år som student ved Høgskulen på Vestlandet kan eg endeleg snart gå ut i ein kvardag som lærar. Med ei lita endring i studieretning frå radiografi til grunnskulelærarstudent kan eg no vise til eit synleg resultat av ei ferdig utdanning med ei masteroppgåve i norsk. Eg kan ikkje seie at åra som student ikkje har vore slitsame, men dei har også gitt meg mykje både av kunnskap, erfaringar og gode vener. Det femte året på grunnskulelærer-utdanninga har vore innhaldsrikt. Samtidig som eg har skrive master valte eg å flytte frå Bergen og heim til gamle trakter, der eg har balansert ei lita undervisningsstilling med masterskriving. Det er både vemodig og spennande å no skulle gå i frå å vere student til å bli fulltids yrkesutøvar, og det er mange eg vil takke for å ha gjort masterskrivinga overkommeleg.

Dei første eg vil takke er informantane som kunne stille til intervju, utan dykk hadde det ikkje blitt noko prosjekt. Tusen takk for at de stilte opp og var opne for å gje informasjon til dette prosjektet. Eg må også takke rettleiarane mine Jorunn Simonsen Thingnes og Samuele Mascetti, som har halde meg roleg og gitt meg god rettleiing og støtte. Takk for at de har vore så tilgjengelege som de har vore. Utan så raske tilbakemeldingar hadde nok skrivinga gått ein del treigare og motivasjonen ein del ned. Takk for at dette ikkje har vore tilfelle.

Engasjementet og kompetansen dykkar er inspirerande og har gitt meg stor motivasjon til å gjennomføre akkurat dette prosjektet. Det har også fått meg til å ville fortsette å stå på for nynorsken.

I tillegg vil eg takke kollegaer, sambuar, familie og vener. Takk for støtta og motivasjonen de har gitt meg undervegs i skrivinga. Eg har kunne delt både frustrasjon og glede over oppgåva med dykk, og de har ikkje nølt med å hjelpe meg. Eg vil særleg takke mamma for all hjelp eg har fått gjennom studiet og i denne masteroppgåva. Du er den beste støttespelaren og læraren nokon kunne fått. Til slutt vil eg også takke mykje av «Sogn og Fjordane» for å tvihalde på nynorsken, trass i det bokmålsdominerte samfunnet vi har i dag, og andre som også jobbar for at nynorsk skal vere eit levande og tilgjengeleg språk. Tusen takk!

Gjelsvik, april 2023

Andrea Flatjord Gjelsvik

# Innholdsliste

Samandrag .....	2
Abstract .....	3
Føreord .....	4
Liste over figurar og tabellar .....	7
1 Innleiing .....	1
1.1 Bakgrunn for val av tema .....	1
1.2 Sogn og Fjordane .....	2
1.3 Problemstilling .....	3
1.4 Eigen ståstad .....	3
1.5 Struktur på oppgåva .....	5
2 Tidlegare forskning .....	6
2.1 Grepstad - Språkfakta 2015 .....	6
2.2 Proba samfunnsanalyse - undersøking av nynorsk som hovudmål .....	7
2.3 Lunde – Lokal majoritet, nasjonal minoritet .....	8
2.4 Idsøe - Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? - Ei undersøking av språskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsona og eit språkdelt område i Hordaland .....	8
2.5 Wold – Kvifor ikkje nynorsk? .....	9
2.6 Ekeland - Hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL .....	10
2.7 Eiksund - Språkpraksisar i randsona .....	10

2.8	Helset og Brunstad - Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventningar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet. ....	11
2.9	Gregoriusdotter Rotevatn - Språk i spagaten: Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar .....	11
3	Teori.....	13
3.1	Språkskifte og språkveksling .....	13
3.1.1	Samfunnsmessige grunnar for språkskifte .....	15
3.1.2	Kodeveksling og språkveksling .....	17
3.2	Språk og identitet.....	18
3.2.1	Den språklege tilpassingsteorien og sosialnettverksteori.....	19
3.2.2	Ein nynorsk identitet?.....	22
3.3	Språkhaldning .....	24
4	Metode .....	26
4.1	Kvalitativ metode – semistrukturert intervju.....	26
4.2	Utval og rekruttering av deltakarar.....	28
4.3	Transkripsjon og analyse .....	30
4.3.1	Transkripsjon.....	30
4.3.2	Analyse.....	31
4.4	Kritiske metoderefleksjonar .....	33
4.5	Reliabilitet og validitet .....	34
4.6	Forskingsetiske vurderingar .....	37

5	Presentasjon av funn og drøfting .....	39
5.1	Språkval studentane tek .....	39
5.1.1	Språkskifte.....	39
5.1.2	Språkveksling .....	41
5.2	Grunnar for språkvala.....	44
5.2.1	Eksponeering.....	44
5.2.2	Tilpassing .....	49
5.2.3	Språkleg identitet.....	54
6	Avslutning .....	61
6.1	Forslag til vidare forskning.....	63
	Kjeldeliste.....	65
	Vedlegg .....	71
	Vedlegg 1: NSD-godkjenning.....	71
	Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema intervju.....	73
	Vedlegg 3: Intervjuguide .....	76

## Liste over figurar og tabellar

Figur 1 - Modell av språkskifteprosessen etter Haugen 1953.....	14
Tabell 1 - Transkripsjonsnøkkel.....	31

# 1 Innleiing

## 1.1 Bakgrunn for val av tema

Noreg er eit fleirspråkleg samfunn og har sidan jamstillingsvedtaket i Stortinget i 1885 hatt to skriftspråk som er likeverdige (Språkrådet, 2021, s. 10). I 2022 kom det ei ny språklov som skal styrkje og verne om dei norske språka. I denne lova står det mellom anna at ein skal fremje likestilling mellom nynorsk og bokmål og at offentlege organ skal ta ansvar for å bruke, utvikle og styrkje begge skriftspråka, men særleg omhandlar ansvaret å fremje nynorsk som det minst brukte norske skriftspråket (Språklova, 2022, § 1).

I samfunnet i dag ser ein at nynorsk står svakt i popkulturen, teknologien og økonomien, medan det står sterkt innan litteratur, humanistiske fag, primærnæringane, offentleg forvaltning og skulen (Vikør, 2012). Nynorsk har generelt ein veikare posisjon i samfunnet og det er derfor vanskelegare å vere nynorskbrukar enn bokmålsbrukar. Mange har derfor bytt skriftspråk frå nynorsk til bokmål i løpet av skulegangen sin (Språkrådet, 2021, s. 10). Ifølgje tal i frå Utdanningsdirektoratet i 2021 var det 11,8 % nynorskelevar i Noreg mot 88,2 % bokmålslevar (Michaelsen, 2021). I tillegg kan ein sjå at elevar frå nynorske kjerneområde driv med språkveksling mellom nynorsk, bokmål og dialektskriving (Helset og Brunstad, 2020, s. 114), og at nynorskbrukarar ofte skriv på dialekt på sosiale medium (Rotevatn, 2014, s. 98).

Grepstad (2015, s. 236) skriv at den konstante språkstabiliteten i Sogn og Fjordane viste seg å bli slått sprekkar i då dei unge vaksne drog til academia. Når ein skal studere er det mange som vel å flytte til dei store byane, og ofte har ein ikkje eit val. Det er trass alt der det er flest studietilbod. Nynorskbrukarar som då skal studere vil derfor få ei større bokmåls eksponering enn kva dei hadde tidlegare på grunn av statusen til bokmål og den store eksponeringa av bokmål. Kva gjer det med språkvala dei tar? Vel dei å byte skriftspråk? Held dei på nynorsken? Eller språkvekslar ein? Sogn og Fjordane er den einaste regionen i landet der nynorsk er eit majoritetsspråk (Grønli, 2014), og ifølgje statistisk sentralbyrå (Foss, 2022) viser tal frå 2019 at heile 98 prosent av elevane der hadde nynorsk som hovudmål. Det er ingen tvil om at nynorsken står sterkt der, men står det like sterkt hos dei når dei ikkje er i området lenger?

Ut i frå tidlegare forskning er skriftspråkbyte i grunnskulen og vidaregåande blitt gjort ein god



del forskning på (jf. Idsøe 2016, Staalesen, 2014, Grepstad, 2015). Samtidig ser ein at språkval hos elevar også er gjort noko forskning på (jf. Eiksund, 2020, Helset og Brunstad, 2020, Rotevatn, 2014, Wold, 2020). Det er derimot gjort lite forskning på skriftspråkbyte og språkval blant studentar, med unntak av studien til Ekeland (2022), og ifølgje Michaelsen (2021) er det etter som ein blir eldre fleire vel å gå over til bokmål. På bakgrunn av dette kan det vere svært interessant å sjå vidare på språkval og språkskifte blant studentar. Eg gjekk ut med ei opa tilnærming til tema, men empirien gjorde til at oppgåva handlar meir om språkval enn språkskifte. Språkskifte vil derimot bli nemnt i oppgåva mi då dette står i samanheng med, og er, eit aktivt språkval.

## **1.2 Sogn og Fjordane**

Sogn og Fjordane fylke blei oppretta som Nordre Bergenhus amt i 1763 og fekk namnet sitt i 1919 (Askheim & Thorsnæs, 2021). Dei blei derimot slått saman med Hordaland i 2020 og blei ein del av Vestland fylke. Sogn og Fjordane hadde i 2019 109 774 innbyggjarar og var då landet sin nest minste fylkeskommune og landet sitt minste urbaniserte fylke (Askheim & Thorsnæs, 2021). Området bestod og består av i dag tre delar; Nordfjord, Sunnfjord og Sogn. Fleire kommunar manglar tettstadar og dei to største tettstadane, Førde og Florø, er samla i same del, nemleg Sunnfjord. Det er primærnæringa som jordbruk, skogbruk og fiske og fangst som er den største sysselsettinga i det gamle fylket (Askheim & Thorsnæs, 2021). Når det gjeld høgare utdanning er det ein teknisk fagskule og ein høgskule med to avdelingar (Høgskulen på Vestlandet). Den tekniske fagskulen held til i Førde, medan avdelingane til høgskulen held til i Førde og Sogndal. Det er derimot ikkje alle studieretningar på desse avdelingane og det er ingen universitet i området.

Som eg har nemnt fleire gonger, står nynorsken sterkt i Sogn og Fjordane. Grepstad (2012, s. 4) skriv at Sogn og Fjordane er det nynorske grunnfjellet og har vore det i nesten hundre år, trass i at dette ikkje var det største nynorskfylket rekna i tal brukarar. I 2012 utgjorde Sogn og Fjordane berre 2 % av alle nordmenn, men språkleg og kulturelt var område mykje viktigare enn dette talet skulle tilseie (Grepstad, 2012, s. 6). Det gamle fylket har derimot på same måte som fleire stadar i resten av landet også vore prega språkleg av industrireisninga på 1900-talet. Tilflyttarar og andre faktorar gjorde at bokmål blei teke i bruk fleire stadar i det gamle fylket, spesielt på industristadane som Høyanger og Årdal. Nynorsken stod likevel så sterkt og etter

kvart blei den berre sterkare og sterkare også på desse stadane. Ifølgje Grunnskolens Informasjonssystem (GSI) er det i dag fire elevar i Høyanger som har bokmål som hovudmål og ein elev i Årdal (Utdanningsdirektoratet, 2023).

Fleire av skuleforskarane er også forundra over Sogn og Fjordane (Jelstad & Vedvik, 2015). År etter år har nemleg elevar frå vesle Sogn og Fjordane vore på Norges-toppen på nasjonale prøver (Jelstad & Vedvik, 2015). Ut av 30 av dei beste skulekommunane låg 14 av dei i Sogn og Fjordane (Jelstad & Vedvik, 2015). Forskarar har stilt spørsmål om dei gode resultatane er på grunn av nynorsken eller ein særeigen Sogn og Fjordane kultur? Dei ser mellom anna at nynorskkommunar presterer betre enn bokmålskommunar og at bygging av tillit mellom samfunnsaktørar i utdanningssystemet ser ut til å gi resultat (Jelstad & Vedvik, 2015). I tillegg har dei stilt spørsmål om det er på grunn av gode lærarar, haldningar til foreldra eller om jentene frå Sogn og Fjordane er noko for seg sjølve? Fleire vil nemleg bli lærarar i Sogn og Fjordane, foreldra er meir støttande der, og jentene i Sogn og Fjordane har høgare meistringsforventningar enn jentene i andre område (Jelstad & Vedvik, 2015).

### **1.3 Problemstilling**

I denne studien skal eg gjennom seks intervju finne ut kva språkval studentar frå Sogn og Fjordane som studerer i ein storby tek. I tillegg skal eg finne ut kvifor dei tar desse språkvala og kva faktorar som kan verke inn på vala.

På bakgrunn av val av tema og avgrensingar har eg utarbeidd følgjande problemstilling:

*Kva språkval tek studentar frå Sogn og Fjordane som har flytta for å studere i ein storby der bokmål er det dominerande skriftspråket, og kva er grunnane for desse språkvala?*

### **1.4 Eigen ståstad**

På bakgrunn av Dei nasjonale forskningsetiske komiteane (NESH, 2021) sine retningslinjer om *openheit om finansiering, roller og interesser* vel eg å fortelje om min eigen ståstad i høve til prosjektet for å sikre forskinga si truverdigheit og legitimitet. Eg er i frå Sogn og Fjordane og har alltid skrive nynorsk, men eg har aldri tenkt noko særleg over skriftspråket eller andre

generelle språkval eg har tatt før eg flytta til Bergen og begynte på høgskulen der. Plutselig var svært mykje av førelesingar og oppgåver på enten bokmål eller engelsk, og eg følte at å skrive nynorsk kunne bli problematisk. I gruppearbeid var det til dømes enklare å berre skrive bokmål enn å ta “kampen” om at ein skulle skrive nynorsk. Etter kvart skulle ein kanskje tru at dette førte til at eg begynte å skrive meir bokmål, men det førte til det motsette. Eg blei i staden mykje meir bevisst og bastant på å skrive nynorsk i alle situasjonar. Det gjekk opp for meg at nynorsk var ein stor del av meg som person, fordi det sa noko om kvar eg var i frå og kven eg var. Det var ein del av identiteten min. Eg gjekk derfor frå å ikkje tenkje over språkvala mine til å vere svært bevisst på dei. Eg blei stolt av å vere nynorskbrukar og begynte å interessere meg meir for det nynorske skriftspråket. Eg skreiv til dømes oppgåver der nynorsk var tema og meldte meg inn i Norsk Målungdom, som er ein landsdekkjande ungdomsorganisasjon som jobbar for at alle skal ha høve og rett til å skrive nynorsk (Norsk målungdom, u.å.). Eg hadde også opplevd at fleire av mine vener frå Sogn og Fjordane kjente på det same som meg. Nokre blei meir bevisste på å halde på nynorsken når dei flytta til eit bokmåldominert område av dei same grunnane som eg, medan for andre forsvann nynorsken sakte, men sikkert.

Gjennom studietida mi og tida mi i Bergen har eg lært mykje om språk. Spesielt med to språkfag (norsk og engelsk) som hovudfag. Ein stor del av norskfaget er å hjelpe elevane til å bli trygge og medvitne språkbrukarar i eit inkluderande fellesskap der fleirspråklegheit blir sett på som ein ressurs (Kunnskapsdepartementet, 2019). Interesse mi har derimot sikta seg svært inn på nynorsk både av personlege og andre grunnar. Ideen til oppgåva mi blei til etter eg hadde skrive ei oppgåva om korleis undervise i nynorsk som sidemål. Den gjorde at eg fekk lyst å sjå meir på tema, men denne gongen gå i ei retning som såg meir på dei som hadde nynorsk som hovudmål. Kva er då betre enn å kunne sjå på sitt eige heimområde som tilfeldigvis er den einaste regionen i landet der nynorsk er dominerande majoritetsspråk, og der 98% av elevane har nynorsk som hovudmål (jf. Grønli, 2014 og Foss, 2022). Som tidlegare nemnt har eg av eigen erfaring sett at det kan vere problematisk å skrive nynorsk som student når du får lite eksponering for det og det ikkje lenger er ein like stor del av kvardagen som det var når ein budde i Sogn og Fjordane. Dette fekk meg til å tenkje på om andre studentar var i same situasjon som meg. Er det andre frå Sogn og Fjordane som studerer i bokmålsdominerte byar som fortset å halde på nynorsken, har nokre valt å gå vekk i frå den og kvifor/kvifor ikkje har dei valt å gjere det, eller er det nokre som vekslar mellom begge skriftspråka? Dette er spørsmål eg håpar å få svar på i denne studien.

## 1.5 Struktur på oppgåva

I denne oppgåva finn du seks kapittel. Kapittel ein, som du har lese ferdig no, omhandlar bakgrunn for val av tema, fakta om Sogn og Fjordane, problemstillinga til studien og eigen ståstad. I kapittel to vil du lese om tidlegare forskning som er relevant for oppgåva mi. Der vil du finne både bøker, artiklar, rapportar og ulike undersøkingar som seier noko om tema. Vidare i kapittel tre vil du finne presentasjon av relevant teori som ligg til grunn for oppgåva. Der kan du lese teori om mellom anna språkskifte og språkveksling, språk og identitet, og språkhaldningar. Kapittel fire er metodekapittelet i oppgåva. Der vil eg presentere metoden eg har nytta til forskinga, og grunngje og drøfte vala som er tatt. I tillegg vil eg grunngje utval og rekruttering av deltakarar, og eg vil drøfte reliabilitet og validitet i oppgåva. Til slutt i metodekapittelet vil eg presentere kritiske metoderefleksjonar og forskningsetiske vurderingar. I kapittel fem vil du finne presentasjon av funn og drøfting. Denne delen er delt inn i to delar: språkvala til studentane og grunnane for desse språkvala. Her vil funn frå intervjuet kome fram og bli drøfta i lys av tidlegare forskning og relevant teori. Det siste kapittelet, kapittel seks, er avslutninga. Her vil det kome ein konklusjon for oppgåva og ein presentasjon av forslag til vidare forskning kring tema.

## 2 Tidlegare forskning

I dette kapitlet vil eg presentere tidlegare forskning som er relevant for oppgåva mi. Det finst fleire granskingar som er relevante for denne studien, og det er særleg mange masteroppgåver om haldningar til nynorsk, språkskifte, språkveksling osv. Eg har valt å presentere eit utval av desse i dette kapitlet for å vise tendensar i forskinga og funna.

### 2.1 Grepstad - Språkfakta 2015

Som eg skriv i innleiinga mi er det gjort ein del forskning på skriftspråk tidlegare, men det er ikkje gjort noko særleg forskning på skriftspråk hos studentar. I 2015 gav Ottar Grepstad ut boka *Språkfakta 2015 – ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar*. I boka finn ein eit kapittel som heiter *Høgare utdanning og forskning* som omhandlar statistikk frå ulike undersøkingar om bruk av nynorsk på ulike høgskular og universitet i Noreg. Her skriv han mellom anna at gjennom utdanningsløpet blir nesten alle bokmålsbrukarar verande bokmålsbrukarar, medan mange nynorskbrukarar går over til bokmål (Grepstad, 2015, s. 230). Det dukka derimot opp tre slåande trekk når Grepstad sorterte dataa sine etter fylke, og eitt av dei gjaldt Sogn og Fjordane. Det han såg var at den konstante språkstabilitet i Sogn og Fjordane slo sprekkar når dei unge vaksne drog til academia. 68 % av studentane frå dette fylket hadde vore nynorskbrukarar frå grunnskulen, men 19 % hadde skifta til bokmål etter at dei hadde byrja å studere (Grepstad, 2015, s. 236).

I boka til Grepstad (2015) gjer han greie for mykje statistikkar. Han skriv at tabellar syner aldri årsaker, men at minst tre tendensar kan lesast ut i frå materialet hans, jamfør dei tre slåande trekka han såg etter å ha sortert dataa etter fylke (Grepstad, 2015, s. 220). Nokre andre tendensar han såg ut i frå materialet sitt var for det første at urbanisering og sentralisering inneber fleire bokmålsbrukarar. For det andre førte urbanisering og sentralisering til språkskifte, fordi elevar som var usikre språkleg blei påverka av fleirtalet. Til slutt såg han at nynorskbrukar gjerne blei verande nynorskbrukarar om dei blei buande i eit miljø der nynorsk pregar kvardagen og er eit respektert fleirtalsspråk (Grepstad, 2015, s. 220).

## 2.2 Proba samfunnsanalyse - undersøking av nynorsk som hovudmål

Proba er eit selskap, etablert i 2009, som leverer samfunnsvitskaplege analyser (Proba, u.å.). I 2014 gjennomførte dei mellom anna ei undersøking av nynorsk som hovudmål, på oppdrag frå Utdanningsdirektoratet. Undersøkinga blei gjennomført ved tre skular, i fylke som blir rekna som randsone for nynorsk. Dei kartla følgjande spørsmål i undersøkinga: «Hvilken rolle spille ulike aktører for valg av målform og hva er årsaker til at elevene bytter hovedmål?» (Staalesen, 2014, s. 2) og «Hvordan dokumenterer og sikrer forskjellige lærerutdanningsinstitusjoner at studentene får kompetanse i både nynorsk og bokmål?» (Staalesen, 2014, s. 2).

Staalesen (2014) rapporterer om eit fråfall av tal nynorskelevar i løpet av grunnskulen og vidaregåande på grunn av mindre og mindre eksponering av nynorsk. Dei skriv at elevane som vel å byte til bokmål som hovudmål meiner det blir meir naturleg for dei å skrive bokmål fordi det er ein bokmåldominans i nær alle samfunnsarena (Staalesen, 2014, s. 47). Dette gjer at dialekta deira blir påverka, noko som vidare fører til at måten dei skriv på også blir påverka (Staalesen, 2014, s. 47). Elevane vel då bokmål ut i frå eit ynskje om at dei vil ha eit skriftspråk som er eit arbeidsverktøy som fungerer for dei i kvardagen (Staalesen, 2014, s. 47). Når det gjeld dei elevane som held på nynorsken, skriv Staalesen (2014, s. 47) at dei gjer det for å vise kvar dei er i frå og fordi nynorsken er ein del av dei. Dei opplever derimot også ein bokmåldominans som påverkar språket deira på ein måte som gjer at det kan bli utfordringar med å skrive godt nynorsk. Det kjem også fram at i skulane Staalesen undersøker er det lite nynorsk, og det er heller ikkje nokon av dei som har tatt spesielle grep for å styrke nynorsken ved skulen.

Når det gjeld lærarutdanninga ser Staalesen (2014, s. 7) at hovudintrykket der er at det er stor variasjon mellom institusjonane, men at ordninga for nynorsk er minimalistiske. På grunn av manglande tiltak og ein mangel på oppfylling av lovkrav på lærarutdanningane vel fleire av studentane som opphavleg har nynorsk å nytte bokmål i studietida si.

Staalesen (2014) nemner Sogn og Fjordane nokre gonger i rapporten sin. Det første ho skriv er at det berre er i Sogn og Fjordane og Møre og Romsdal elevar med nynorsk er i fleirtal, høvesvis 97 % og 52 % (Staalesen, 2014, s. 24). I tillegg er Sogn og Fjordane det einaste fylket der fleirtalet av kommunane har vedtak om nynorsk. Ifølgje Staalesen (2014, s. 26) har dei heller ikkje ein nemneverdig reduksjon i tal nynorskelevar i grunnskulen eller

vidaregåande. Bakgrunnen for dette påstår ho er at talet på nynorskbrukarar i det område er så høgt (Staalesen, 2014, s. 27).

### **2.3 Lunde – Lokal majoritet, nasjonal minoritet**

Lunde skreiv ein artikkel som omhandla språskiftarar, både dei som bytte til nynorsk og dei som bytte til bokmål, i robuste nynorskkommunar. Studien er basert på ungdomskuleelevar i Volda, Sogndal og på Stord. Ho kjem fram til at bakgrunnen for å skifte til nynorsk ofte handlar om samfunnsfaktorar eller nærmiljøfaktorar, medan bakgrunnen for å skifte til bokmål ofte handlar om individuelle faktorar (Lunde, 2020, s. 139). Ho ser også at i desse områda skiftar fleirtalet til nynorsk, noko som er uvanleg. Det som kjem fram hos dei som skiftar til bokmål er at språkpolitikken påverka dei. Fleira av elevane som bytte til bokmål meinte at dei måtte bytte på grunn av tvang frå skulen (Lunde, 2020, s. 139). I tillegg nemner dei at dei skifta fordi det var enklare å skrive på bokmål, og skifta deira betyr meir enn det gjer for dei som skifta til nynorsk.

Hos dei som skifta til nynorsk kjem det fram at skifte «berre skjer». Sidan nynorsk også er majoritetsspråket i området gjer det elevane meir interesserte i sin kulturelle og offentlege forankring i nærmiljøet (Lunde, 2020, s. 140). Til slutt nemner Lunde (2020, s. 140) at ho ser eit tredje resultat ut i frå undersøkinga si og det er, som mange andre liknande språkstudiar også ser, at minoritetsstatusen nynorsk har nasjonalt er med på å påverke nynorskbrukarane sine haldningar og tru på nynorsken. Ho skriv nemleg at dei som er nynorskbrukarar i hennar studie ikkje ser verdien i å nytte nynorsk og er truande til å bytte til bokmål seinare (Lunde, 2020, s. 140).

### **2.4 Idsøe - Er nynorsk vanskeleg, eller er det berre ein vane? - Ei undersøking av språskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randsone og eit språkdelt område i Hordaland**

Thea Idsøe skreiv i 2016 ei masteroppgåve om språkbyte og nynorskbrukarar i eit kjerneområde, ei randsone, og eit språkdelt område i Hordaland. Ho valte å sjå på tre vidaregåande skular i dåverande Hordaland fylke. Formålet med oppgåva var å kartleggje språskiftesituasjonen frå nynorsk til bokmål og karakterisere dei som held på nynorsk og dei

som byter til bokmål. Det ho ser i studien sin er mellom anna at språkleg stabilitet er eit stikkord for språksikring (Idsøe, 2016, s. 125). Dette vil seie at eksponeringa for nynorsk har ein påverknad. Ho ser at nynorskbrukarar tilpassar seg etter tekstnorma, altså etter til dømes sjanger eller mottakar, og er derfor mindre trufaste til skriftspråket sitt, medan språkskiftarane som har bytt frå nynorsk til bokmål er meir trufaste og komfortable med valet sitt (Idsøe, 2016, s. 125). Ho ser også at dei som har valt å halde på nynorsk har gjort det på bakgrunn av at det er ein vane, medan dei som har skifta har gjort det fordi dei synast bokmål er enklare (Idsøe, 2016, s. 125).

Avslutningsvis skriv ho at i det kjerneområde til nynorsken ho såg på, var det lite språkskiftarar, fordi nynorsk var eit majoritetsspråk der og elevane såg på nynorsk som ein vane (Idsøe, 2016, s. 126). I det språkdelte område var det også vaneargumentet som såg ut til å vere bakgrunnen for å halde på nynorsk (Idsøe, 2016, s. 126). Medan i randsona var det tilflyttarar frå Bergen og meistringsargumentet som hadde ført til at bokmål tok over (Idsøe, 2016, s. 126). Alt i alt viser oppgåva til Idsøe det anna tidlegare forskning viser, at nynorsk er ein vanesak og eksponering av skriftspråk har mykje å seie.

## **2.5 Wold – Kvifor ikkje nynorsk?**

I 2020 skreiv Wold (2020) ein artikkel som byggjer på masteroppgåva hennar frå 2018 (Wold, 2018). Artikkelen byggjer på data frå sju enkeltstudiar om språkval i randsona (Garthus, 2009; Idsøe, 2016; Kleggetveit, 2013; Krogsæter, 2017; Stemshaug, 2015; Proba samfunnsanalyse, 2014; Øvrelid, 2014). I artikkelen til Wold ser ho på kva grunnane er til at så mange byter skriftspråk til bokmål og ei forklaring på dette språkbortvalet. Føremålet er å finne ut av dette gjennom å sjå systematisk på eit samla datagrunnlag (Wold, 2020, s. 77). På bakgrunn av at artikkelen er bygd opp av fleire studier gjort om hovudmålsbyte kan ein få ei god oversikt og sjå kva mønster som går igjen hos mange av elevane.

Wold (2020) ser at svært mange elevar byter til bokmål og at argumentet som går igjen er at det er på grunn av mangel på kompetanse. I tillegg ser ho at det er stigmatiserande haldningar til nynorsk, og at det blir sett på som mindre viktig både hos dei som skriv nynorsk sjølv, om andre som skriv nynorsk og til det dei ligg i omgrepet nynorsk. Det blir sett på som mindre verdt, “flaut” eller “gamaldags”, og det blir nedprioritert (Wold, 2020, s. 59). Nokre elevar har mellom anna svart “nynorsk er for bønder og høyrer heime i rurale strøk” og “nynorsk er



belastande for samfunnet” (Wold, 2020, s. 84). Mange uttrykker også at dei ikkje vil at nynorsken skal forsvinne, men dei kvir seg på å bruke det.

Avslutningsvis skriv Wold (2020) at nynorsk som hovudmål går i mot straumen, både på grunn av strukturar, haldningar, og tankesett som legg til rette for at ein ikkje skal skrive nynorsk. Sjølv om språkbrukarane er fleksible, og mange tilpassar seg etter kva situasjon dei er i blir likevel bokmål eller dialekt valt før nynorsk.

## **2.6 Ekeland - Hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL**

I 2022 skreiv Ekeland ei masteroppgåve ved høgskulen på Vestlandet. I denne studien ville ho prøve å få tak i årsakene til at lærarstudentar bytte skriftspråk frå nynorsk til bokmål. Det ho fann ut var at språkstatusen og maktforholda skriftspråka har ser ut til å vere den overordna årsaka. Ho viser mellom anna til kompetanseforskjell og maktforhold i høve til det. Det kjem fram at i gruppeoppgåver eller arbeidskrav der dei arbeider saman med andre er det “Ikkje noko alternativt å skrive på nynorsk” på bakgrunn av at bokmålsbrukarar ikkje klarar å skrive nynorsk (Ekeland, 2022, s. 53). Av denne grunn har studentane veksle så mykje mellom nynorsk og bokmål at det har ført til ei språkskifte. Ho nemner også det bokmålsdominerte samfunnet som er i dag. Det at ein blir så mykje eksponert for bokmål gjer at det blir enklare å nytte og byte til bokmål. “Det er lettare for oss å skrive på bokmål fordi me les jo bokmål heile tida” (Ekeland, 2022, s. 51). Avslutningsvis skriv Ekeland at det kan sjå ut til at studentane som byter hovudmål til bokmål ikkje gjer det permanent, og at dei seinare vel å gå tilbake til nynorsk. Utgangspunktet for at dei bytte var at dei skreiv oppgåver saman med bokmålsbrukarar, og når dei ikkje gjer det lenger vil det vere naturleg for dei å gå tilbake til nynorsk (Ekeland, 2022, s. 59).

## **2.7 Eiksund - Språkpraksisar i randsona**

I tidsskriftet Målbryting skreiv Eiksund i 2019 ein artikkel om språkpraksisar i randsona. Han ser spesifikt på språkvala til ein femtenåring i lys av teoriar om språkleg identitet, kodeveksling, språkskifte, og transspråking. Det skal seiast at personen han ser på manøvrerer i eit språklandskap med mange randsoner. Det han finn ut er at personen har munnleg gått gjennom eit språkskifte, medan skriftleg er ho ein kodevekslar (Eiksund, 2019, s. 49). Ho

bytte frå nynorsk til bokmål tidleg i skulegangen sin, og bakgrunnen for val av hovudmål ser ut til å vere av praktiske grunnar. Ho varierer derimot skrivninga mellom bokmål, nynorsk og dialekt nær alt etter kva situasjon ho er i, men mangel på nynorskeksponering i kvardagen ser ikkje ut til å ha påverka valet hennar (Eiksund, 2019, s. 71). Artikkelen til Eiksund gir ei god innsikt i språkval og kjem med gode punkt som kodeveksling og domenetap som er svært relevant for denne studien.

## **2.8 Helset og Brunstad - Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventningar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet.**

Stig J. Helset og Endre Brunstad har skrivt ein artikkel der dei synleggjer og analyserer kvifor ungdom i alderen 13-16 vekslar mellom nynorsk, bokmål og dialekt nær skrivning i nynorske kjerneområde. Dei får mellom anna fram at språkvekslinga er kontekstualisert, som vil seie at ungdommane skriv ulikt ut i frå kva konteksten er. Skriv dei til besteforeldre skriv dei gjerne nynorsk, skriv dei til vener skriv dei dialekt nær, men skriv dei ein søknad om sommarjobb i Oslo skriv dei bokmål (Helset & Brunstad, 2020, s. 107 & 110). Ungdomen har altså tydelege normforventningar om kva språklege uttrykksformer dei vil nytte seg av i ulike kontekstar, og språkvekslinga blir påverka av faktorar som ulike sjangrar og mottakarar (Helset & Brunstad, 2020, s. 93). Noko anna interessant dei såg på i artikkelen var også spørsmålet om å ha kjent seg “stolt” over nynorsken og påstanden *det er sjølv sagt for meg å bruke nynorsk*. I spørsmålet om å vere stolt svarte 28 %, som var den største prosentdel, *aldri*, 25% *av og til*, og 13 % ganske ofte og svært ofte (Helset & Brunstad, 2020, s. 112). Medan i påstanden om at det er sjølv sagt å skrive nynorsk svarte 46 % *heilt einig*, 33 % *delvis einig*, og berre 2 % svarte *heilt ueinig*. Det dei til slutt konkluderte med i artikkelen var at nynorsk stod generelt sterkt hos ungdom i nynorske kjerneområde (Helset & Brunstad, 2020, s. 114).

## **2.9 Gregoriusdotter Rotevatn - Språk i spagaten: Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar**

Denne masteroppgåva er skrivt av Audhild Gregoriusdotter Rotevatn i 2014. I denne studien ville ho finne ut korleis ungdom skriv på facebook og korleis dei grunn gav vala sine. Ho ville sjå spesifikt på om dei skriv dialekt fordi nynorsk er vanskeleg og/eller om dei var dårlege i norsk. Det ho kom fram til var at tre av fire nytta dialekt på sosiale medium, spesielt gjaldt

dette Facebook, Snapchat, Instagram og sms, men skrivepraksisen deira på andre internettkanalar var annleis. Deltakarane i studien grunngav dialektbruken med “Det er slik eg snakkar”. Dette viste at elevane valte å nytte dialekt ikkje fordi dei var dårlege i norsk, men fordi det er sånn dei pratar. Rotevatn kjem også inn på at elevane kodevekslar og at språkvala deira er avhengig av mottakar og kanalen i seg sjølv. Denne studien kan vere god å nytte då ein kjem inn på språkval som er tatt i ulike samanhengar og medium, og i høve til dialekt.

## 3 Teori

I dette kapitlet vil eg leggje fram relevant teori som eg vil nytte når eg seinare i studien skal drøfte resultatane frå intervjuane mine. På bakgrunn av problemstillinga mi, som ser på språkval til studentar frå Sogn og Fjordane, vil eg basere det teoretiske grunnlaget mitt på språkskifte og språkveksling, språk og identitet, og språkhaldningar. Eg har delt dette kapitlet inn i tre delar ut frå dette. Eg vil først starte med å presentere språkskifte og språkveksling. Nokre språkval kan nemleg vere ein del av private språklege praksisar som kan resultere i eit språkskifte. Språkveksling kan vere eit slikt språkval og eg har derfor valt å ta det med i same kapittel. Eg vil forklare meir korleis dette heng saman under den delen av oppgåva. Etter eg har skrive om språkskifte og språkveksling vil eg gå vidare inn på språk og identitet. Der vil eg sjå på kva samanheng dei to omgrepa har til kvarandre og kva samanheng dei har til studien min. Til slutt vil eg kort gå inn på språkhaldningar der eg vil gjere greie for kva det er, og vise til kva det har med studien min å gjere.

### 3.1 Språkskifte og språkveksling

Som nemnt tidlegare i oppgåva er språkval gjort lite forskning på, og derfor er det uråd å finne ein eintydig definisjon på kva omgrepet inneber. Slik eg tolkar det så kan språkval handle om korleis ein vel å uttrykke seg gjennom språket, både skriftleg og munnleg. Eg vil halde meg til ordet «val» uavhengig om det er umedvitne eller medvitne val. I denne studien vil eg avgrense omgrepet til å handle om *korleis ein vel å uttrykke seg skriftleg*, altså den språklege praksisen til deltakarane. Det kan vere at ein vel å nytte normert skriftspråk, skrive dialektnært eller blande mellom ulike språk. Mykje vil vere knytt opp til skriftspråka nynorsk og bokmål, og på grunn av det vil eg ha med språkskifte som ein del av oppgåva, då ein veit at mange skiftar frå nynorsk til bokmål.

Mæhlum (2007, s. 127) definerer språkskifte slik:

Et skifte av språk har vi når et språklig praksisfellesskap ikke lenger opprettholder sitt eget gruppespesifikke språk, normalt et minoritetsspråk, men tar i bruk et numerisk og sosiokulturelt “sterkere” språk, et majoritetsspråk, som så suksessivt fortrenger bruken av det opprinnelige språket. (Mæhlum, 2007, s. 127)

Det skal nemnast at eg ikkje refererer til språkskifte hos ei gruppe i denne oppgåva, men språkskifte hos individuelle personar. Røyneland (2008, s. 65) skriv at eit språkskifte inneber ofte at minoritetsspråket blir meir og meir påverka av majoritetsspråket gjennom ein gradvis assimilasjon. Men kva er eit minoritetsspråk og kva er majoritetsspråk? Ifølgje Mæhlum (2007, s. 127) blir desse to omgrepa nytta i rein numerisk forstand, altså det som blir nytta av færrest er minoritetsspråk og det som blir nytta av flest er majoritetsspråk. Nynorsk vil altså vere eit majoritetsspråk i Sogn og Fjordane, fordi det er fleire der som nyttar nynorsk enn bokmål, men det vil vere eit minoritetsspråk i landet og i dei byane som deltakarane i studien min studerer i. Thingnes (2021, s. i) si avhandling viser mellom anna til nynorsk som ein del av ein minoritetsspråkdiskurs der språkval stadig må forklarast og forsvarast. Samtidig som majoritet- og minoritetsspråk blir skilte numerisk blir det også skilt gjennom makt, dominans, påverknad og prestisje. I denne oppgåva viser eg til nynorsk som eit majoritetsspråk i Sogn og Fjordane, men som eit minoritetsspråk i Noreg. Det er ikkje til å stikke under ein stol at nynorsk generelt sett står svakare i samfunnet enn det bokmål gjer, og at det er mindre nynorskbrukarar enn bokmålsbrukarar i Noreg. Trass i at skriftspråka skal vere jamstilte er det bokmål som blir mest brukt i popkulturen, teknologien og økonomien, og har mest makt i næringslivet, media og som bruksspråk. Skriftspråket har derfor også større makt enn nynorsk på den frie lingvistiske marknaden. Dette er ifølgje Haugen (1953, s. 370) heilt sentralt i språkskifteprosessen då den sosiale prestisjen eller statusen eit språk har vil vere med å påverke den.

Røyneland (2008, s. 65) beskriv at ein språkskifteprosess har ulike fasar den må gjennom før den er fullført og viser til Haugen (1953) sin modell av språkskifteprosessen. Den tar utgangspunkt i fem fasar som beskriv språkskifteprosessen:

<b>Fase I:</b>	A Einspråklegheit: berre kompetanse i minoritetsspråket
<b>Fase II:</b>	Ab Fullt herredøme over minoritetsspråket pluss ein viss kompetanse i majoritetsspråket
<b>Fase III:</b>	AB Fullt herredøme over begge språka
<b>Fase IV:</b>	aB Ein viss kompetanse i minoritetsspråket, men fullt herredøme over majoritetsspråket
<b>Fase V:</b>	B Einspråkleg kompetanse i majoritetsspråket

Figur 1. Modell av språkskifteprosessen etter Haugen 1953. Frå *Språk- og dialektkontakt i Språkmøte: innføring i sosiolingvistik* (s. 67), av Unn Røyneland, 2008, Cappelen Damm Akademisk.

Haugen (1973) sin modell er utvikla med bakgrunn i at majoritet- og minoritetsspråk, er ulike og lite eller ikkje gjensidig forståelege. Den er spesifikt basert på norsk og engelsk som minoritet- og majoritetsspråk. Når det gjeld nynorsk og bokmål er desse gjensidige forståelege, og ein har automatisk noko kompetanse i begge desse språka. Kompetanse vil derfor ikkje vere det beste målet for språkskifte i den norske samanhengen. Språklege val og språkleg praksis er viktigare. Eg vil likevel vise til desse stega i modellen i analysen min, fordi det kastar lys over materialet og derfor vil det kunne tilføre noko til analysen. Det vil derimot vere med atterhald om at modellen ikkje er direkte overførbar til den norske konteksten. Ekeland (2022) viser til dømes at kompetanseforskjellar har noko å seie for språkskifte. Dette kjem eg tilbake til i kapittel 5.2.

Røyneland (2008, s. 66) viser også til at språkskifteprosessen vil kunne gå føre seg på to ulike måtar og langs to aksar: tidsakse og domeneakse. Språkskifte er sjeldan ein rask prosess, den er heller gradvis og går ofte over tre generasjonar før den er fullført (Røyneland, 2008, s. 66). På bakgrunn av dette er det vanleg å sjå at det er dei yngre medlemmane i eit språksamfunn som fører an i språkskifteprosessen (Mæhlum, 2007, s. 25). Ein ser også at overgangen frå eit språk til eit anna ofte skjer gradvis, ved at fleire og fleire domene blir omfatta, og fleire og fleire folk vil skifte språk innafor desse domene (Røyneland, 2008, s. 66). I denne studien ser eg ikkje på fleire generasjonar, men domeneaksen vil vere relevant sidan språkbrukarar kan nytte ulike språk på ulike domene. Korleis ulike domene kan påverke språkbruken til folk kjem eg inn på no.

### *3.1.1 Samfunnsmessige grunnar for språkskifte*

Ifølgje Røyneland (2008, s. 65) kan årsakene til språkskifte vere mange og samanvovne. Som nemnet ovanfor viser Røyneland (2008) til fire spesifikke samfunnsorienterte faktorar som påverkar språkskifte og bevaringsprosessen: økonomi, status, demografi og institusjonell stønad. Det er også fleire andre forskarar som peikar på desse faktorane (jf. Mæhlum, 2007 og Sønnesyn i Lunde, 2020).

Den første faktoren, økonomi, er kanskje den faktoren som påverkar språkskifte mest med tanke på den aukande urbaniseringa og globaliseringa som skjer i verden i dag. Dette viser mellom anna Fishman (2001, s. 6) til som ein faktor i språkskifteprosessen. Generelt i verden ser ein at engelsk har hatt ein stor påverknad på andre språk. I Noreg kan ein til dømes sjå

ungdom som har begynt å ta i bruk slangord frå engelsk. Dette kan vere ord som *chill, omg, backer, joine, chatte* osv. Når språk med så stor utbreiing begynner å ta meir og meir plass er det ikkje rart at dei mindre språka står i fare for å forsvinne eller blir brukt mindre. Mæhlum (2007, s. 197) skriv mellom anna om ei såkalla “indre” globalisering i Noreg der bokmål, som er så dominerande, stel av marknadsplassen til nynorsk.

I økonomien ser ein også ein sosial status, noko som er den andre påverkande faktoren som blir nemnt. Ifølgje Røyneland (2008, s. 65) har grupper med låg økonomisk status også ofte låg sosial status, noko som kan føre til at dei har låge vurderingar av seg sjølve og språket sitt. Sogn og Fjordane kan vere eit mogleg døme på eit slikt område, fordi inntekta og utdanningsnivå til folk der, er lågare enn landsgjennomsnittet (Grønli, 2014). Den tredje påverkande faktoren, demografi, kan påverke språket med mellom anna kva storleiken på språksamfunnet er, og nettverkstrukturen til språksamfunnet. På ein plass med lite folk, til dømes ei bygd, kan det vere enklare å halde seg til eit minoritetsspråk, enn det vil vere på ein plass med mykje folk, som til dømes i ein by. Der kan det vere vanskelegare å halde på minoritetsspråket og lettare å bruke majoritetsspråket.

Den fjerde og siste faktoren, institusjonell stønad omhandlar bruken av minoritetsspråk innanfor nasjonale, regionale eller lokale institusjonar, som til dømes undervisning, media, administrasjon eller kulturelle institusjonar. Som ein ser er det majoritetsspråket, bokmål, som er det dominerande i dei fleste av desse, medan minoritetsspråket, nynorsk, blir nedprioritert. Bjørhusdal (2014) påstår i avhandlinga si at nynorsk treng særbehandling for at det skal bli ei reell jamstilling mellom skriftspråka, og at dette har vore mangel på oppgjennom tidene, då rettane til nynorskbrukarar har vorte spegla i dei same rettane for bokmålsbrukarar.

Røyneland (2008, s. 66) meiner at minoritetsspråk i utdanning er særleg viktig for å bevare språket. Grepstad (2015, s. 236) viser at det er når elevane frå Sogn og Fjordane gjekk over til akademia, at det skjedde eit språkskifte. Dette kan ha med å gjere at det finst meir institusjonell stønad for elevar enn for studentar, då elevar har fleire språklege rettar.

Ifølgje Fishman (1964) i Lunde (2020, s. 121-122) skjer språkskifte i ein majoritet-minoritet-relasjon der minoritetsgruppa tek til å nytte majoritetsspråket, enten ved å skifte språk eller å kodeveksle. Det skal nemnast at Fishman viser til talespråk, men fordi likskapen mellom fenomenene i skriftspråk og talespråk er såpass store, let definisjonane seg overføre til språkskifte mellom skriftspråk. Dei som nyttar seg av eit minoritetsspråk er som nemnt numerisk i mindretal. At dei blir påverka av majoritetsspråket er då ikkje så rart. Haugen

(1953, s. 369) kallar dette for akkulturasjonsprosessen, og det kan bli definert som at minoritetsspråket effektivt plukkar opp litt og litt majoritetsspråk gjennom ein prosess der det skjer ei kulturell endring, og der det oppstår ei utveksling og omtolking av mellom anna språk. Her kan ein også tolke at det kan skje ei kodeveksling.

### 3.1.2 Kodeveksling og språkveksling

Ifølgje Røyneland (2008, s. 16) kan ein bruke termen *varietet* om ein ikkje vil spesifisere om det er snakk om språk eller dialekt. Kode er derimot ein annan term som kan bli brukt synonymt med termen *varietet*, men det skal seiast at både kode og *varietet* er idealiserte storleikar (Røyneland, 2008, s. 16). Kodeveksling vil seie å veksle fram og tilbake mellom språk og det grammatiske systemet deira (García & Wei, 2019, s. 30). Ein kan til dømes kodeveksle mellom ulike dialekter, mellom skriftspråk, eller mellom ulike språk.

Kodeveksling kan variere ut frå tema, deltakar og kontekst (Baker, 2011, s. 107-108). Studiar om kodeveksling viser til at valet om å kodeveksle ofte er eit medvite val (Eiksund, 2019, s. 52).

Kodeveksling har mange ulike definisjonar og avgrensingar. Nokre forskarar har sett på kodeveksling som eit omgrep som gjeld større språklege einingar, helst ein sekvens av fleire ord, medan andre har sett på at det gjeld berre enkeltord eller enkeltmorfem frå ein *varietet* som blir integrert i ein anna *varietet* (Røyneland, 2008, s. 49). I denne oppgåva vil kodeveksling bli sett på som begge deler. Ifølgje Aaesæther referert i Røyneland (2008, s. 49) kan ein dele forskinga på kodeveksling inn i tre ulike tilnærmingar: den grammatiske, den sosiokulturelle, og den interaksjonelle. I denne oppgåva vil det vere den sosiokulturelle og den interaksjonelle tilnærminga som vil vere relevant, sidan eg ikkje går inn og ser på den grammatiske kodevekslinga dei gjer.

Desse to tilnærmingane har som hovudfokus å sjå på kvifor eller korleis folk kodevekslar. Den sosiokulturelle har som fokus å gi ei djupare forståing av dei kommunikative prosessane som ligg under, som er med å motivere språkbrukaren i valet om ulike *varietetar* i ein samtalesituasjon (Røyneland, 2008, s. 49). Medan den interaksjonelle tilnærminga inneber å byggje vidare på den sosiokulturelle, men fokuserer endå meir på korleis vekslinga mellom ulike *varietetar* kan stette ulike kommunikative behov og mål (Røyneland, 2008, s. 49). I hovudsak blir kodevekslingsstrategiar brukt bevisst og ubevisst for å skape ein viss effekt



eller for å signalisere noko om tilhøvet mellom samtalepartnarane (Røyneland, 2008, s. 53). Dette kan vere for å markere sosial, kulturell eller psykologisk nærleik eller distanse, eller for å signalisere ein samansett sosial, kulturell eller etnisk identitet (Røyneland, 2008, s. 53). I ein skulesamanheng kan elevar med minoritetsspråkbakgrunn til dømes ofte veksle til majoritetsspråket (Røyneland, 2008, s. 53) Alt i alt ser ein at kodeveksling kan gå føre seg på fleire måtar, men at det ofte varierer ut i frå situasjon og mottakar. Dette er då svært relevant for denne oppgåva då ein seinare kan sjå at dette er tilfelle i fleire av språkvala som kjem fram.

Eg vil påpeike at Røyneland (2008) viser til kodeveksling i samtale, både munnleg og skriftleg. For å markere at eg i oppgåva held meg til skriftleg språk, vil eg vidare vise til kodeveksling som språkveksling. Dette vil bli sett på som ei veksling mellom å nytte nynorsk, bokmål, engelsk og dialektskriving. No vil eg sjå vidare på språk og identitet som også er med på å påverke utvikling av språk.

### **3.2 Språk og identitet**

“Språk er identitet” er eit vanleg uttrykk blant folk. Filosofar, psykologar og antropologar har lenge tenkt på at språk og identitet har hatt ein nær samanheng, og har sett på språk som ein av dei viktigaste identitetsskapande faktorane (Mæhlum, 2008, s. 106). Hårstad et al (2021, s. 41) viser til Le Page & Tabouret-Keller (1985) og skriv at ei heilt sentral sosiolingvistisk tese er at språkbruk er identitetshandlingar. For å kunne drøfte språk og identitet må ein derfor først gå meir inn i identitetsomgrepet.

Identitet er eit omgrep som kan oppfattast ulikt, både i kulturar og generelt av forskjellige personar og er eit omgrep som stadig er under debatt. Sjølv ordet har samanheng med det latinske ordet *idem*, som tyder “det same”. Men kva betyr det når det gjeld å forklare kva det omgrepet inneber? Mæhlum (2008, s. 108) viser til at denne “samanheita” ein pratar om kan knytast opp til to sider: personleg identitet og sosial identitet. Ho definerer dei slik: “Den personlege identiteten er en karakteristikk av den delen av identiteten som gjør meg unik i forhold til andre, mens den sosiale identiteten betegner de egenskapene jeg har som gjør meg kvalifisert til å være medlem i ulike gruppefelleskap.” (Mæhlum, 2008, s. 108). Det som derimot er viktig er å ikkje sjå på desse to sidene som uavhengige av kvarandre, men som to sider av same sak. Mæhlum (2008, s. 109) har gjort eit forsøk på å systematisere det mest

sentrale i den indre tvtydigheita i identitetsomgrepet, elles støttar ho seg til det etablerte skiljet mellom forskjellige oppfatningar ut frå essensialistiske og konstruktivistiske syn frå den internasjonale litteraturen.

Den essensialistiske identitetsoppfatninga går ut på at ein ser på eit individs identitet konstituert som eit sett medfødte kjerneegenskapar (Mæhlum, 2008, s. 109). Nokre punkt innanfor denne oppfatningar er at identitet er permanent og uforanderleg, og immun mot ytre påverknadar. At identitet er ei kjerne, noko gitt (noko som berre er der), noko indre og at det er ein naturleg gitt størrelse (Mæhlum, 2008, s. 109). Som ein kan sjå er “eg-et” sentralt i denne oppfatninga. Hårstad et al. (2021, s. 41) stiller derimot spørsmål ved denne identitetsoppfatninga når det gjeld språk. Dei hevdar at den manglar reell forklaringskraft på bakgrunn av at ein må forstå at identitetar er dynamiske, og at språket er eitt av verktøya vi brukar for å skape identitet (Hårstad et al., 2021, s. 41). Den konstruktivistiske identitetsoppfatninga tar derimot meir utgangspunkt i poengteringa til Hårstad et al. (2021, s. 41). Den har ikkje noko samla “eg”, og ser på mangelen av ei kjerne som eit karakteristisk trekk for identitet (Mæhlum, 2008, s. 109). Den ser på identitet som noko som kan konstruerast og konstituerast over tid, og noko som er avhengig av ytre forhold (Mæhlum, 2008, s. 109). Ut i frå desse oppfatningane kan ein tolke identitetsomgrepet på to ulike måtar, men som nemnt over inneber omgrepet at ein faktisk ser på begge desse. Ifølgje Eiksund (2015, s. 37) kan ein velje å sjå på identitet som eit resultat av medvitne val, eit resultat av sosiale påverknadar eller tilpassingar i høve til omgivnadane, dermed ein blanding av indre og ytre påverknadar.

### *3.2.1 Den språklege tilpassingsteorien og sosialnettverksteori*

I kvardagen tilpassar vi oss etter ulike situasjonar og personar vi er med. Både korleis vi pratar, skriv, og veremåten vår. Tidlegare forskning (jf. Helset & Brunstad, 2020, Idsøe, 2016, Eiksund, 2019, Rotevatn, 2014) viser at ein ofte tilpassar seg språkleg etter situasjon og mottakar. Som student er ein ofte i ein situasjon der ein må flytte til ein ny stad for å studere og lage nye relasjonar. Korleis kan den nye staden og dei nye relasjonane påverke språkvalet og den språklege identiteten til studenten? To teoriar som kan vere nyttige når det gjeld å finne forklaringar på språkvala til studentane er: Tilpassingsteorien og sosial nettverksteori. Desse teoriane tar utgangspunkt i talemål, men på bakgrunn av at talemål og skriftspråk heng

tett saman vel å eg å sjå på dei som like relevante for skriftspråkval.

Den språklege tilpassingsteorien eller *The interpersonal speech accommodation theory* er utvikla av sosialpsykologar (Mæhlum, 2008, s. 112). Grunntanken med teorien var eit ønske om å forstå og forklare dei individuelle vekslingane som språkbrukarar ofte gjer, til dømes når ein varierar talemålet avhengig av mellom anna kven ein pratar med (Mæhlum, 2008, s. 112). Teorien legg fram to tilpassingsstrategiar: menneske kan velje å enten *konvergere* eller *divergere* i samhandling med andre. Vel ein å konvergere inneber det at ein nærmar seg samtalepartneren sin måte å snakke på. Medan vel ein å divergere opprettheld ein dei allereie eksisterande språklege forskjellane, eller aukar den lingvistiske avstanden mellom seg sjølv og samtalepartneren (Mæhlum, 2008, s. 112).

Det mest grunnleggjande trekket med denne teorien er at den ser på språkleg åtferd som ein form for sosial “respons” (Mæhlum, 2008, s. 112-113). Det inneber at språkbrukaren har eit ønske om sosial distanse eller alternativ identifikasjon med andre menneske. Språkvalet ein tar i samhandling med andre kan handle om samanhengen mellom språk og identitet. Språk kan vere ei identitetsmarkering om kven ein vel å identifisere seg som. Til dømes kan ein velje å konvergere for å bli akseptert i ei bestemt sosial gruppe eller fellesskap, eller ein kan divergere som vil seie å velje å ikkje identifisere seg med gruppa (Mæhlum, 2008, 113-114). I denne studien kan ein diskutere, ut i frå tilpassingsteorien, om språkvala studentane gjer er eit identitetsval.

Samtidig ser ein at språkvalet også kan vere gjort basert på ein nøytralitetsstrategi. Dette viser igjen til det tilpassingsteorien seier om at tilnærming til motparten er situasjonsbestemt. Som eg nemnte ovanfor vel ein ofte ei anna tilnærming til vener enn til besteforeldre eller ukjente personar. Ein kan velje å divergere slik som i døma eg nemnte, eller ein kan velje å konvergere. Ein kan derimot ta det valet basert på ein nøytraliseringsstrategi. Strategien går ut på at fleire varietetar, enten ulike språk eller dialektar, fungerer som ein normeringsinstans, noko som vil seie at ein kan overføre dei umarkerte, “normale” og lite avstikkande måtane å uttrykkje seg på til val av skriftlege uttrykk (Mæhlum & Røyneland, 2012, s. 143). Dette er situasjonsbaserte val og kan vere gjort basert på individuelle grunnar eller sosiale grunnar. Eit døme på dette kan vere å nytte dialektksiving i staden for normert skiving i kommunikasjon med andre, noko som ofte består av ei veksling mellom skriftspråka eller i nokre tilfelle også andre språk. Dette gjer skrivaren nøytral slik at personen slepp å bli møtt med eventuelle haldningar frå mottakar.

Når det gjeld sosiale grunnar til språkval kan ein gå inn på den sosiale nettverksteorien. Den går mykje på det same som tilpassingsteorien, men den ser på våre sosiale nettverk, opne eller tette, som betydingsfulle for språkvala og språkhaldningane vi har. Sosialt nettverk, i dette tilfellet, refererer til nettet av uformelle sosiale kontaktar ein omgir seg med, der vener, familie, medelevar og kollegaer er dei viktigaste gruppene (Mæhlum, 2008, s. 116). Ifølgje Mæhlum (2008, s. 116) prøver den sosiale nettverksteorien å klargjere kva sosiale krefter som er med å påverke når det enkelte individ blir integrert i ulike fellesskap. Som dei fleste veit kan det sosiale påverke mykje på korleis ein person vel å vere. Nokre er svært opptekne av å “passe inn”, andre av å halde seg nøytrale og nokre vil skilje seg ut, men i botn og grunn har alle lyst å høyre til ein plass. Den sosiale nettverksteorien ser spesifikt på enkeltindivid på makronivå og vil studere korleis individet går inn i det dynamiske samspelet med andre individ.

I utgangspunktet er det to prinsipielt forskjellige nettverksstrukturar innanfor den sosiale nettverksteorien: nettverk med stor tettheit og nettverk med liten tettheit. I eit nettverk med stor tettheit er det sosiale samanhengar mellom dei fleste medlemmer i nettverket, noko som vil seie at «alle kjenner alle» (Mæhlum, 2008, s. 117). Her har ofte personane fleire relasjonar til kvarandre. Det kan til dømes vere at dei både er naboar, slektningar, vener, og kollegaer. I eit nettverk med liten tettheit er det derimot ein person som knyter dei ulike personane saman, og det alle personane har til felles er at dei kjenner den eine personen som utgjer «eget» (Mæhlum, 2008, s. 117). Eit slikt nettverk kan ein også kalle eit opne nettverk, og her er relasjonane ofte uniplekse. Det vil seie at ein nabo ofte berre er ein nabo, ein slektning er berre ein slektning, og ein arbeidskollega er berre ein arbeidskollega.

I tillegg til desse to nettverkstrukturane er det også to andre nettverksomgrep som er relevante i samband med den sosiale nettverksteorien: isolerte og integrerte nettverk. Mæhlum (2008, s. 118) hevdar at enkeltindivid som har budd i eit isolert nettverk har oppretthaldt eit sterkt samband mellom livet på den nye bustaden og sitt opphavlege miljø. Kontinuiteten i eit slikt isolert nettverk vil vere enklare å halde på dersom dei mobile personane kan omgi seg med andre enkeltindivid som er i frå det same opphavsmiljøet som dei sjøve er i frå (Mæhlum, 2008, s. 118). Klarer ein dette vil det leggje tilhøva godt til rette for å halde på ulike sosiale aspekt, som til dømes språk (Mæhlum, 2008, s. 118). I eit integrert nettverk vil det derimot vere vanskelegare for enkeltindivid å oppretthalde sterk kontakt med den tidlegare heimplassen, fordi det vil bestå av eit fellesskap som er meir integrert i det nye sosiale miljøet

(Mæhlum, 2008, s. 118). Enkeltindivid vil då nesten uvilkårleg få nye referansegrupper og nye normeringsinstansar å forhalde seg til (Mæhlum, 2008, s. 118).

Tilpassingsteorien og sosialnettverksteori er to teoriar om identitetsforming som har vore viktige i fleire sosiolingvistiske studiar. Som eg no har sett på viser desse teoriane til fleire faktorar som er med å påverke språkval ein tar i samhandling mellom eg-et og dei andre. Vidare no vil eg gå meir inn på «nynorsk» identitet å sjå på kva det vil seie når det kjem til språkval.

### 3.2.2 *Ein nynorsk identitet?*

Eiksund (2015, s. 42) stiller spørsmålet “Finst det ein eigen nynorsk identitet?” i artikkelen sin *Mellom borken og veden*, og gjer greie for tre måtar å forstå omgrepet nynorsk identitet. Dei tre måtane kan vere: nynorsk språk som innehavar av eigen identitet (*nynorsk etnisitet*), nynorsk som utgangspunkt for ein kollektiv samlande identitet (*kollektiv identitet*), og nynorsk som ein viktig del av den personlege identiteten til alle nynorskbrukarar (*personleg identitet*) (Eiksund, 2015, s. 42). I ei utdjuing av den første måten å forstå omgrepet på diskuterer Eiksund (2015), med hjelp av Vestad (2002) og Hellevik (2001) sine artiklar, om ein i heile tatt kan seie at nynorsk har ein eigen identitet. Argumenta han nyttar for at ein kan seie at nynorsk har ein eigen identitet kan vere at nynorskbrukarane har ein tendens til å stemme på dei same politiske partia, at dei har eigne aviser og institusjonar, og at det har utvikla seg nynorske kjerneområde (Eiksund, 2015, s. 42). Vikør (2011, s. 52) har også diskutert den nynorske identitet og hevdar at den djupaste drivkrafta for nynorsken er at den sikrar ein regional identitet for dei som bur i kjerneområda. Eiksund (2015, 43) argumenterer derimot imot at nynorsk har noko eigen etnisitet eller identitet med at det kan vere få nynorskbrukarar som ynskjer å framstille seg som ein del av ei eiga nynorsk etnisk gruppe.

Den andre måten å forstå omgrepet på var å sjå på det som *ein kollektiv identitet*. Denne måten går ut på å sjå på nynorsken som nasjonsbyggjande og eit moderne prosjekt. Nynorsken kan bli sett på som nasjonsbyggjande gjennom å ha ein felles front mot dei politiske og språklege maktene. I dagens bokmålsdominerte samfunn er det endå nokre som kjempar for nynorsken og står opp for at den ikkje skal forsvinne. Noregs mållag kan vere eit slikt døme. Ifølgje Eiksund (2015, s. 43) som viser til Apelseth (1997) kan nynorsken vere eit moderne prosjekt, fordi språkprosjektet kjem fram gjennom moderniserande faktorar som folke-

suverenitet, økonomi, skuleutvikling osv. Her kan ein også nemne to andre moment frå Vikør (2011, s. 52), nemleg bygdepatriotisme og felleskulturarven. Ifølgje Vikør (2011, s. 52) har nynorsken fungert som eit sjølvstendemiddel for bygdefolket, noko som har vore med å skape nynorskens sosiale identitetsfunksjon. Samtidig hevdar han at nynorsken har, for mange utanfor kjerneområde, utgjort ein umissande del av den nasjonale litterære felleskulturen (Vikør, 2011, s. 52). Trass i dette påstår Eiksund (2015, s. 43) at tanken om eit samlande nynorsk språk for heile nasjonen kan vere på vikande front, og her kjem den tredje måten å sjå på omgrepet på: *personleg identitet*.

Her legg Eiksund (2015, s. 43-44) vekt på at ein nynorsk identitet kan vere eit postmoderne prosjekt med grunnlag i korleis folk kommuniserer i dag. I dag går mykje av kommunikasjon føre seg i sosiale medium, og måten ein skriv på der er ofte meir dialektnært enn det er nært eit av skriftspråka. Eiksund (2015, s. 45) viser til dette då han skriv at det ikkje lenger verka å vere det nynorske skriftspråket som definerer den språklege identiteten, men dialekta. Han argumenterer for at kvar enkelt brukar sitt eige språk for å skilje seg frå andre, og at talespråket har tatt ein større plass i identitetsmerke (Eiksund, 2015, s. 44). Han nemner at Grepstad (2002) skriv at det er først og fremst gjennom tale at personar i dag blir oppfatta som nynorsk- eller bokmålsbrukarar. Alt i alt hevdar Eiksund (2015, s. 45-46) at den nynorske identiteten som ein del av personleg identitet er fråverande, og at den nynorske identiteten kan høyre meir til foreldregenerasjonen og fortida. Vikør (2011, s. 53) argumenterer derimot i mot dette når han hevdar at dialekt-uttrykket er sentralt for ei nynorsk identitetskjennele. Han skriv at nokre baserer seg på at det å nytte nynorsk, eller nynorskliknande skriftspråk med sterkt dialektpreg, gjer at dei kan uttrykke identiteten sin skriftleg (Vikør, 2011, s. 53).

Definisjonen av ulike måtar å uttrykke identiteten sin på er særskilt relevant i denne diskusjonen, og Eiksund (2015, s. 37-40) referer til Schei (2007), som deler forståinga av identitetsomgrepet inn i tre delar: det å vere, det å ha og det å søkje ein identitet. Det å vere kan handle om å vere ein del av flokken, og dermed handle i samsvar med dei normene som ligg i den homogene kulturen ein då er i som enkeltindivid (Eiksund, 2015, s. 38). Det å vere ein identitet som nynorskbrukar kan derfor vere vanskeleg. Som nynorskbrukar er ein automatisk litt utanfor flokken sidan ein er i eit bokmålsdominert samfunn, og derfor blir ein heile tida gjort merksam på at ein skil seg ut. Språket ein ser overalt er bokmål og nynorskbrukarar blir derfor nøyddde til å vere meir tolerante ovanfor det, medan ein sjeldan møter det hin vegen (Mørk, 1983, i Eiksund, 2015, s. 38). Sidan nynorskbrukarar skil seg ut

på grunn av dette, kan det vere med å gi nynorskbrukaren eit nært forhold til språket sitt og gjere ein meir bevisst på at ein er nynorskbrukar (Eiksund, 2015, s. 38). Bokmålsbrukarar kan derimot ta språket sitt for gitt og ikkje vere like bevisst på at dei er bokmålsbrukarar. Ifølgje Eiksund (2015, s. 38) er det først når ein bryt med det normale ein kan bli klar over at normene finst, og nynorskbrukaren kan då gå frå *å vere* til *å ha* ein eigen identitet.

Det å ha ein identitet kan ifølgje Eiksund (2015, s. 38) handle om at ein tar på seg ei rolle der ein vel å stadfeste eller motbevise oppfatningane andre har av ein. Det å ha ein språkleg identitet kan derimot handle om at handlingane ein gjer er medvitne og at ein representerer noko eller nokon (Eiksund, 2015, s. 38). Som nynorskbrukar vil ein automatisk representere ei språkleg minoritetsgruppe og på grunn av dette ofte vere medviten på at ein skil seg ut. Samtidig vil ein representere seg sjølv gjennom språket sitt. Dette kan gjere at nynorskbrukar ofte tar meir medvitne val enn bokmålsbrukarar (Eiksund, 2015, s. 39).

Den siste delen Schei i Eiksund (2015) nemner er *å søkje* identitet. “Å søkje identitet er det same som å ta stilling til kven ein ønskjer å vere” (Schei, 2007, i Eiksund, 2015, s. 39). Vil ein vere nynorskbrukar kan ein ikkje rekne med å ta det valet utan å få reaksjonar frå fellesskapet. Eiksund (2015, s. 40) viser til Giddens (2002) når han nemner at skamkjensle kan vere med å bremse realiseringa av sjølvvet. For nynorskbrukaren sin del vil det kunne vere ei skamkjensle i det å vere i mindretal, eller i dei mange negative haldningane nynorsken møter. Det kan vere vanskeleg å velje å vere nynorskbrukar når det ein vil er å passe inn. Det kan kanskje vere ein grunn til at ein ser at språkskifte frå nynorsk til bokmål ofte skje i ungdomskule/vidaregåande alder. Samtidig kan nokre føle at det å vere nynorskbrukar betyr meir for dei, fordi det kjennast naturleg. Eiksund (2015, s. 40) skriv at når det blir så naturleg å bruke nynorsk at det ikkje er tvil, då kan ein sjå den språklege identitet som både *å vere*-, og *å ha*- identitet, og då kan ein ha oppnådd ein gruppeidentitet som nynorskbrukar.

### **3.3 Språkhaldning**

Før eg kan snakke om språkhaldningar må eg sjå på det generelle omgrepet haldningar. Det er svært omdiskutert kva ei haldning er og kva omgrepet inneber. Det har vore diskutert innanfor fleire fagfelt (Johansen, 2005 s. 62), men er eit kjerneomgrep innan sosialpsykologien. Der blir omgrepet brukt som «[...] betegnelse på en beredskap til å reagere positivt eller negativt overfor gitte sosiale objekter – det være seg bestemte personer, grupper eller mer abstrakte

ideer eller verdier» (Mæhlum, 2008, s. 95). Peter Garret (2010) er ein av dei fremste forskarane på feltet om språkhaldning, og definerer omgrepet *ei haldning* basert på Irving Sarnoff (1970) sin “kjernedefinisjon”:

[...] an attitude is an evaluative orientation to a social object of some sort, whether it is a language, or a new government policy, etc. And, as a “disposition”, an attitude can be seen as having a degree of stability that allows it to be identified. (Garret, 2010, s. 20).

Ei rekke undersøkingar viser til at det er umogleg å studere haldningar til språk heilt isolert, fordi vurderingane våre vil omfatte også brukarane av språket (Mæhlum, 2008, s. 95). Ein finn derfor, i nær tilknytning til omgrepet haldningar, omgrepet stereotypi. Stereotypi er dei oppfatningane og forventingane ein har både til åtferd og personlegdom hos ei bestemt gruppe menneske (Mæhlum, 2008, s. 95). Som menneske er ein undrande, men også dømmende. Stereotypi kan vere med å gjere at ein får haldningar og fordommar i møte med nye personar. Ofte er til dømes stereotypiske haldningar basert på grunnlag av kjønn, etnisitet, eller språk (Mæhlum, 2008, s. 95). Dei er intimt bunde saman med haldningane våre, og ikkje minst når det gjeld språkhaldningar. Peter Trudgill definerer ei språkhaldning slik:

The attitudes which people have towards different language, dialects, accents and their speakers. Such attitudes may range from very favourable to very unfavourable, and may be manifested in subjective judgements about the “correctness”, worth and aesthetic qualities of varieties, as well as about the personal qualities of the speakers (Trudgill, 2003, s. 73).

Eit døme på ei stereotypiske språkhaldning er at nynorskbrukarar blir sett på som gammaldagse og bondske (Mæhlum, 2007, s. 196). Det er generelt mykje stereotypiske haldningar mot nynorskbrukarar, og på grunn av dette vil nokre kanskje velje å konvergere i samhandling med andre, eller rett og slett byte frå nynorsk til bokmål (jf. Wold, 2020, Ekeland, 2022). Ifølgje Mæhlum (2008, s. 114) er det ein relevant strategi for å unngå å bli tillagt bestemte stereotypiske oppfatningar.



## 4 Metode

I dette kapittelet vil eg kome nærare inn på kva metode eg har nytta i oppgåva mi og grunngje denne. Problemstillinga i denne studien inneber at eg vil undersøke språkvala til studentar frå Sogn og Fjordane, og sjå på kva som ligg til grunn for språkvala dei tek. Dette inneber refleksjonar, erfaringar og haldningar dei har kring språkvala sine. Eg ynskjer å gå i djupna på svara til deltakaren og legge vekt på å finne meining, på å fortolke og forstå kva hen meinte med det hen sa. Det første eg vil presentere i dette kapittelet er metoden eg vil nytte og kvifor: kvalitativ metode, semistrukturert intervju. Etter det vil eg gå meir inn på utval og rekruttering av deltakarar og gjennomføring av transkripsjon og analyse av intervjuet. Vidare vil eg drøfte reliabiliteten og validiteten av forskinga, og avslutningsvis vil eg kome med kritiske metoderefleksjonar og forskningsetiske vurderingar.

### 4.1 Kvalitativ metode – semistrukturert intervju

Neteland (2020, s. 51) skriv at val av metode heng tett saman med problemstilling, og at eit intervju er ein godt eigna metode om ein vil finne ut noko om menneskeleg erfaring, eller refleksjonar, kunnskap og haldningar eit menneske har til eit tema. Ut frå problemstillinga ynskjer eg å sjå på akkurat dette, og gå i djupna for å få betre innsikt i deltakarane sine perspektiv. På bakgrunn av dette bestemte eg meg for å nytte det kvalitative forskingsintervju som metode for studien min. Kvale & Brinkmann (2015, s. 20) skriv at det kvalitativt forskingsintervjuet søkjer å forstå verda ut i frå intervjupersonens side. Intensjonen er å forstå og beskrive kva spesifikke menneske gjer i sitt kvardagsliv, og kva meining desse handlingane har for dei (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 95).

Å nytte seg av eit kvalitativt intervju krev ein del planlegging på førehand. Eg måtte finne ut kven som skulle vere deltakarar og når, kvar og korleis intervjuet skulle bli gjennomført. I denne studien vil intervjuobjekta bli referert til som deltakarar. I tillegg måtte eg formulere ein intervjuguide og tenke gjennom om eg ville nytte noko verktøy. Eg fann fort deltakarar og fann ut at det beste var å gjennomføre intervjuet ansikt til ansikt. Eg tilbydde meg derfor å kome til deltakarane sin studieby og gjennomføre intervjuet der. I intervjuet nytta eg meg av ein lydopptakar som eg hadde informert Norsk senter for forskingsdata (NSD, no ein del av forvaltingsorganet Sikt). Dette er den vanlegaste måten å registrere eit intervju på. Nokre

fordelar med dette er at ein kan konsentrere seg om emnet i intervjuet og gå tilbake seinare å lytte på kva som blei sagt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Ein kan også lagre intervjuet frå lydopptakaren på ei datamaskin, og spele av og transkribere ved hjelp av eit tekstbehandlingsprogram.

Det er mange måtar å gjennomføre eit intervju på. I dette tilfelle var eit semistrukturert intervju best eigna. Eit semistrukturert intervju har som føremål å forstå deltakaren sitt perspektiv, og i intervjuet blir kunnskap skapt i møte mellom forskar og deltakar sitt synspunkt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 121). Ifølgje Krumsvik (2014, s. 125) blir det i intervju lagt vekt på ei fenomenologisk og hermeneutisk fortolkingsramme, noko som vil seie at meningsfortolkinga av fenomenet blir skildra av informantane. Når ein gjennomfører eit slikt intervju har forskaren tema og forslag til nokre spørsmål klare på førehand, men hen er ikkje opptatt av å stille desse spørsmåla eller få fram tema i ein bestemt rekkefølge. I tillegg er forskaren open for at forskingsinformantane kan introdusere tema som forskaren ikkje har tenkt på førehand. Det er derfor eit intervju som er halvvegs strukturert med at ein har nokre spesifikke spørsmål ein stiller, men ein stiller også spørsmål ut i frå kva sidetema som dukkar opp og lar samtalen gå vidare om dei (Høgheim, 2020, s. 131).

I intervjuguiden utarbeidde eg fem temaspørsmål og seksten underpunkt (sjå vedlegg 3). Som til dømes “Kan du fortelje meg litt om deg sjølv?” (temaspørsmål), “Kjønn, alder, studieretning, heimplass” (underpunkt). Desse formulerte eg ut i frå problemstillinga og forskningsspørsmåla. Eg passa på å nytte opne spørsmål for å oppfordre til lengre og ulike typar svar og grunngjevingar (Neteland, 2020, s. 59). Er intervjusituasjonen open, er det større sjans for å få spontane, levande, og uventa svar frå deltakaren (Dalland, 2020, s. 83). Før eg gjennomførte intervjuet, såg rettleiarane mine over intervjuguiden og godkjente den og eg piloterte intervjuet med nokre vener. Ifølgje Neteland (2020, s. 61) er det lurt å pilotere intervjuet slik at ein kan justere/forbetre det før ein gjennomfører det. I tillegg er ein meir førebudd både med opptaksutstyr og ein har øvd inn spørsmåla ein skal stille. Etter dette blei gjort tilførte eg nokre nødvendige justeringar til intervjumetoden min. Som til dømes å leggje til nokre underpunkt, og sørge for at eg prøvde å vere så nøytral som eg kunne. Her kan ein diskutere den hermeneutiske filosofien i studien, men det går meir inn på i kapittel 4.2.2 analyse.

Gjennom intervjuet hadde eg også oppfølgings spørsmål og inngåande spørsmål.

Oppfølgings spørsmål er spørsmål som blir stilt ut i frå at eg som forskar lyttar på kva

deltakaren seier og stiller spørsmål ut i frå det. Dei startar ofte med kva, korleis eller kvifor. Til dømes “Kva meiner du med det?”, “Kvifor trur du det?”, eller “Korleis tenkte du det?”. Dette gjer at ein oppnår djupne, detaljrikdom og meir nyanserte svar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 122). Ein forskar kan også spele «djevelens advokat». Med dette meiner ein at forskaren stiller utfordrande spørsmål som kan få deltakaren til å komme med fleire argument enn den opphavlege påstanden (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 123). Dette blei gjort nokre få gonger, og kan tolkast som inngåande spørsmål. Nokre døme på slike spørsmål er “Har du fleire døme på det?” eller “Mmm, som allereie nemnt...”. Det hjelpte meg å halde samtalen i gong samtidig som eg bidrog til å utdjupe det som blei sagt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 123). Slike spørsmål signaliserer til deltakaren at hen bør fortsette å snakke og gi meir detaljerte svar innanfor tematikken til intervjuet. Det er derimot viktig å ikkje nytte for mykje av slike spørsmål for å unngå å verke for konfronterande. I staden for kan ein ha ein liten pause, eller nikke eller gjere ein liten bevegelse for å få deltakaren til å fortsette å fortelje. Til slutt i intervjuet mitt la eg til eit avslutningsspørsmål som spurte om det var noko meir dei ville tilføre som kunne vere relevant.

## **4.2 Utval og rekruttering av deltakarar**

Fokuset i studien min ligg på å sjå på bakgrunnen for skriftspråkvalet til studentar frå Sogn og Fjordane som studerer i ein storby der bokmål er dominerande. Eg ynskjer gjennom undersøkinga å kartleggje språkvalet deira, finne ut kva som påverkar det, og undersøkje kva som kjenneteiknar dei som held på nynorsk som hovudmål og dei som vel å byte. Ut i frå dette har eg gjort eit strategisk utval av deltakarar. Ifølgje Neteland (2020, s. 54) er eit strategisk informantutval å velje deltakarar ut i frå ein strategi eller plan du har. Denne metoden kan vere god å nytte, fordi den kan gjere det enklare å rekruttere deltakarar med at ein kan finn deltakarar som er interessert i tema, ein venn av ein venn, eller folk ein kjenner frå før, noko som gir større sjanse for å få folk til å delta (Neteland, 2020, s. 54).

Det første strategiske valet eg tok var at eg ville at deltakarane i studien skulle vere frå det gamle fylket Sogn og Fjordane. Bakgrunnen for dette er som nemnt tidlegare i oppgåva, at Sogn og Fjordane er den einaste regionen i landet der nynorsk er eit majoritetsspråk (jf. Grønli, 2014), og nynorskbrukarar er generelt i mindretal i Norge. Ifølgje tal i frå 2021 er det nemleg rundt 11,79 % nynorskelevar opp mot 88,20 % av bokmålselevar i grunnskulen, og

det er berre minkande (Michaelsen, 2021). I tillegg hadde det tidsmessig vore for omfattande å sjå på heile det nye fylket, Vestland, som Sogn og Fjordane no er ein del av. Det andre strategiske valet eg gjorde var å fokusere på studentar. Som tidlegare påpeikt er det gjort lite forskning på språkval hos studentar, trass i at det er når ein blir eldre at målformbyte skjer (jf. Michaelsen, 2021). Det er viktig å framheve at resultata i denne studien ikkje kan generaliserast til å gjelde språkvala til alle studentar frå Sogn og Fjordane. Men eg trur at å gå i djupna hos nokre av dei kan gi ei god innsikt.

Det tredje strategiske valet eg gjorde var å velje kor mange deltakarar eg skulle intervju. Her fekk eg råd frå rettleiarane mine. På bakgrunn av problemstillinga mi kom vi fram til at det var lurt å bruke god tid på å intervju nøyte utvalde personar, noko som ifølgje Neteland (2020, s. 55) er lurt om ein ynskjer å gå i djupna. Vi kom derfor fram til at eg skulle ha seks intervju. Eg såg då ein moglegheit til å prøve å få tak i to deltakarar frå kvar studieby. Som eg har nemnt tidlegare i oppgåva hadde eg allereie bestemt meg for val av studiebyar. Noko som tek meg over på det fjerde strategiske valet eg gjorde, valet av studiebyar. Eg valte å sjå på dei tre storbyane Bergen, Trondheim og Oslo. Det å sjå på studentar frå desse områda kan vere interessant då dei skil seg frå kvarandre språkleg. I Bergen bur det til dømes mange frå Vestland som har nynorsk som skriftspråk og mange av bygdene rundt held endå på nynorsk, medan Trondheim og Oslo er begge ein av byane i landet med flest bokmålselevar. I tillegg gir det å ha deltakarar busett på ulike område litt breiare utgangspunkt. Det å få tak i deltakarar gjekk overraskande greitt. Sidan eg sjølv er i frå Sogn og Fjordane blei det naturleg for meg å nytte mitt eige nettverk. Eg starta då å spørje vener og kjenningar om dei kjente eller visste om nokon som kunne vere interessert i å delta.

Det siste strategiske valet av deltakarar eg gjorde var å ha nokre enkle kriterium. Desse var at studenten måtte på eit tidspunkt gjennom skulegangen sin ha hatt nynorsk som hovudmål, og hen måtte vere mellom 19-25 år. Bakgrunnen for dette var at eg ville sjå på grunnane til at informantane valte det skriftspråket dei gjorde basert på å ha skrive nynorsk, og at dei var frå eit nynorsk kjerneområde, i tillegg til å sjå på kva påverknad den bokmål dominerte storbyen hadde hatt på skriftspråket deira. Elles var eg ikkje ute etter å generalisere funna mine, så kjønn spelte ingen rolle. Hadde eg skulle generalisert kunne det fort oppstått problem med å generalisere dersom eg nytta meg av eit strategisk utval ifølgje Neteland (2020, s. 54).

Som nemnt ovanfor gjekk det ganske greitt å få tak i deltakarar, noko som gjorde at eg fekk tak i dei ganske fort. Når eg fekk namnet på eventuelle personar som vener og kjente kunne

vise til, tok eg sjølv kontakt med dei gjennom melding. Så fekk dei tilsendt informasjonsskriv og samtykkeskjema (vedlegg 2) som dei las og skreiv under på. Ifølgje NESH fastslår ei av deira forskningsetiske retningslinjer at «Forskere har ansvar for å klargjøre grenser, forventninger og krav knyttet til rollen som forsker overfor forskningsdeltakere» (NESH, 2021). Alle deltakarane leverte samtykkeskjema til meg før intervjuet blei gjennomført.

### **4.3 Transkripsjon og analyse**

#### *4.3.1 Transkripsjon*

Transkribering er å skrive ned noko som blir sagt, og ofte korleis det blir sagt, i ein samtale (Riis-Johansen, 2020, s. 101). Etter eg gjennomførte intervjua, blei dei transkriberte. Cameron (2001, s. 34) seier at gjennom ein transkripsjon kan ein «fryse» samtalen i lesebar form, ein kan distansere og framandgjere materialet for seg sjølv, noko som er viktig for analyse, og ein kan gjere transkripsjonen heilt anonym (Riis-Johansen, 2020, s. 101). Ifølgje Riis-Johansen (2020, s. 101) som viser til Linell (2011, s. 129; Ochs, 1979) kan ein transkripsjon aldri bli sett på som ein fullstendig gjengjeving av ein samtale, og må derfor bli forstått som ei omarbeiding av dataa der ein vel ut relevante element for analysen ein skal gjere.

Når ein transkriberer er det mange av dei ikkje-verbale elementa som kroppsspråk, ironi, og pausar som ikkje kjem med. Ein transkripsjon vil derfor kunne vere svekkande, dekontekstualiserte atgjevingar av direkte intervjusamtalar (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 205). Om dei ikkje-verbale elementa er noko ein ynskjer å ta i betraktning i forskinga si er det lurt å notere slike relevante element under intervjuet. I mitt tilfelle ynskjer eg å sjå på meiningsinnhaldet i intervjua, og har derfor ikkje sett på gjengjevinga av dei ikkje-verbale elementa som nødvendig, men eg tok likevel feltnotat undervegs i intervjuet.

For masterstudentar er det vanleg å gjere transkriberinga sjølv, noko eg gjorde. Ein fordel med dette er at ein lærer mykje om sin eigen intervjustil, og at ein til ein viss grad hugsar eller gjer seg opp tankar om intervjusituasjonen (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 207). Då eg starta å transkribere føretok eg ein grovtranskripsjon. Ein grovtranskripsjon er å skrive ned kva som blir sagt av kven, utan å nytte mykje tid på å markere korleis noko blir sagt (Riis-Johansen, 2020, s. 101). Samtidig som eg gjorde dette noterte eg analyseidear. Ifølgje Kvale & Brinkmann (2015, s. 206) er transkribering i seg sjølv starten på analysen. Gjennom

grovtranskribering fekk eg derfor ei første oversikt over materialet og nokre idear om kvar eg ville med datamaterialet. Grovtranskriberinga blei gjort på ein dialektnær ortografi, men på bakgrunn av at fokuset i studien min låg på meningsinnhaldet blei fintranskriberinga gjort på tilnærma normert nynorsk. Gjennom transkribering nytta eg meg av programmet ELAN og Word. ELAN er eit program som er laga for transkribering som eg fekk anbefalt å bruke av IKT på Høgskulen på Vestlandet. Dette programmet blei brukt som eit verktøy for å kunne spole, pause og stoppe intervjuet. Word blei brukt til å skrive ned det som blei sagt. I transkriberinga nytta eg meg av denne transkripsjonsnøkkelen:

Tabell 1 - transkripsjonsnøkkel

[...]	Delar av sitatet er utelatne eller anna spørsmål og tekst utelate
[Tekst]	Informasjon som er sett inn eller erstatta med noko.
...	Kort pause

Ved å transkribere gjer ein datamaterialet meir eigna for ei analyse. Det vil seie at det er lettare å få ei oversikt over materialet når det er blitt strukturert i tekstform (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 206).

#### 4.3.2 *Analyse*

Det finst fleire ulike måtar å gå fram med ein analyse. I dette tilfelle nytta eg ein kvalitativ innhaldsanalyse og starta derfor med ein av dei vanlegaste metodane: koding. Som hjelp til analysen valte eg å nytte analyseverktøyet Nvivo. Dette programmet er eit verktøy som støttar kvalitative data og hjelper med å organisere, analysere og lagre data (Alfasoft, 1997). Der kunne eg leggje inn den transkriberte teksten og deretter kode utsegna. Koding av intervju omhandlar å identifisere og sortere kva delar av intervjuet deltakaren seier noko som er relevant for studien (Neteland, 2020, 62). Når ein kodar nyttar ein eit sett med nøkkelord som ein brukar som merkelappar på utsegnene. Desse nøkkelorda kallar ein kodar og dei er i form

av tekst (Grønmo, 2016, s. 267). Disse treng ikkje vere avanserte eller teoretiske, fordi føremålet er å få ei oversikt før ein tolkar utsegna (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 226-229). Det bør derimot vere basert på omgrep som allereie finst i datamaterialet. Kodar kan vere deskriptive: reint beskrivande karakteristikkar av det faktiske og eksplisitte, dei kan vere fortolkande: gir uttrykk for forskaren sin tolking, eller dei kan vere forklarande: uttrykker forskaren sin forklaring av dei forholda som er eksplisitt omtalte i teksten (Grønmo, 2016, s. 267). Eg nytta meg mest av deskriptive kodar som til dømes: jobb, skule, hovudmål, sidemål, nynorsk og bokmål, men eg hadde også nokre fortolkande kodar: tilpassing, eksponering, bevisstheit og identitet. For å finne desse kodane las eg gjennom transkriberingane for intervjua og fann fellesomgrep som blei nemnt i alle intervjua.

Vidare i kodinga gjekk eg over til kategorisering og omgrepsutvikling. Med kategorisering går ein over frå ei open koding til å sikte seg meir inn på å utvikle kategoriar som er ei koding som er meir systematisk. Koding ut i frå kategoriar tar utgangspunkt i bestemte felles eigenskapar ved ulike fenomen som blir beskrive i materialet (Grønmo, 2016, s. 268). Måten eg gjorde dette på var å gå gjennom kodane eg fann i den førre prosessen med open koding, og gå tilbake i datamaterialet å finne fellestrekk ved fleire av dei kodane. Neste steg var å utvikle omgrep til kategorisering. Med utgangspunkt i kodinga kom eg fram til desse omgrepa; tilpassing, eksponering, språkleg identitet og bevisstheit. Det som var utfordrande med denne delen var å finne dei rette nemningane på kategoriane som gjorde dei fruktbare og systematisere kodane innafor desse. Nokre kodar blei derfor brukt i fleire kategoriar og andre berre i ein. Til dømes blei kodane *hovudmål* og *sidemål* satt under kategorien *språkleg identitet*, kodane *skule* og *jobb* blei satt under kategoriane *tilpassing* og *eksponering*, og kodane *nynorsk* og *bokmål* blei satt under *bevisstheit*.

Etter eg hadde skaffa meg ei oversikt over meiningsinnhaldet gjennom kodinga starta eg med meiningsfortolking. Eg hadde starta prosessen med meiningsfortolking gjennom kodinga og kategoriseringa også, men det er først etter at ein er ferdig med koding og kategorisering at ein begynner skikkeleg med det. Meiningsfortolking omhandlar at ein går ut over det faktiske innhaldet i det som blir sagt, for å fortolke kva deltakaren seier (Neteland, 2020, s. 64). I denne studien er det den fenomenologiske og hermeneutiske fortolkingstradisjonen som er mest relevante. I høve til kvalitative forskning handlar ein fenomenologisk fortolking om at forskaren prøvar å forstå eit fenomen ut i frå ei gruppe menneske sine meiningar og synspunkt (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 45). Her kan ein diskutere om ein som forskar klarar å forstå

fenomenet ut i frå berre desse menneska. Mange filosofar har meint at ingenting er gitt og at ei kvar forståing er basert på eit perspektiv og byggjer på tolking (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 50). Dette er noko eg må ta i betraktning gjennom analysen min.

Den hermeneutiske fortolkingstradisjonen går derimot ut på fortolking av tekstar, og at personen som tolkar teksten har førekunnskapar om teksten sitt tema (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 73). I dette tilfelle har eg lese meg opp på tema og starta kunnskapsprosessen allereie før eg begynte med oppgåva, men eg har også generell førehandskunnskap som kjem i frå erfaring og tidlegare læring. Det er derfor viktig at eg tar dette i betraktning gjennom heile analysen. Neteland (2020, s. 64) rådar alle masterstudentar til å lese mellom linjene, å samanlikne motseiande utsegn og kritisk tolke det som blir sagt i intervju. Noko ho også nemner er at det kan vere lurt å gå tilbake i intervju å sjå om ein finn sitat som illustrerer fortolkinga, for å skjekke at ein har tolka det riktig (Neteland, 2020, s. 64). Gjennom analysen min nytte eg meg av desse råda og dobbeltsjekka derfor tolkingane mine.

#### **4.4 Kritiske metoderefleksjonar**

Som eg nemnte ovanfor heng val av forskingsmetode mykje saman med problemstillinga til studien (Neteland, 2020, s. 51). Men sjølv om eg har valt den metoden eg meiner passar best til min studie vil eg kunne møte på problem eller svake sider ved metoden, fordi som Everett & Furueth (2012, s. 128) skriv, har alle metodar fordelar og ulemper.

Grønmo (2016, s. 174) nemner tre typiske problem for uformelle intervju som eit semistrukturert intervju er. Det første er at kommunikasjonen mellom forskar og deltakar kan fungere dårleg. Dette inneber at informasjonsutvekslinga kan bli avgrensa, og relevant informasjon kjem då ikkje fram. Det kan føre til misforståingar mellom partane, noko som kan gjere at informantane ikkje forstår kva informasjon forskaren er ute etter, og at forskaren feiltolkar informasjonen. Dette svekker reliabiliteten til studien. Det andre problemet som kan oppstå er at forskaren kan påverke svara som deltakaren gir. Som tidlegare nemnt er forskaren sjølv eit forskingsinstrument i eit semistrukturert intervju (jf. Postholm, 2010, s. 127).

Forskaren kan til dømes stille leiande spørsmål, eller opptre på ein eller anna måte som gjer at deltakaren føler at hen må svare på ein bestemt måte. I tillegg kan deltakaren gi svar som er påverka av forskaren sin utsjånad eller eigenskapar. I dette tilfelle kan dialekta mi vere ein faktor som kan spele inn. Det at dei høyrer ut frå den at eg er ifrå Sogn og Fjordane område



kan gjere at dei antar at eg er nynorskbrukar. Dette kan få dei til å føle ein type lojalitet ovanfor Sogn og Fjordane og anta at eg er ein mogleg forkjempar for nynorsken, noko som kan vere med å påverke svara deira. Men det kan også vere fordelar med dette. Dei kan kjenne seg trygge på å snakke ærleg med meg om tema og dei kan føle at eg forstår deira side. Desse faktorane kan vere eventuelle feilkjelder i studien min som kan vere med å påverke reliabiliteten og då analysen til studien.

Det tredje og siste problemet med denne metoden som Grønmo (2016, s. 174) tar opp er at deltakaren sin erindringsfeil eller sjølvpresentasjon kan vere med å påverke svara. Hen kan gi feilinformasjon om faktiske forhold, fordi hen ikkje hugsar godt nok situasjonen, eller fordi hen har fortrent det. Dette er ofte ei utfordring jo lenger tidsforskjell det er mellom intervjuet og dei forhold forskaren spør om. I dette tilfelle kan det vere noko tid mellom desse, men samtidig handlar studien mest om situasjonen dei er i der og då. I tillegg kan ei utfordring vere at deltakaren vil framstille seg sjølv bra framfor forskaren. Som eg har nemnt over kan dette vere eit tilfelle når det gjeld lojalitet ovanfor heimlassen deira eller ut i frå deira oppfatning av meg.

Alle tre problema Grønmo (2016) nemner er noko eg må ta i betraktning gjennom heile studien. Uansett kor mykje eg legg opp til å prøve å unngå desse vil det vere umogleg, og dei er derfor viktig å vurdere. Spesielt viktig under analysen og tolkinga av datamaterialet, fordi det kan ha påverka det endelege resultatet. Noko som kan stille spørsmål med validiteten og reliabiliteten til studien.

#### **4.5 Reliabilitet og validitet**

For å sikre at ein trekkje gyldige og pålitelege slutningar er det avgjerande med god datakvalitet. Det er derfor viktig å vise omsyn til dei to overordna kriteria for kvalitetsvurdering som er med å sikre dette nemleg *reliabilitet* og *validitet* (Grønmo 2016, s. 240). *Reliabilitet* viser til om datamaterialet er påliteleg, og kjem til uttrykk gjennom at ein får identiske data dersom ein brukar det same undersøkingsopplegget ved ulike innsamlingar av data om det same fenomenet (Grønmo, 2016, s. 240-241). *Validitet* handlar om datamaterialet er gyldig for dei problemstillingane som skal belysast, og den er høg om undersøkingsopplegget eller datainnsamlinga resulterer i data som er relevante for problemstillingane (Grønmo, 2016, s. 241). I denne studien har eg som nemnt nytta metoden

kvalitativt forskingsintervju. I dei neste avsnitta vil eg gå meir inn på omgrepa reliabilitet og validitet, og eg vil vise i kva grad det arbeidet eg har gjort, oppfyller krava.

Ein måte ein kan teste reliabiliteten til ei oppgåve er å nytte seg av ein «test-retest» metode. Ifølgje Postholm og Jacobsen (2018, s. 223) gjer ein dette ved å gjenta studien på eit anna tidspunkt for å sjå om resultatata er dei same. Ifølgje Neteland (2020, s. 65) har ikkje intervju som metode særleg høg reliabilitet om ein forstår reliabilitet som at det same resultatet skal kunne gjenskapast av meg eller ein annan forskar. Sjølv om eg eller ein annan forskar gjennomfører intervju på akkurat same måte med dei same informantane vil ein ikkje få dei same svara. Ei slik undersøking der ein får kvalitative data vil vere for fleksibel til at datainnsamlinga kan gjentakast på nøyaktig den same måten (Grønmo, 2016, s. 241). I tillegg nyttar ein ofte intervju for å sjå på samfunnsmessige fenomen, noko som ofte er i endring, og av den grunn er det ikkje alltid mogleg å gjennomføre gjentatte innsamlingar (Grønmo, 2016, s. 241). På bakgrunn av dette vil det å gjennomføre ein «test-retest» i mitt tilfelle vere vanskeleg. Menneskeleg erfaring, refleksjonar, kunnskap eller haldningar er nemleg alltid i utvikling, og forskarar tar med seg den subjektive og individuelle teorien inn i forskinga si (Postholm og Jacobsen, 2018, s. 223-224). Kvalitative studie er derimot mindre strukturert enn kvantitativ studie, og datainnsamlinga skiljast ikkje ut som ein separat fase i forskingsprosessen, men har nær tilknytning til analysen og tolkinga (Grønmo, 2016, s. 248-249).

Intervju kan vere ein god og truverdig forskingsmetode sjølv om det kan vere vanskeleg å teste reliabiliteten. Det ein slik metode derfor krev er at ein synleggjer datamaterialet slik at andre kan sjå korleis ein har utarbeidd intervjupersonen sine svar til si eiga tolking (Neteland, 2018, s. 65). Når ein skal synleggjere datamaterialet må ein vere ærleg om vala og vurderingane ein har tatt. I denne studien har eg heile tida forklart kva eg har gjort gjennom innsamlinga, og eg har grunnleggjende vurderingane i metodevalet mitt. I tillegg har eg vore open og kritisk til vala og vurderingane mine. Dette vil vere med å sikre reliabiliteten i denne studien min. Thagaard (2018, s. 188) skriv nemleg at som forskar må ein argumentere for reliabiliteten gjennom å gjere greie for utviklinga av data i løpet av forskingsprosessen, og at ein må argumentere for å overtale den kritiske lesaren om kvaliteten av forskinga og verdien av resultatata. Eg kan ha påverka studien gjennom subjektivitet og individuelle teori, men på bakgrunn av teorien og metoden eg har synleggjort vil ein kunne tenkje at om ein tok ei «test-retest» av studien min så ville resultatet blitt tilnærma likt som i denne studien.

Som nemnt over refererer validitet til datamaterialet sin gyldigheit med omsyn til problemstillingane som skal belysast (jf. Grønmo, 2016). Ifølgje Neteland (2020, s. 65) vil det å analysere transkriberinga av intervju med tydeleg definerte kodar eller kategoriar, eller klare meiningsfortettingar, i kombinasjon med å nytte sitat frå informantane, gi god validitet. Gjennom analysen min har eg derfor tatt omsyn til dette og valt å gjere dette med å til dømes nytte kodar som: nynorsk, skule, hovudmål og sosialt. Dette er ord som er direkte tatt ut i frå transkriberingane av intervjuet. Ut i frå kodane har eg også laga kategoriar. Dette blei gjort på denne måten: kode+kode = kategori. Til dømes hovudmål + sosialt = identitet, eller skule + nynorsk = eksponering. Til slutt kom eg fram til desse kategoriane: Eksponering, identitet, bevisstheit, språkval og tilpassing.

Ein kan også skilje mellom ulike typar validitet. Kva som er best type for vurdering av datamateriale kan derimot variere. For kvalitative studie er dei vanlegaste validitetstypene kompetansevaliditet, kommunikativ validitet, og pragmatisk validitet. Kompetanse validitet omhandlar forskaren sin kompetanse, som vil seie forskaren sine erfaringar, forutsetningar og kvalifikasjonar for innsamling av kvalitative data på det aktuelle forskingsfeltet (Grønmo, 2016, s. 255). I dette tilfellet vil eg vise til kapittel 1.3 eigen ståstad, der eg skriv om mine teoretiske og eigne perspektiv. Der kjem det mellom anna fram den teoretiske kunnskapen eg har om språkval og Sogn og Fjordane, og at min eigen ståstad er basert på at eg sjølv er ein nynorskbrukar frå Sogn og Fjordane som har studert i ein bokmålsdominert storby. Dette kan vere med å svekke validiteten ved at eg ikkje vil vere “nøytral” gjennom forskinga, og eg må derfor ta det i betraktning gjennom heile forskingsprosessen.

Den andre typen validitet, kommunikativ validitet, omhandlar dialogen og diskusjonen mellom forskaren og andre om materialet er godt og treffande ut i frå problemstillingane i studien (Grønmo, 2016, s. 255). I dette tilfellet nytta eg meg av kollegavaliditet som går ut på å diskutere og ha ein dialog saman med andre forskarar (Grønmo, 2016, s. 256). I denne studien diskuterte eg datamaterialet saman med rettleiarane mine. Vi kom fram til at datamaterialet ikkje hadde spesielle svakheiter eller avgrensingar i høve til problemstillinga, og at validiteten derfor kan bli sett på som tilfredsstillande.

Pragmatisk validitet omhandlar i kva grad datamaterialet og resultatane i studien dannar grunnlag for bestemte handlingar (Grønmo, 2016, s. 256). I dette tilfellet kan studien danne grunnlag for forbetring når det gjeld å ta vare på nynorskbrukarar. Dette inneber å gi dei ein større moglegheit til å bruke språket sitt ved å leggje til rette for at dei får utøve det og at dei

ikkje alltid føler at dei må forsvare språkvala sine. Nynorsk er endå eit språk som ofte blir nedprioritert og sett ned på trass i at det er ein stor del av identiteten til folk. Den pragmatiske validiteten til denne oppgåva vil eg derfor påstå er høg sidan det å kunne vere nynorskbrukar endå er noko ein må kjempe for.

#### **4.6 Forskingsetiske vurderingar**

Forskingsetikkloven (2017, § 4) seier at som forskar skal ein sikre at all forskning skjer i høve til anerkjente forskningsetiske normer både under førebuing av forskning, rapportering og andre forskingsrelaterte aktivitetar. Ifølgje Den nasjonal forskningsetiske komiteen for samfunnsvitskap og humaniora (NESH) skal forskningsetikk vere med å fremje fri, god og forsvarleg forskning, og bidra til å konstituere og sikre god vitskapeleg praksis (NESH, 2021). Som forskar skal ein søkje sanning, redelegheit og ærlegdom og ein har lover og reglar ein skal følgje. På bakgrunn av dette har NESH utarbeidd nokre forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitskap og humaniora. Eg vil no gå inn på nokre av dei forskningsetiske vala eg har gjort i denne studien med utgangspunkt i desse retningslinjene.

Ein av retningslinjene omhandlar personvern, og sidan eg skulle behandle personopplysningar og nytte lydopptak i intervju måtte eg melde prosjektet mitt til NSD, Norsk Senter For Forskingsdata. Eg sendte av gårde ein søknad som eg fekk godkjent (sjå vedlegg 1). Den omhandlar mellom anna at personopplysingane i studien ikkje skal vere lagra lenger enn nødvendig og lydopptaka blir derfor sletta ved prosjektslutt. Dette er eit av krava til NSD når ein arbeider med personopplysningar og det går under prinsippet konfidensialitet i retningslinjene til NESH.

Ei anna retningslinje NESH har handlar om samtykke til å delta i forskning. Den seier mellom anna at “Det forskningsetiske samtykke skal være frivillig, informert og utvetydig, og det bør være dokumenterbart” (NESH, 2021). Som eg har nemnt ovanfor lagde eg eit informasjonsskriv og i dette informasjonsskrivet (sjå vedlegg 2) var det ei samtykkeerklæring informantane skulle krysse av på og skrive under på. Sidan alle informantane mine var over 18 år hadde dei nok truleg kompetanse til å sjølve kunne ta valet om dei ville delta eller ikkje. I informasjonsskrivet gav eg tilstrekkeleg informasjon om føremålet til undersøkinga og korleis resultata skal nyttast (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 249). Der stod det kva føremålet med forskinga var, kva det innebar å delta, korleis personvern blei ivaretatt, og rettane til

deltakarane og kontaktopplysningar. Grunnen til at skriv at eg gav tilstrekkeleg informasjon er fordi eg utelet at eg også ville ha informasjon om informantane hadde bytt skriftspråk og haldningane deira til skriftspråket. Dette gjorde eg på bakgrunn av at nokre gonger kan det å gi for mykje informasjon til informantane spele inn på handlingane og interaksjonane som utspelar seg i intervjuet, noko som kan påverke forskinga (Postholm & Jacobsen, 2018, s. 248). Eg vil også kort nemne at eg valte å minne deltakarane på rettighetene deira og informere dei endå litt meir om korleis intervjuet kom til å bli gjennomført når eg møtte intervjudeltakarane. Alle hadde også skrive under på samtykkeskjema før intervjuet tok til.

I innleiingskapittelet, 1.3 *Eigen ståstad* nemner eg NESH si retningslinje om openheit om finansiering, roller og interesser. I kvalitativ forskning er forskaren eit forskingsinstrumentet, og Postholm (2010, s. 127) understrekar kor viktig det er at dette instrumentet er skildra godt. På bakgrunn av dette greier eg ut i kapittel 1.3 om mitt eige teoretisk perspektiv og eige utgangspunkt. Dette kan vere med å gi lesaren og informantane ei større forståing for meg som forskar og kva som ligg til grunn for resultatata forskinga mi presenterer. Dette er med på å sikre forskinga sin truverdigheit og legitimitet.

## 5 Presentasjon av funn og drøfting

I dette kapitlet vil eg presentere funna frå intervjuet og drøfte dei opp mot relevant teori. Eg vil dele kapitlet opp i to hovuddelar: *Språkval* og *grunnar for språkvala*. Den første delen vil vere ein deskriptiv presentasjon av språkval som har kome fram i intervjuet. Den andre delen av dette kapitlet vil vere sjølvdrøftinga i oppgåva. Her vil eg drøfte språkvala til studentane gjennom å gjere greie for grunnar for språkvala ut i frå tre kategoriar: *Tilpassing*, *eksponering* og *språkleg identitet*. Desse kategoriane er nøye utarbeidd frå analysen min.

### 5.1 Språkval studentane tek

I denne delen av oppgåva vil eg presentere språkvala som kom fram i intervjuet. Vala kan ein kategorisere under hovudoverskriftene: språkskifte og språkveksling.

#### 5.1.1 Språkskifte

Det var overraskande lite funn i studien min knytt til språkskifte, då både tidlegare forskning (jf. Grepstad, 2015, Staalesen, 2014, Wold, 2020) og teori viser til at språkskifte frå nynorsk til bokmål er svært vanleg. I tillegg viser også Grepstad (2015, s. 236) til at språkstabiliteten i Sogn og Fjordane slo sprekkar når dei unge vaksne drog til academia. Av dei seks deltakarane var det berre ein som hadde gjort det ein karakteriserer som eit språkskifte.

Student C hadde skifta frå nynorsk til bokmål som hovudmål etter vidaregåande:

No skriv eg bokmål [...] Eg skreiv jo nynorsk heile barneskulen og ungdomskulen, og når eg flytta til [namn på området der hen gjekk på vidaregåande] så skreiv eg nynorsk i starten og kunne fortsett å ha nynorsk som hovudmål. Eg hadde det som hovudmål, så eg skreiv det på eksamen i 3.klasse. Så i norsk så brukte eg nynorsk som hovudmål, men i andre fag så var det lett at det blei bokmål når bøkene eg hadde var på bokmål og oppgåvene vi fekk utdelt var på bokmål. Vanskeleg å variere mellom når du lese bokmål og så skrive nynorsk så der trur eg det blei ein litt flytande overgang, og no nyttar eg kun bokmål med mindre eg skriv meldingar. Viss eg skriv meldingar med folk heime i frå skriv eg vertfall nynorsk. (Student C)

Som ein kan sjå er studenten no bokmålsbrukar, men var tidlegare nynorskbrukar. Det er tydeleg at hen prøvde å halde på nynorsk til ein viss grad på vidaregåande, men det var då språkskifteprosessen starta med ei språkveksling. Dette kan vise til det Proba analysen rapportere om, at det er i løpet av grunnskule eller vidaregåande det er eit fråfall av tal nynorskelevar (Staalesen, 2014). I tillegg viser Lunde (2020, s. 139) at elevane som bytte til bokmål i hennar studie kunne skulde på at det var tvang i frå skule. Her kan ein diskutere om dette er tilfellet med student C, og om det eventuelt var indirekte tvang. Det verkar som hen fekk noko tilrettelegging til å skrive nynorsk, men svært lite. Sitatet kan også vere eit døme på eit val studenten tok knytt til språkveksling, men dette kjem eg tilbake til. Seinare i intervjuet med student C kjem det derimot tydeleg fram at hen no er bokmålsbrukar. Følgjande sitat kan påpeike det:

No er det [å nytte bokmål] ganske naturleg når eg skriv. Då tenkjer eg nok ikkje over det. Då trur eg eg måtte ha anstrengt meg meir for å skrive nynorsk. [...] (Student C)

[...] Det var jo gruppeoppgåve då, og då er det lett å velje at det blir bokmål, i vertfall når 3 av 4, altså visst eg hadde skrive nynorsk då, då hadde 3 av 4 skrive bokmål. Då hadde det vore lett at eg hadde tilpassa meg, men det tenkte eg aldri på som eit problem då. [...] (Student C)

Her ser ein at studenten både seier direkte at hen no er bokmålsbrukar i det første sitatet, men også indirekte i det andre. I det andre sitatet viser hen til det i eit spesifikt språkval med å seie «viss eg hadde skrive nynorsk då», noko som kan gjere at ein kan tolke at hen vil vanlegvis skrive bokmål i ein slik skrivesituasjon. Eit anna val, knytt til språkskifte, som student C påstår at hen moglegvis ville gjort var å skifte tilbake igjen til nynorsk:

Eg trur jo viss eg hadde flytta heim igjen at eg ville prøvd å skrive nynorsk då. Ja, det tippa eg. [...] (Student C)

Studenten seier ikkje direkte at hen ville ha skifta tilbake igjen til nynorsk om hen kom tilbake til Sogn og Fjordane, men hen ville ha prøvd. Det kan vise til eit mogleg språkskifte eller i alle fall starten på ein språkskifteprosess. Sidan majoritetsspråket i Sogn og Fjordane er nynorsk vil det bli riktig å kalle det å gå i frå bokmål til nynorsk eit språkskifte i dette området.

### 5.1.2 Språkveksling

Når det gjeld språkveksling var det ulikt kor mykje språkval som kom fram i kvart intervju knytt til dette. Dette kan tale både for og imot det tidlegare forskning viser til om at språkveksling er eit kjent fenomen hos dei med nynorsk som målform (jf. Idsøe, 2016, Helset og Brunstad, 2020, Rotevatn, 2014). På grunn av omfanget til oppgåva, og at dei same språkvekslingane viste seg igjen i fleire intervju, vel eg å vise fram nokre utvalde språkval frå kvar student knytt til språkveksling. Dette er nokre av språkvala knytt til språkveksling som kom fram:

[...] Men det skjer nokre gongar at eg enten må skrive bokmål fordi eg er på gruppe med andre som skriv det, og dei ikkje forstår meg, og så av og til berre vel eg det av at eg har lyst til å prøve noko nytt. (Student A)

[...]Så når eg skrive til vener og sånn så skriv eg type dialekt litt meir sånn typisk... Og ein ja, det er jo, eg merkar jo at eg har ein tendens til å blande litt ord og sånn frå bokmålsord eller andre dialektord. (Student D)

[...]Eg opplever at nokon gonger eg skal på finn å kjøpe ting, så har eg skrive på bokmål berre fordi eg orka ikkje å omsetje det. Eg veit ikkje heilt kvifor eigentleg. [oppfølgingsspørsmål: Kva meiner du med at du ikkje orkar]. Nei, fordi visst dei spør... Eg veit ikkje. Eg berre føler at eg verkar meir som ein sånn bondeperson viss eg skal skrive det på dialekta mi då. Eg pleier jo eigentleg, til alle andre så skriv eg, «kvar skal vi møtast» og ikkje «hvor» liksom eller «kass», for då skriv eg på dialekt då. Så dei fleste gongane eg skriv uformelt så skriv eg på dialekt, men det er nokre gongar, altså i nokre tilfelle der eg skriv berre på bokmål fordi eg opplever det som enklare å kommunisere med folk då (Student F)

[...] Eg skriv ikkje skriftspråket nynorsk når eg skriv melding til mamma liksom. (Student B)

[...] Eg merkar det sjølv òg viss eg skal notere fort der lærarane eller forelesaren snakkar bokmål, så noterer eg på bokmål berre fordi eg noterer ned akkurat det eg høyrer. Men det er jo ikkje sånn, det er ikkje fordi eg ikkje vil notere på nynorsk. Det er jo, ja, går det på engelsk så noterer eg på engelsk. Eg brukar ikkje tid på å omsetje. (Student B)



Der [I ev. framtidig som jobb som sjukepleiar] og er det jo litt, ja viss ein jobbar på eit sjukehus her i [namn på studieby] då for eksempel, ein kan nok ofte møte på litt sånn... viss det er noko ein pasient skal forstå, så kanskje skriv eller kanskje ein bør skrive på eller velje det skriftspråket, viss du har snakka med den pasienten då, som er liksom mest nært. Eller så er det jo, er det ikkje sånn at viss du jobbar i staten så skal du skrive til andre på det hovudmålet dei har, eller sånn dei skrive til deg eller eit eller anna? Eg syns vertfall å ha høyrte at i nokre jobbar så skal du, og det er jo på ein måte høfleg generelt då, visst du får ein mail, og skrive tilbake på det skriftspråket. (Student E)

Her kjem det fram fleire språkval studentane tar/vil ta knytt til språkveksling og nokre av desse døma ser ein igjen hos fleire av dei. Student A språkvekslar til dømes i gruppearbeid. Dette såg ein også igjen hos student D, student B og student F. Ekeland (2022, s. 42) viser også til at studentane i hennar studien gjorde slik i samskriving med andre som skreiv bokmål. Det skal seiast at hos studentane B og F kom svaret ut i frå ein tenkt situasjon då dei hadde hatt lite gruppearbeid i studia sine. Ein såg også at student A valte å veksle mellom nynorsk og bokmål nokre gonger i individuelle skrivesituasjonar «for moro skuld». Sitatet til student F viser til at studenten veksler mellom dialektskriving og bokmål i ein uformell skrivesituasjon, men at om mottakar er ukjent vel hen å nytte bokmål, fordi det er «enklare» å kommunisere med folk. Slike val kan ein også sjå igjen hos student A, student D og student B. Dette er ikkje uvanleg og både Wold (2020) og Idsøe (2016) viser til slike språkval blant nynorskbrukarar.

Dialektskriving i uformelle situasjonar, som student F også nemner, kan ein også sjå igjen hos student C og E. Rotevatn (2014), Helset og Brunstad (2020), Ekeland (2022) og Eiksund (2019) kan alle vise til at dialektnærskriving i uformelle situasjonar som skriving på sosiale medium, kommunikasjon med vener osv., er eit vanleg språkval å ta for dei som er/har vore nynorskbrukarar. Når det gjeld Student B sitt sitat ser ein at studenten vel å veksle mellom bokmål, nynorsk og engelsk i notatsituasjonar alt etter kva hen blir eksponert for i den spesifikke notatsituasjonen. Helset & Brunstad (2020, s. 106) ser også dette hos elevane i sin studie. Dette kunne ein også sjå hos student D og student F, men for student D var det veksling mellom nynorsk, bokmål og engelsk, og for student F var det veksling mellom nynorsk og bokmål. Helset & Brunstad (2020, s. 106) ser også at noteringa til elevane i sin studie ofte var avhengig av språket som blei brukt av lærar. Samtidig skriv Ekeland (2022, s. 44) at kva skriftspråk som blir nytta i undervisninga verkar å vere ein vesentleg faktor for kva

språk studentane hennar nyttar i ein noteringssituasjon.

Det andre utdraget sitert over viser til eit språkval knytt til uformell skriving til vener. Her ser ein at student D vekslar mellom både dialektskriving, bokmål og nynorsk. Dette såg ein også igjen hos student A, medan student B, E og F kunne også språkveksle i dei same situasjonane, men då berre med dialektskriving. Her kan ein nemne språkvalet til student C som ein ser i sitatet ovanfor knytt til språkskifte. Her viser student C at hen også språkvekslar i uformell skriving med andre, spesielt i kommunikasjon med vener og familie heimanfrå. Når det gjeld det siste sitatet er dette ein tenkt situasjon kring framtidig jobb som studenten svarar ut i frå. Her ser ein at studenten går litt fram og tilbake og er litt usikker på kva hen vil gjere, men viser til slutt til ei eventuell språkveksling alt etter mottakar. Denne tanken kom også fram hos student A, D og C der dei svarte det same som E om at dei ville språkveksle etter mottakar. Men hos student A ser ein derimot at språkveksling til bokmål i jobbsamanheng verkar som eit meir permanent val. Følgjande sitat kan vise til dette:

[...] Ja, det kan eg og seie, eg vel å skrive bokmål på jobb. På tavla og då, dei gongane eg har tenkt eg skal prøve å skrive nynorsk, det har eg gjort av og til, då får eg med ein gong kommentar på at dei ser at eg har skrive nynorsk då, og liksom tulla litt med det. Det synst ikkje eg er dumt, det er berre morosamt, men det kan kanskje ta fokuset vekk. Eller viss du berre vil at dei skal jobbe med ein gong så må du liksom berre gjere noko dei ikkje blir distraherert over då, men ja. Ved at eg er i [namn på studieby] så merkar eg det på jobb at...kva skulle eg seie...? At eg ikkje kan bruke det skriftspråket eg ville ha brukt, fordi at dei er vant med noko anna. Men eg fekk ei forståing av at eg var på ein praksisskule som liksom skulle vere nynorsk, men dei kunne nynorsk like dårleg som dei andre skulane eg hadde vore på. (Student A)

[...] Men eg har tatt meg sjølv i å skrive ein del bokmål no i praksis og sånn. Så då trur eg eg kjem til å gjere det i framtida. (Student A)

Her ser ein at studenten har tatt eit val om å skrive bokmål på jobb, men hen kan veksle mellom nynorsk og bokmål nokre gonger. Det verkar derimot som at valet om å skrive bokmål på jobb er eit meir permanent val enn valet om å veksle mellom nynorsk og bokmål, noko ein kan tolke frå det andre sitatet. Eg vil også peike på det studenten kommenterer i sitatet om at å skrive nynorsk ofte har vore ein «distraksjon» som har tatt vekk fokuset til andre. Dette kan vise til at valet kan ha noko med haldningar studenten blir møtt med, men

dette kjem eg tilbake til.

Som ein kan sjå blei det tatt fleire val knytt til språkveksling, men spesielt hos dei som rapporterer å vere nynorskbrukarar (student A, B, D, E og F). Dette er eit interessant funn då fem av seks studentar hevdar å vere nynorskbrukarar.

## **5.2 Grunnar for språkvala**

Eg har no presentert språkval deltakarane gjer og vil gå vidare til å sjå på grunnar som ligg bak vala presentert i 5.1. Drøftinga vil ta utgangspunkt i tre kategoriar som framstiller grunnar for språkvala. Desse tre kategoriane, som er resultat av kodeprosessen presentert i metodekapittelet, samt språkteorien eg viser til i oppgåva, er eksponering, tilpassing og språk og identitet.

### *5.2.1 Eksponering*

I Ekeland (2020) sin master kom det fram at stor bokmåleksponering var ein av grunnane til at studentar skifta frå nynorsk til bokmål. Dette kan ein også sjå igjen i denne studien. I alle intervjuva kom det fram at dei hadde større eksponering for bokmål enn for nynorsk i kvardagen sin. Nokre påstod til og med at dei blei meir eksponert for engelsk enn for nynorsk. Følgjande sitat kan påpeike den lite nynorskdominerte kvardagen til studentane:

Det er mest enten på engelsk eller på bokmål [I studiesamanheng]. Det er ingenting som er på nynorsk. [...]. Eg føler at mitt nivå av tilrettelegging er at du får lov til å skrive på det språket du vil, det skal ikkje ha noko å seie, og det må jo du, tenkjer eg. Likestilt språk sånn sett [...] (Student F)

Ja, det er mange som skriv bokmål. Ja, også har vi nokon i klassen som er i frå Sogn og Fjordane, og då skriv dei nynorsk. Men eg har jo flest vener som ikkje skriv nynorsk. (Student A)

Det er jo klart mest bokmål. Det er jo sånn frå nyheiter og tv og, ja, studievener. Det er jo, det meste går jo på bokmål her i [namn på studieby] [...] Og det ser ein jo på sosiale medium og sånn og, at folk skriv jo type sånn akkurat sånn som dei snakkar. Så det er eigentleg lite av den reine nynorsken, ja, men kanskje ikkje så mykje av rein bokmål

heller. For når eg tenkjer meg om så har eg ikkje på teksting på tv-en eller så det er kanskje når eg les vg då, men... også les eg jo bøker på bokmål då[...] (Student B)

Som ein kan sjå viser student F til både å få eksponering for engelsk og bokmål i studiekvardagen sin. Samtidig viser hen til at det blir lite lagt opp til å vere nynorskbrukar då den einaste tilrettelegginga er at ein får velje kva språk ein vil skrive. Student A, C, og D viser også i intervju sine at det mykje bokmål og engelsk dei blir eksponert for i studia sine og lite eller ingen nynorsk. Det andre sitatet viser til at den sosiale omgangskrinsen til studentane også er dominert av bokmål. Ein av studentane kunne nemne at hen hadde så lite som 2-3 personar i omgangskrinsen sin som skreiv nynorsk, medan dei andre kunne vise til noko meir, men dei var ganske klare på at det var bokmål som dominerte. Det siste sitatet viser til den store bokmåleksponeringa dei fekk generelt i kvardagen. Nyheiter, sosiale medium, bøker osv, var nokre døme student B kom med. Student E gav også dei same døma, og dei andre studentane hadde liknande utsegn.

Med utgangspunkt i desse sitata og språkvala i 5.1. kan ein drøfte om studentane har komme inn det Haugen (1953, s. 369) kallar for ein akkulturasjonsprosess. At studentane har gått i frå Sogn og Fjordane som er eit nynorsk kjerneområde og har ein nynorsk skrivekultur, til ulike storbyar med stor vekt på ein bokmålkultur, men også ein større globaliseringskultur, gjer dei automatisk meir sårbare. Det engelske språket er kome inn i det norske saman med globaliseringa, og det vil ikkje verke i nynorskbrukarar sine favør då dei er ei minoritetsgruppe frå før. Ifølgje Røyneland (2008, s. 65) er demografi ein av fire samfunnsorienterte faktorar som påverkar språkskifte og bevaringsprosessen av språk, og globalisering og urbanisering er under den økonomiske faktoren.

Som ein av dei fire faktorane finn ein også institusjonell stønad (Røyneland, 2008, s. 65). Fråvære av nynorskeksponering i studiesamanheng og media kan argumenterast for å vere ein av grunnane til språkvala til studentane. Ifølgje Fishman (1964) i Lunde (202, s. 121-122) skjer språkskifte i ein majoritet-minoritet-relasjon der minoriteten tar til å nytte majoritetsspråket enten ved eit språkskifte eller kodeveksling/språkveksling. Som ein såg i kapittel 5.1. var dei fleire av nynorskbrukarane som tok språkval om å språkveksle i ulike situasjonar i studiesamanheng, og student C som skifta til bokmål starta først med å språkveksle før hen skifta. Nokre av språkvala nynorskbrukarane gjorde var å språkveksle i notatskriving, gruppearbeid, og ein nynorskbrukar gjorde det til og med på eksamen for «moro skuld», medan bokmålsbrukaren språkveksla alt etter kva fag hen hadde. Det skal

nemast at for student C skjedde denne språkskiftinga på vidaregåande, noko som ikkje er uvanleg som tidlegare forskning (t.d. Grepstad, 2015, Staalesen, 2014, Wold, 2020) kan vise til. Student C kan vere eit døme i seg sjølv på at større bokmåleksponering kan føre til språkskifte. Det kan følgjande sitat vise til:

Eg trur nok kanskje det var litt av det som bikka meg over på vgs, at bøker var på bokmål, forelesingar eller undervisninga var på bokmål, og at då er det automatisk lettare, når du har lese ei setning eller ein definisjon og skal notere den, at du skriv ned det som står i staden for at du må omsetje det. [...] (student C)

No er det ganske naturleg når eg skriv [bokmål], då tenkjer eg nok ikkje over det, då trur eg eg måtte ha anstrengt meg meir for å skrive nynorsk. Å finne gode nynorske ord for ord som eg tenkjer ein eigentleg kan bruke i nynorsk då. No trur eg at eg måtte ha anstrengt meg meir om eg skulle ha skrive ein nynorsk tekst. [...] (Student C)

Her ser ein at studenten tydeleg viser til at det var bokmåleksponeringa som fekk hen til å skifte frå nynorsk til bokmål, med bakgrunn i at det var enklare å forhalde seg til berre eitt språk. Dette ser ein også igjen i funna til Ekeland (2020). I tillegg ser ein at påverknaden det har hatt på hen har gjort at hen ikkje lenger er like tospråkleg som hen var. Hen viser til at det no er meir anstrengande å skrive nynorsk enn bokmål. Dette kan mellom anna ha noko med den institusjonelle stønaden å gjere då hen har gått i frå å vere ein elev med fleire språklege rettar til å vere student med få språklege rettar. På høgare utdanning har ein nemleg ikkje rett til å få undervisning i eller på nynorsk (Ekeland, 2022, s. 45). Ifølgje Røyneland (2008, s. 66) er minoritetsspråk i utdanning særleg viktig for bevaring av språket. Som ein kunne sjå var det lite av dette hos studenten til og med på vidaregåande. Bjørhusdal (2014) hevdar at det har vore ein mangel på ei reell jamstilling mellom språka, då rettane til nynorskbrukarane har vorte spegla i dei same rettane som bokmålsbrukarane. På bakgrunn av dette kan ein tolke at å gå i frå å vere elev i eit nynorsk dominert område til å vere elev og så student i eit bokmål dominert område, har gjort at det var enklare å nytte bokmål. Mangelen på institusjonell stønad i høve til nynorsk kan ha vore med å påverka valet studenten har tatt om språkskifte.

Ein ser også det same hos dei andre studentane då dei også har gått i frå å vere elevar i område dominerte av nynorsk til å vere studentar i område dominerte av bokmål. Fleire av dei viste til at i Sogn og Fjordane var det stor eksponering for nynorsk samtidig som dei blei eksponert for bokmål:

Ein merkar jo at når ein veks opp med nyheiter, tv og etter kvart då sosiale medium kom, så er det jo bokmål det går i. [...] samtidig som at vi blir eksponerte for nynorsk sidan det er talemål, og ja, som sagt Sogn og Fjordane er kjempeflinke på å eksponere oss for nynorsk og. Skrive mykje nynorsk. Nyheiter, reklameplakatar, alt saman er eigentleg på nynorsk i Sogn og Fjordane, og viss ikkje så får dei høyre det. [...]

(Student B)

[...]For oss er det det vi har liksom lært med morsmjølka, både bokmål og nynorsk, fordi bokmål er så mykje del av våre, altså det er så stor del av det som skjer på nyheitene og i dagsorden då generelt, og vi får liksom berre påverknad frå bokmål, og viss ein for eksempel skal dubbe ein film så er det ofte på bokmål. Det er liksom veldig sjeldan at det er vår dialekt [...]. (Student F)

Det er tydeleg at bokmål har fått større institusjonell stønad enn nynorsk, og at dette har vore ein faktor som har påverka studentane. Då dei var i Sogn og Fjordane fekk dei gjerne ei god blanding mellom nynorsk og bokmål, noko som for deira del har gjort at dei har kompetanse i begge språka, men no er det mest bokmål dei blir eksponert for. At språkveksling er ein del av kvardagen til studentane er kanskje ikkje så rart då dei no blir møtt med meir bokmål, og har færre språklege rettar som hjelper dei til å halde på nynorsken.

Det er tydeleg at større bokmåleksponering var det som førte til eit språkskifte hos student C. Dersom ein skulle evaluere den noverande språklege praksisen til student C med bakgrunn i Haugen (1953) sin modell, kunne ein argumentert for at hen er i fase fem av språkskifteprosessen, altså gjennomført språkskifte og ein språkleg kompetanse i majoritetsspråket (sjå figur 1). Likevel blir student C «halden att» i å skifta 100% til bokmål av kommunikasjonen med familie og vener frå Sogn og Fjordane, som går føre seg på nynorsk. Derfor kunne ein også argumentere for at hen framleis er i fase fire i Haugen (1953) sin modell. Sidan ein er inne på denne modellen kan ein også sjå på vala til dei andre studentane i lys av denne prosessen, og Ekeland (2022) sitt funn om kompetanseforskjellar. Noko ein må ta omsyn til i denne tolkinga er at ein ikkje har direkte bevis på kompetansen til studentane i denne studien, men at det er basert på tolkingar ut i frå utsegna deira.

Ekeland (2022, s. 59) hevdar at det ser ut som kompetanseforskjellen mellom nynorskbrukarar og bokmålsbrukarar er ein av grunnane til at studentane skifta frå nynorsk til bokmål. Sidan bokmål og nynorsk er gjensidig forståelege kan ein tenkje seg at alle

studentane i denne studien har noko kompetanse i begge språka. Dei tok alle val om å språkveksle innimellom, men nynorskbrukarane var dei som gjorde det mest.

Bokmålsbrukaren gjorde det sjeldan og heldt seg oftast til bokmål. Dette kan vise til at nynorskbrukarane har fullt herredøme over minoritetsspråket (nynorsk), men også ein viss kompetanse i majoritetsspråket (jf. Haugen, 1953). Skulle ein ha knytt dei opp mot Haugen sin modell kunne ein då ha sett alle studentane i fase 2 (sjå figur 1). Definisjonen av bokmål og nynorsk som eigne språk eller ulike varietetar av eitt språk er derimot omstridt, noko som gjer det vanskeleg å knyte vala deira direkte opp mot Haugen (1953) sin modell, då kompetansemålet på eit vis er mindre relevant.

Ekeland (2022, s. 41) såg ein samanheng med kompetanseforskjellen og bokmåls eksponeringa studentane blei utsett for. Dette kan ein også sjå hos nynorskbrukarane i denne studien:

[...] Eg følte vi [nynorskbrukarar] hadde ein veldig naturleg inngang til å bruke bokmål som sidemål. Vi har høyrte det mykje på barne-tv og når folk syng så er det ofte på austlandsk liksom, og, ja, tv og sånn. Så eg føle på ein måte at det har vore ganske lett å bruke bokmål då. [...] (Student E)

[...] Det er lett å skrive bokmål fordi alle kan det på ein måte. Ved at eg har vakse opp med nynorsk, så kan eg både nynorsk og bokmål ganske lett føler eg. [...] (Student A)

Her ser ein at student E og A viser til at det er «lett» å bruke bokmål med bakgrunn i eksponeringa dei har fått for bokmål. Ifølgje Idsøe (2016, s. 125) er ein av grunnane til språkskifte frå nynorsk til bokmål at folk ser på bokmål som «enklare». Desse studentane har ikkje språkskifta, men ein kan diskutere vala dei tar om å veksle ut frå dette. Hadde det vore målbart med Haugen (1953) sin modell (sjå figur 1) kunne ein argumentert for at nynorskbrukarane var i fase tre då det, ut i frå sitata, verka som dei hadde fullt herredøme over begge språka. Sidan ein derimot ikkje kan knyte det direkte opp mot den modellen kan sitata berre seie noko om den språklege praksisen deira i høve den store bokmåls eksponeringa dei hevdar å ha fått. Dette kan vise til den andre aksen Røyneland (2008, s. 66) hevdar at språkskifteprosessen følgjer, nemleg domeneaksen. Det at fleire og fleire domene i samfunnet som t.d. institusjonell stønad, status, økonomi og demografi har blitt tatt over av bokmål, gjer at dei har fått meir eksponering for det, og at dei då kan vere meir påverkelege. Dette kan igjen føre til språkvekslinga som vi ser hos studentane jf. 5.1.

### 5.2.2 Tilpassing

I kapittel 5.1. såg ein at språkvala studentane tok omhandla språkskifte og språkveksling. Spesielt såg ein at nynorskbrukarane ofte språkveksla ut i frå mottakar eller situasjonar. Student A skreiv til dømes bokmål i gruppearbeid med andre som skreiv bokmål og i jobbsamanheng. Student B språkveksla mellom å notere på nynorsk, bokmål eller engelsk. Student D veksla mellom nynorsk, bokmål, og dialekt med vener, medan student F språkveksla mellom å skrive bokmål i kommunikasjon med ukjente personar, fordi hen ikkje ville bli oppfatta om «bondsk» eller redd for å ikkje bli forstått, og skreiv dialekt med vener. Dette var ikkje ukjente funn då tidlegare forskning som Idsøe (2016), Eiksund (2019), Helset & Brunstad (2020) og Rotevatn (2014) alle viser til den same tendensen. Når ein no ser på kvifor studentane tar desse språkvala vil det vere naturleg å drøfte språkvala ut i frå den språklege tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien.

Grunntanken til den språklege tilpassingsteorien var eit ynskje om å forstå og forklare dei individuelle vekslingane språkbrukarar ofte gjer, og eit grunnleggjande trekk ved teorien er at den ser på språkleg åtferd som ein «sosial» respons (Mæhlum, 2008, s. 112). I språkvala til studentane som hevdar å vere nynorskbrukarar i denne studien ser ein at dei ofte vekslar mellom å konvergere og divergere alt etter mottakar og situasjon. At dei vel å gjere dette kan vise at dei i nokre situasjonar eller med nokre mottakarar, er komfortable med å oppretthalde den språklege forskjellen, medan i andre er dei det ikkje. Ta student F som eit døme. I sitatet frå kapittel 5.1. viser hen til at med ukjente personar vel hen nokre gonger å konvergere på bakgrunn av å ikkje ville skilje seg ut og bli møtt med negative haldningar. Ei stereotypisk haldning nynorskbrukarar ofte blir møtte med er akkurat den haldninga student F skildrar, å bli oppfatta som «bondsk» (Mæhlum, 2007, s. 196). Wold (2020) kan i artikkelen sin også vise til desse type haldningar knytt til nynorskbrukarar. Det er då gjerne ikkje så rart at student F ikkje «orkar» å halde seg til nynorsk i situasjonar der mottakaren er ukjent. Ifølgje Mæhlum (2008, s. 114) er det ein relevant strategi å tilpasse seg mottakaren sitt språk for å unngå å bli tillagt bestemte stereotypiske haldningar. Dette kan ein også diskutere valet til student A om å bruke bokmål i gruppearbeid og jobbsamanheng ut i frå. Hen viser nemleg til å bli møtte med haldningar som:

[...] «å du snakkar så breitt». (Student A)



[...] dei gongane eg har tenkt eg skal prøve å skrive nynorsk, det har eg gjort av og til, då får eg med ein gong kommentar på at dei ser at eg har skrive nynorsk då. Og liksom tulla litt med det [...] (Student A)

Her ser ein at det er tydeleg at studenten har fått kommentarar på språkbruken sin, noko som kan tolkast som stigmatiserande haldningar. Dette kan vere med å gjere at studenten sjølv ser på nynorsken som mindre viktig og derfor vel å veksle. Wold (2020) viser nemleg til at stigmatiserande haldningar til nynorsk kan gjere dette. Student B hadde også eit døme på eit val om å veksle på bakgrunn av haldningar. Følgjande sitat kan vise det:

[...] Eg skal innrømme at når eg for eksempel sende inn klage til Gina Tricot, eller eit eller anna sånn, så kan eg skrive på bokmål berre for å, ja, eg tenkjer då går det kanskje unna fortare. [...] (Student B)

Studenten vel å konvergere i denne situasjonen for å kome fram i køa, og for å få klagen sin lesen. Ein kan tolke at hen trur at hadde hen skrive på nynorsk hadde det kanskje ikkje blitt tatt like seriøst og klagen ville kanskje ikkje kome gjennom. I tillegg kan det også vere mogleg at hen er redd for å ikkje bli forstått, og hen vel derfor å markere språkleg nærleik (jf. Røyneland, 2008, s. 53) for å ikkje gi mottakaren ein moglegheit til danne seg eit stereotypisk bilde av hen (jf. Mæhlum, 2008, s. 114). Ein kompetanseforskjell kjem inn i bilde, noko som ifølgje Ekeland 2022, s. 59) er ein av grunnane til at nynorskbrukarar byter til bokmål. Kompetanseforskjellar og haldningar kan ein også diskutere ut i frå student A sitt val om å skifte til bokmål i gruppe og jobbsamanheng. Dette sa studenten då hen skulle grunngje kvifor hen ofte valte bokmål i gruppearbeid:

[...] Dei eg kjenner som ikkje skriv nynorsk har ein veldig sånn på ein måte ikkje stereotypisk, men, ja, ein sånn tanke om nynorsk er så... dei synst det er så avansert og vanskeleg og, ja, liksom breitt at med «ein sokk», det ordet kan ikkje vere så enkelt, det må, veit ikkje eg, vere “sauk” eller noko sånt liksom. [...]

Som ein ser seier student A at dei som ho kjenner som ikkje skriv nynorsk ser på nynorsk som avansert, vanskeleg og breitt. At kompetanseforskjellen mellom bokmålsbrukarar og nynorskbrukar er så stor som den er, gjer ofte at det er vanskeleg for nynorskbrukarar å skulle halde på språket, fordi dei kan oppleve å ikkje bli forstått eller å alltid måtte føye seg til bokmålsbrukarane uansett. Ekeland (2022) sin studie kan vere eit døme på at det er enklare

for nynorskbrukarane å skifte til bokmål enn å skulle ta opp kampen om å måtte forsvare og forklare språkvala sine heile tida. I tillegg til kompetanseforskjellar viser også sitatet til student A til eventuelle stereotypiske haldningar som bokmålsbrukarar har til nynorsk. Som Wold (2020) viser til blir nynorsk ofte sett på som «flaut», «gamaldags» eller «bondsk». Dette kan også ligge til grunn for kvifor studenten vel å konvergere i desse situasjonane. I staden for å bli møtt med desse haldningane er det like enkelt for hen å skifte til bokmål i dei situasjonane sidan hen påstår å ha god kompetanse i begge.

Ein kan også kome inn på det eg tidlegare har nemnt om å språkveksle i situasjonar med ukjente mottakarar ut i frå sitata til student B og A. Her kan ein tolke at det er ikkje alltid ein kjenner dei personane ein må forhalde seg til enten om det er på mail eller i gruppe, og at ein derfor ikkje alltid er komfortabel med å ta opp «kampen» for nynorsken. Det er trass alt det ein må gjere då ein er i mindretal som nynorskbrukar. Thingnes (2020) viser mellom anna til at det ofte er slik at når nynorsk er i ein minoritetsposisjon fører det til at alle språkval ein tar ofte må forklarast og forsvarast. Ein kan diskutere, på bakgrunn av dette, om det at studentane tar val om å konvergere med ukjente personar kan vere basert på ein nøytraliseringsstrategi. Om dei då føyer seg til majoriteten, og skriv det språket som flest kan, så slepp dei kanskje å møte desse haldningane, og å alltid må forsvare og forklare språkvala sine.

Det mest grunnleggjande trekket med tilpassingsteorien er at språkleg åtferd er ein form for «sosial respons» (Mæhlum, 2008, s. 112). Den sosiale nettverksteorien ser på korleis sosiale nettverk er viktige for språkvala og språkhaldningane våre. For desse studentane såg ein at i den sosiale omkrinsen deira var det mykje bruk av ulike dialektar, men det var tydeleg at det likevel var mykje bokmålsdominans. Det kan følgjande sitat vise til:

Ja, det er mange som skriv bokmål. Ja, og så har vi nokon i klassen som er i frå Sogn og Fjordane og då skriv dei nynorsk. Men eg har jo flest venner som ikkje skrivi nynorsk. [...] (Student A)

Nei, dei fleste skriv vel på bokmål, eg har vel berre 2-3 venner her i [namn på studieby] som skriv på nynorsk. (Student F)

Her ser ein at student A og F sin sosiale omgangskrins består mest av folk som skriv bokmål. Dette gjaldt også dei andre studentane, noko som ikkje er så merkeleg då dei alle bur i ein bokmålsdominert storby, og at dei er studentar. Som student kjem ein ofte i klasse med mange

i frå ulike område, og sidan Noreg generelt er bokmålsdominert vil det vere naturleg å tenkje at det er bokmål som vil vere i fleirtal. Korleis dette har påverka studentane er derimot ulikt. Her kan ein diskutere deira bruk av dialektskriving i kommunikasjon med andre. Som nemnt ovanfor kan dialektskriving vere ein måte å nøytralisere seg på. Ein viser ikkje til at ein tar stilling til eit spesifikt skriftspråk, fordi dialektskriving ofte består av ei blanding av ulike språk. Samtidig skreiv Vikør (2011, s. 53) at dialektskriving for nynorskbrukarar var ein måte å formidle identiteten deira på.

I denne studien var det særleg nynorskbrukarane som viste til å bruke dialektskriving, medan bokmålsbrukaren viste til å bruke normert skrivning i kommunikasjon med andre. Det kan vere fleire grunnar til dette. Den eine grunnen kan vere at nynorskbrukarane føler at dei identifiserer seg meir med språket sitt når dei skriv dialekt. Rotevatn (2014) viser til dette i studien sin, då vestlandselevar grunn gav dialektbruken sin med «det er sånn eg snakkar». Den andre grunnen til at dei moglegvis vel å skrive dialekt, kan vere at dei vil nøytralisere seg i høve til den store skilnaden mellom bokmål og nynorsk, men samtidig viser dei at dei ikkje vil nøytralisere seg heilt. I staden for å ta stilling til å nytte eit spesifikt skriftspråk, så vel dei å skrive dialekt, fordi dei vil då kanskje sleppe å bli møtt med haldningar og fordommar, og å måtte forklare og forsvare språket sitt (jf. Thingnes, 2020, s. i). Samtidig opprettheld dei noko av det «nynorske» i seg ved å ikkje skifte til bokmål, men brukar kanskje bokmålsord. Den tredje grunnen kan rett og slett vere at det er fordi det er sånn dei snakkar, og vil vise at sjølv om dei snakkar nærare nynorsk enn bokmål, så snakkar dei framleis ikkje så «vanskeleg» eller «bondsk» som stigmatiserande haldningar som bokmålsbrukarar ofte forbind med nynorske viser til (jf. Wold, 2020). Dei kan bruke dialektskrivinga si som eit forsvar for nynorsken og deira nynorske identitet. I tillegg viser student F til at hen nokre gongar har fått positive kommentarar på at det er sjarmerande med dialekt:

[...] Men folk og syns det er veldig sjarmerande med dialekt. Sånn som eg sa så er eg veldig fornøgd med at eg har det. [...] (student F)

Dette kan vere med å gjere at det å bruke dialekt og dialektskriving kan følast meir personleg enn å bruke skriftspråk. Av desse grunnane kan det å bruke dialektskriving i uformelle settingar for nynorskbrukarar vere deira «sosiale respons» på å tilpasse seg, jamfør den språklege tilpassingsteorien og den sosiale nettverksteorien. Dei kan få vist seg sjølv, stått opp for nynorsken, og halde seg nøytrale til eventuelle haldningar eller fordomar.

Når det gjeld bokmålsbrukaren i denne studien verkar det som hen held seg til å skrive bokmål i stort sett alle situasjonar. Dette er ikkje uvanleg for bokmålsbrukarar då avstanden mellom skriftspråket og dialekta deira ofte er så liten. Studenten (student C) viser til at etter hen flytta til bokmåldominerte område har også dialekta hans endra seg og fått eit meir bokmålspreg:

[...] daglegspråket mitt og har jo forandra seg, der eg til tider brukar bokmålsendingar og bokmålsord på grunn av at eg har opphaldt meg og vore rundt stort sett folk som bruker bokmål då. [...] (student C).

Det vil derfor kanskje ikkje vere så rart at hen vel å skrive bokmål i dei fleste tilfelle. Hen vil ikkje bryte med dialekta si når hen skriv bokmål, og har då gjerne ikkje den same personlege følelsen knytt til å skrive dialekt som nynorskbrukarane har. Hen skil seg ikkje ut på same måte, og vil ikkje nødvendigvis kjenne like mykje på det å bli møtt med haldningar og fordommar, då hen er ein del av «flokket» i utgangspunktet. Hen vil derfor kunne føle at å skrive normert bokmål vil vere akseptert, og ved å bruke det får hen samtidig vise kven hen er. Samtidig såg ein at hen språkvekslar i kommunikasjon med familie og vener heimanfrå som var nynorskbrukarar. Hen påstod derimot å bruke normert nynorsk og ikkje dialektskriving i slike situasjonar, noko som skil seg ut i frå kva nynorskbrukarane gjorde i dei situasjonane. Her tilpassar hen seg ut i frå det sosiale nettverket hen har heime.

Eit anna tilfelle ein kan diskutere ut frå den sosiale nettverksteorien er språkvala studentane tek i jobbsamanheng. Sjølv om det var ein tenkt situasjon for dei fleste av studentane kan ein likevel diskutere valet dei trur dei kjem til å ta. Med student A var det ikkje noko tvil om at hen språkskifta i jobbsamanheng. Sitatet i 5.1. kan vise dette. På grunn av haldningar hen blei møtt med var det enklare for hen å nytte bokmål. Hen kunne også vise til at det i seinare jobbsamanheng kunne variere og at hen då ville språkveksle, men mykje tyda på at studenten kom til å nytte bokmål i jobbsamangen seinare også. Student B var tydeleg på at hen skulle nytte nynorsk, men språkveksla mellom nynorsk og bokmål på grunn av at hen var vikarlærar. Dette var hen nøydd til då elevane har rett på å få undervisning på sitt eige skriftspråk. Student D klarte ikkje heilt å bestemme seg kva hen ville nytte, men ende opp med å tenkje seg fram til at det var bokmål hen sikkert kom til å nytte. Hen grunn gav det med at hen ville jobbe med ein eldre generasjon, som nok ville skjønne bokmål betre. Student C og F hadde liknande uttalar knytt til deira språkval. Dei peika begge på at det kom til å vere prosedyrebasert, men at dei ville språkveksle alt etter mottakar. Når det gjeld den siste

studenten, student F, var hen usikker på sitt framtidige yrke så hen svarte ikkje noko spesifikt på kva språkval hen ville gjort. Men som ein kan sjå vil det vere ein god blanding mellom språkskifting og språkveksling ut i frå deira sosiale nettverk og føringar i jobbsamheng.

### 5.2.3 *Språkleg identitet*

Lenge har det blitt tenkt på at språk og identitet har hatt ein nær samanheng, og at språk blir sett på som ein svært viktig identitetsskapande faktor (Mæhlum, 2008, s. 106). Ein grunn for språkvala til studentane kan derfor vere deira stilling til språk og identitet. Denne delen er ikkje fråkopla det eg har greia ut om over, då konvergering og divergering også er ein del av identitetsforhandlinga. Då studentane fekk spørsmål om kva dei la i omgrepet identitet var det nokre som nemnde språk utan at dei blei spurt om det, medan andre fekk oppfølgings-spørsmål om kva dei la i samanhengen mellom språk og identitet. Dette var noko av det som kom fram:

Ja... det er den du er. Sånn som eg føler, seier identitet kva du står for og kva verdiar du har, og kven og kva som svarar til deg, og språk er jo ein stor del av det for det brukar man heile tida, og språk er veldig "powerful". Så språk er ein stor del av min identitet eigentleg, og eg føler at eg likar den delen som tilseier, eller som viser, at eg er i frå [Namn på heim plass] og då er nynorsken og dialekta mi ganske viktig. Eg føler at med ein gang eg pratar med folk eller skriv med folk så skjønar dei med ein gong kvar eg er i frå, fordi eg skriv og snakkar som eg gjer. (Student A)

Då tenkjer eg... ja, kvar man er i frå, og dialekt er jo sosiologien rundt, også føler eg og at nynorsk som identitet er sterkare enn bokmål som identitet, samisk er og sterkare for den saks skuld. Men det kan ha noko med, eg veit ikkje om det er forhandsdømming av meg, men, at ein... ja, eg føler bokmål er meir overflatisk på ein måte, og det er jo det ein lærer seg når ein kjem til Norge og, veldig mange i vertfall. [...] (Student B)

Det er jo... kven ein er i seg sjølv på ein måte utan at ein blir påverka av andre, kven ein har lyst å vere sjølv. Eg veit ikkje om sånn kle går under identitet, kle, språkbruk? Ja vanskeleg omgrep å definere, fordi ein har på ein måte eit bilde av det utan at ein definerer det. Men det eg trur eg legg mest i det er kven ein sjølv har lyst å vere, og kven ein sjølv definerer seg som. [Oppfølgings-spørsmål: Kva tenkjer du om språk og

identitet?] Det er jo ein del av deg sjølv då, så eg tenkjer jo sånn at identiteten forandra jo seg i løpet av livet, men grunnidentiteten er jo kanskje den same. Det kan jo kanskje ha noko med språk å gjere og då, i løpet av eit liv på 80 år då, så vil jo mest sannsynleg språkbruken forandre seg. Ein kan jo sjå på ein del ord som ikkje er greitt å seie i dag, men som for 80 år sidan var heilt innanfor og var daglegtale.[...] (Student C)

Nei, det er jo kven eg er og kva eg gjer og kva eg står for å sånn. Og språk er jo kjempeviktig for det. Eg føler jo på ein måte at nynorskbruken min er ein del av meg og representerer meg då. Så det er jo kanskje, men så er det jo sånn ulike situasjonar der eg på ein måte vil vise fram den sida i ulik grad. (Student D)

Det har noko med kven du er, og kva som er viktig for deg. Det er no litt vag definisjon kanskje, men det er liksom i den retninga eg tenkjer. [Oppfølgingsspørsmål: Kva tenkjer du om språk og identitet?] At det er på ein måte, eller for meg vertfall, så er det noko som er veldig nært. Og eg merka sånn at, ja, viss eg skulle leggje ut noko på Instagram til [...] i fjor å det var eg som skulle leggje det ut, så måtte eg skrive på nynorsk for at eg på ein måte skulle kunne stå for det då. For det hadde ikkje vore eg som hadde gjort det viss eg hadde skrive på bokmål. Så eg føler det, og utan og liksom, eg har ikkje lyst å vere vrang på det heller, men det er sånn det er liksom. (Student E)

[Intervjuar: Du trur at språk er ein del av identiteten?] Absolutt! Også trur eg kanskje nynorsk er meir, endå meir, identitetsfølelse på, enn kanskje som folk som snakkar bokmål har bokmålsidentitetsfølelse då. Fordi for dei er det berre deira skriftspråk, og for meg er det litt meir sånn unikt skriftspråk på ein måte. [...] (Student F)

Som ein kan sjå definerer alle studentane identitet som noko som er ein del av kven ein er, og alle nemner også språk i utsegnene sine. Nokre av dei nemnte det utan å bli spurd eksplisitt om språk, medan andre blei spurt direkte. Kor viktig identitetsskapande faktor språk verkar å vere for dei framstod derimot ulikt mellom nynorskbrukarane og bokmålsbrukaren. Nynorskbrukarane peikar på at nynorsk er ein del av identiteten deira, medan bokmålsbrukaren påpeikar heller at språket hens utviklar seg. I tillegg ser ein at to av nynorskbrukarane hevdar at nynorsk kan gi meir identitetsfølelse enn bokmål. Dette kan sitatet til bokmålsbrukaren (student C) vere med å støtte oppom då det ikkje verkar som hen knyter bokmål opp til identiteten sin, men heller ser på utvikling av språk som ein identitetsskapande faktor. Dette

kan drøftast i lys av Eiksund (2015, s. 38) sin påstand om at nynorskbrukarar er meir medvitne språket sitt, og har eit nærare forhold til det enn ein bokmålsbrukar vil ha. Språkvala til studentane kan vise dette då nynorskbrukarane tar fleire språkval knytt til språkveksling, noko som kan tyde på medvitne val (jf. Eiksund, 2019, s. 52), og då bokmålsbrukaren sitt språkskifte blir referert til som ein «flytande» overgang.

I tillegg nemner Vikør (2011, s. 52) at nynorsken har fungert som eit sjølvstendemiddel for bygdefolket, noko som har vore med å skapt nynorskens sosiale identitetsfunksjon. Her kan ein vise til det student A seier om at nynorsken er med på å vise kvar hen kjem i frå. Med å prate ei dialekt som er nynorsk nær, og i tillegg skrive nynorsk, viser ein seg sjølv og kvar ein er i frå. Vikør (2011, s. 52) hevdar at den djupaste drivkrafta for nynorsken er at den sikrar regional identitetskjennele. Dette, saman med andre funn som viser til at det verkar som nynorsk er ein del av identiteten til nynorskbrukarane, kan problematisere Eiksund (2015, s. 46) sin påstand om at den nynorske identiteten er på veg bort på grunn av den store dialektbruken.

Ut i frå funna i denne studien verkar det som at det er akkurat dialekta som får nynorskbrukarane til å nytte nynorsk, då dei viser både direkte og indirekte at dei både pratar og skriv nynorsk gjennom dialekta si. Studentane seier at dialekta deira er meir lik det nynorske skriftspråket enn bokmål, og dei vel derfor å nytte nynorsk og heller språkveksle. At dialekt utviklar seg, og at dei «nynorske» dialektane kanskje har fått meir preg av bokmål er mogleg, men det vil ikkje seie at identitetsfølelsen knytt til nynorsk er mindre. Som Vikør (2011, s. 53) skriv er dialekt ein stor del av den nynorske identiteten, fordi det er gjennom dialekt ein får vist nynorsken og kven ein er. Med dette som ein konklusjon kan ein gå vidare å drøfte språkvala til studentane meir i lys av dei to faktorane, personleg identitet og sosial identitet, som utgjer identitetsomgrepet (Mæhlum, 2008, s. 108).

Knyter nynorskbrukarane språket sitt opp til både den personlege og den sosiale, medan bokmålsbrukaren berre knyter det til den sosiale identiteten? Det er viktig at ein ikkje ser desse sidene som uavhengige av kvarandre, men det kan vere hensiktsmessig å drøfte om språket kan høyre meir til på den eine sida enn den andre, etter språkval ein tar. Den personlege identiteten er kjernen til ein person og går ut på kva som gjer ein kvar person unik i høve til andre (Mæhlum, 2008, s. 108). Som nynorskbrukar i eit bokmålsdominert samfunn skil ein seg automatisk ut, og språket blir ein del av det som kan gjere deg unik i høve til andre. Studentane i denne studien studerer i ein bokmålsdominert storby, og på bakgrunn av

dette vil dei som er nynorskbrukarar kunne føle at språket er ein del av det som skil dei frå andre. Student F sitt sitat kan poengtere dette:

Eg syns det er veldig kjekt å skrive nynorsk og eg føler eg er ein av få, men samtidig så føler eg at eg er litt meir unik. [...] Viss eg skriv på nynorsk så føler eg meg nesten meir smart enn viss eg hadde skrive på bokmål, berre fordi eg føler det er meir unikt. [...]  
(Student F).

Her ser ein at studenten faktisk nyttar ordet unik for å forklare sitt høve til nynorsk. Hen viser til positive følelsar kring det å vere nynorskbrukar, og ser på det som noko som hevar hen over majoriteten. Då ser ein at studenten har tatt stilling til at hen skil seg ut og at språket er ein av dei faktorane som gjer at hen skil seg ut som person. Ein kan også tenkje seg at det gjeld for dei andre nynorskbrukarane ved at dei har valt å vere nynorskbrukarar i eit bokmålsdominert område i utgangspunktet. Som bokmålsbrukar derimot, er ein del av majoritetsspråket, og det unike med det å ha eit språk, forsvinn litt i fellesskapet. I nokre tilfelle er det derimot akkurat det som er poenget, og derfor kan ein argumentere for at når det gjeld bokmålsbrukaren i denne studien er språk meir på den sosiale identitetssida.

Den sosiale identiteten går ut på at personar har ulike eigenskapar som gjer dei kvalifiserte til å vere ein del av eit gruppefellesskap (Mæhlum, 2008, s. 108). Som tidlegare nynorskbrukar og no bokmålsbrukar kan ein argumentere for at student C (bokmålsbrukar) har eigenskapar som kan gjere hen kvalifisert til å høyre til begge språkfellesskapa, noko språkvekslinga hans kan vise til då hen språkvekslar til nynorsk i skriftleg samtale med dei hen kjenner frå Sogn og Fjordane. Samtidig ser ein at hen alltid vel å halde seg til majoritetsspråket i møte med dei ulike språkgruppene. Ta til dømes det studenten viser til om at hen vil skifte tilbake til nynorsk om hen flyttar tilbake til Sogn og Fjordane (Sitat frå 5.1.1. Språkskifte, s. 40). Det kan verke som studenten har ei konstruktivistisk identitetsoppfatning, og er meir opptatt av å tilpasse språket sitt til majoriteten enn hen er å til å halde seg til eit språk. På bakgrunn av dette kan ein argumentere for at språket til student C går meir under hens sosiale identitet enn hens personlege identitet.

Med bakgrunn i språkvala til nynorskbrukarane, som er knytte til språkveksling, kan ein også diskutere korleis språket til nynorskbrukarane er knytt til deira sosiale identitet i tillegg til



deira personlege identitet. Som nynorskbrukar er ein ofte van med å føye seg til bokmål, medan ein sjeldan møter det hin vegen (jf. Eiksund, 2015, s. 38). Språkvekslingane studentane i denne studien gjer omhandlar ofte å veksle mellom nynorsk og bokmål (kapittel 5.1.). Dei tar altså stilling til å høyre til begge språkgrupper, og viser til at dei har eigenskapar som kan kvalifisere dei til å vere ein del av begge deler. Om dei hadde vore i Sogn og Fjordane gir teorien i oppgåva grunn til å tru at dei ikkje hadde språkveksla då dei ikkje hadde hatt like mange bokmålsbrukarar å måtte tilpasse seg til. Idsøe (2016, s. 125) viser i studien sin at språkleg stabilitet er eit stikkord for språksikring, og i Sogn og Fjordane er nynorsken ganske stabil. I områda nynorskbrukarane bur i no er det derimot lite språkleg stabilitet for nynorsk, men mykje for bokmål. Det kan forklare, saman med eksponeringa dei får, kvifor nynorskbrukarane viser til at bokmål er «lett» for dei bruke.

Ein kan altså sjå at det verkar som at språket til nynorskbrukarane i denne studien både er ein del av deira sosiale identitet og deira personleg identitet, medan bokmålsbrukaren i denne studien for det meste knyter språket sitt opp til sin sosiale identitet. Ein kan dermed tolke at språket er ein viktigare identitetsskapande faktor for nynorskbrukarane enn for bokmålsbrukaren. Eiksund (2015, s. 42) viser til at nynorsk som ein viktig del av den personlege identiteten til alle nynorskbrukarar, er ein av tre måtar å forstå omgrepet nynorsk identitet på. Dette kan altså styrke påstanden om at nynorskbrukarane ser på nynorsken som ein del av sin identitet og tar språkvala sine basert på det. Eg kan derimot ikkje generalisere ut frå så låge deltakartal, då det berre var ein bokmålsbrukar, men eg kan problematisere påstanden sidan alle deltakarane i denne studien teknisk sett har vore nynorskbrukarar. Om det stemmer det Eiksund (2015, s. 42) hevdar om at nynorsk er ein viktig del av alle nynorskbrukarar sin identitet, kan ein setje spørsmål ved at dette ikkje verka å vere tilfellet for bokmålsbrukaren. Hen verkar meir opptatt av å tilpasse seg enn å halde på ein språklege identitet, og i hens tilfelle vil tilpassinga omhandle det språket hen møter mest, som er bokmål.

Ein kan også drøfte språkvala til studentane ut i frå Schei (2007) i Eiksund (2015, s. 37-40) sine tre delar av identitetsomgrepet; å vere, å ha, og å søkje. Å vere ein identitet inneber at ein tar umedvitne val, handlar intuitiv og ureflektert, og omhandlar ofte at ein vil vere ein del av «flokken» (Schei, 2007 i Eiksund, 2015, s. 38). I denne studien kan ein argumentere for at alle studentane er innom denne delen. Bokmålsbrukaren sitt val om å skifte frå nynorsk til bokmål

kan bli tolka som eit val knytt til å ville vere ein del av flokken. Samtidig ser ein at vala hen tar ikkje verkar særleg medvitne eller reflekterte. Eit døme er at hen skildrar valet om å skifte frå nynorsk til bokmål som «flytande». Ut i frå det kan ein tolke at det ikkje var eit medvite val å skifte, men meir at det berre «skjedde». Hen viser heller ikkje til å ta noko særleg medvitne språkval då det i utgangspunktet kom fram få språkvaldøme hos denne studenten. Det verkar meir som studenten ikkje var så opptatt av språket sitt, men heller var opptatt av å tilpasse seg mottakaren. Det studenten seier om at dersom hen hadde flytta tilbake igjen til Sogn og Fjordane så ville hen ha språkskifta tilbake til nynorsk kan også forsterke denne oppfatninga.

Når det gjeld nynorskbrukarane kan ein argumentere for at dei er innom det «å vere» identitet ut i frå språkvalet dei tar om at nynorsk er det første språket dei nyttar. For den del kan ein nytte det same argumentet for bokmålsbrukaren, berre at der handlar det om at bokmål var førstevalet. Men for å gå tilbake på nynorskbrukarane kan ein også argumentere noko imot at dei er under delen «å vere» ein identitet, men heller for at dei er meir over på «å ha» ein identitet. Ifølgje Eiksund (2015, s. 38) inneber det å ha ein språkleg identitet å ta medvitne val. I tillegg hevdar han at det å vere nynorskbrukar kan gjere at ein heile tida blir gjort merksam på at ein er ein del av mindretalet, og slik kan ein medviten nynorsk identitet vere sådd (Eiksund, 2015, s. 46). Dette kan argumentere for at nynorskbrukarane tar medvitne val når dei språkvekslar. Eiksund (2019, s. 52) viser til at forskning knytt til språkveksling skildrar språkveksling som medvitne val. At studentane i utgangspunktet vel å nytte nynorsk som førstespråk, men så tar val om å veksle mellom nynorsk, bokmål, engelsk og dialektskriving, i fleire tilfelle, kan vise til akkurat dette. At dei vel å nokre gonger nytte bokmål og nokre gonger dialektskrive kan, som tidlegare nemnt, vere ein nøytraliseringsstrategi dei nyttar akkurat fordi dei veit kven mottakaren er, og eventuelt veit korleis dei vil reagere på språket deira.

Det er ikkje til å legge skjul på at bokmål er det ein ser mest av i det norske språket i kvardagen. Som nynorskbrukar er ein derfor nøydd til å vere meir tolerant ovanfor det, og ein vil skilje seg ut ved å bruke nynorsk. Ifølgje Eiksund (2015, s. 38) kan dette automatisk gjere at ein som nynorskbrukar vil vere medvitne på språket sitt, medan ein bokmålsbrukar kan gjerne ta språket sitt for gitt. Bokmålsbrukaren versus nynorskbrukarane i denne studien kan vere eit døme på dette. Som nemnt ovanfor viser bokmålsbrukaren til å ta lite medvitne

språkval, medan nynorskbrukarane verkar å ta mange. Det er her ein tydeleg kan sjå at nynorskbrukarane går i frå «å vere» til «å ha» ein identitet, medan bokmålsbrukaren held seg på «å vere». Ein kan då argumentere for at nynorskbrukarane i denne studien har klart å oppnå ein nynorsk gruppeidentitet (Eiksund, 2015, s. 40).

Den siste delen av identitetsomgrepet til Schei var «å søkje» ein identitet, og inneber at ein tar stilling til kva ein ynskjer å vere (Schei, 2007 i Eiksund, 2015, s. 39). Dette kan ein diskutere om studentane egentleg har gjort. På ein måte kan valet deira om å ha eitt språk som førsteval, og at det er det dei brukar mest, vise til at dei har tatt stilling til kva språk dei vil «høyre til». Samtidig kan det at bokmålsbrukaren tar val basert på å tilpasse seg, og at nynorskbrukarane tar val om å språkveksle, vise til at dei ikkje har tatt heilt stilling til det likevel. Sjølv om dei har valt eitt språk dei vil bruke viser språkvala til at det ikkje berre er det dei brukar. Eiksund (2015) viser til Giddens (2002) når hen nemner at skamkjensle kan bremse realiseringa av sjølvvet. For bokmålsbrukaren kan dette ha vore tilfellet i hen sin språkskifteprosess. Det skjedde trass alt på vidaregåande, noko som for mange er ei sårbar tid å skulle skilje seg ut på. Med nynorskbrukarane kan det å vere nynorskbrukar vere ei skamkjensle i seg sjølv. Det kan vere knytt til haldningar, frykta for å ikkje høyre til, eller andre forhold. På bakgrunn av at språkvala knytt til språkveksling ofte var knytt opp til mottakar kan dette vere ein mogleg grunn for språkvala deira.

## 6 Avslutning

Føremålet med denne studien har vore å få ei innsikt i problemstillinga, *kva språkval tar studentar frå Sogn og Fjordane som har flytta for å studere i ein storby der bokmål er det dominerande skriftspråket, og kva er grunnane for desse språkvala?* Intervjua eg har gjennomført har gitt meg ei djupare innsikt og forståing i akkurat dette. Spesielt har eg har fått ei større innsikt i nynorskbrukarar frå Sogn og Fjordane sin språklege praksis når det gjeld språkval, då det viste seg at fem av seks studentar i studien hadde nynorsk som målform. Eg har også fått innsikt i språkvala til alle studentane, knytt opp mot språkskifte og språkveksling, og grunnane til desse. Eg vil no avslutningsvis kome med ein konklusjon som summerer opp funna i studien min, og til slutt kome med forslag til vidare forskning.

Føremålet med denne masteroppgåva har altså vore å undersøke kva språkval studentar frå Sogn og Fjordane tar når dei bur i ein storby der bokmål er det dominerande språket. I tillegg har oppgåva sett på kva grunnane for desse språkvala kan vere. Studien er basert på seks intervju der to er gjennomført på studentar i Oslo, to i Trondheim og to i Bergen. Studien finn at språkvala studentane rapporterte om i hovudsak handlar om språkskifte og språkveksling, og at det som ligg til grunn for desse språkvala i all hovudsak kan kategoriserast under overskriftene eksponering, tilpassing og språkleg identitet.

Av dei seks deltakarane i denne studien var det fem som rapporterte om å vere nynorskbrukarar, og ein som hadde skifta frå nynorsk til bokmål. Det var altså berre ein som hadde teke val om å språkskifte. Deltakaren som hadde skifta frå nynorsk til bokmål opplyser om å ha gjort dette på vidaregåande, noko som er relativt vanleg at elevar gjer. Meir uvanleg var det å sjå at fem av dei seks studentane opplyste at dei var nynorskbrukarar, då tidlegare forskning (Grepstad, 2015) viser til at språkstabiliteten i Sogn og Fjordane blei slått sprekkar i då dei reiste for å studere. Sjølv om dette er ein liten studie, kan funna vise at fleirtalet av studentane i denne studien frå gamle Sogn og Fjordane, den einaste regionen i landet der nynorsk er majoritetsspråk (Grønli, 2014), ynskjer å halde på nynorsk som skriftspråk. Likevel viser funna at det går føre seg mykje aktiv språkveksling også hos studentane som ikkje har skifta språk.

Nynorskbrukarane språkveksla mellom nynorsk, bokmål og dialektskriving, og nokre gonger også engelsk, alt etter mottakar og situasjon. På grunn av statusen til bokmål i samfunnet har

deltakarane vakse opp med eksponering for begge skriftspråka, trass i å vere frå eit nynorsk kjerneområde, men på grunn av statusen til nynorsk i samfunnet var det lite nynorskeksponering i kvardagen i studiebyen. Bokmål hadde no fått større plass. Dei fleste av institusjonane dei forholdt seg til som media, undervisning og kulturelle institusjonar, var bokmålsdominerte. I tillegg var den sosiale omgangskrinsen deira også mest prega av bokmål. Også bokmålsbrukaren i studien grunn gav skifte frå nynorsk til bokmål med stor bokmåls eksponering, men han viste også til tilpassing og språk og identitet som grunnar.

Då studentane flytta frå Sogn og Fjordane vart dei altså mindre eksponert for nynorsk og meir eksponert for bokmål. Tilpassingsbehovet i møte med nye kommunikasjonspartnarar og situasjonar fungerte som insentiv for språkskifte eller språkveksling. For bokmålsbrukaren blei det enklast å gjennomføre eit språkskifte, då det verka å vere viktigare å tilpasse seg fellesskapen enn å halde på ein språkleg identitet. Med nynorskbrukarane i studien, som hadde halde på nynorsk gjennom vidaregåande, såg ein derimot at nynorsk verka for å vere ein større del av identiteten deira, og for å formidle det heldt dei på det som førstespråket sitt. Samtidig valde dei å språkveksle i ulike samanhengar, då dei mellom anna opplevde å bli møtt med stereotypiske haldningar, og hadde ein frykt for å ikkje bli forstått. Alt i alt såg ein at nynorskbrukarane verka for å ha ei større identitetskjenning til språket sitt enn bokmålsbrukaren, noko som gjorde at dei ynskte å halde på språket sitt, men samtidig klarte dei det ikkje heilt, mellom anna kanskje fordi den institusjonelle stønaden var borte, og at samfunnet generelt var dominert av bokmål. I tillegg til auka eksponering som grunn for språkvekslinga, valte dei også å språkveksle for å tilpasse seg, og for å unngå negative haldningar, men også for å halde på den språklege identiteten sin.

Studien synleggjer altså fleire språkval som studentar frå Sogn og Fjordane som bur i ein bokmålsdominert storby tar, og grunnar for desse språkvala. Studien kan forhåpentlegvis bidra til å auke kunnskapen om korleis det er å vere språkbrukar frå eit nynorsk kjerneområde i eit bokmålsdominert kjerneområde, eller generelt i eit bokmålsdominert land. Innsikta ein her får om alle språkvala ein står ovanfor kvar dag, og korleis og kvifor nynorskbrukarar tar desse vala, kan kanskje vere ein augneopnar både for personar som tar språket sitt for gitt, og for dei som kanskje strevar med å halde på det. Forhåpentlegvis vil den også kunne bidra til at ein vert meir medviten som språkbrukarar.

## 6.1 Forslag til vidare forskning

I problemstillinga mi er det fleire sider som hadde vore interessant å gå meir inn i, men på bakgrunn av omfanget til oppgåva ville det ha vore vanskeleg. Det hadde til dømes vore kjekt å kunne intervjuva endå fleire studentar frå Sogn og Fjordane, og kanskje også nytta meg av ei spørjeundersøking. Då kunne eg ha fått meir empiri og sagt noko om kor mange som vel å halde på nynorsk som hovudmål eller skifte til bokmål, og sett på om språkvala som blei tatt kunne generaliserast for dei fleste studentane frå Sogn og Fjordane. Då kunne forskinga vist meir nøyaktige tal og meir enn berre tendensar til kva språkval som blei tatt. Andre interessante sider som hadde vore spennande å sjå meir på er: Kva språkval tar bokmålsbrukarar når dei studerer i eit nynorskdominert område, og kva er grunnane til desse språkvala? Kva har studiebyen og studieretninga å gjere med språkvala nynorskstudentar tar? Kva er forskjellen på språkval hos personar frå Nordfjord, Sunnfjord og Sogn tar? Er det til dømes forskjell på språkvala til studentar frå Førde, som er ein by med fleire tilflyttarar frå bokmålsdominerte område, og saftbygda Sogndal med mykje studentar frå bokmålsdominerte område?

Eit særskilt interessant forskingsspørsmål er kva språkval bokmålsbrukarar tar når dei studerer. Dette er den same problemstillinga eg har nytta i prosjektet mitt, men i staden for å sjå på studentar frå Sogn og Fjordane, som mest truleg er eller har vore nynorskbrukarar, hadde det vore interessant å snu om på det og sett på bokmålsbrukarar og deira språkval. Ut i frå prosjektet mitt har ein sett at trass i at studentar har nynorsk som hovudmål, så tar dei språkval som viser til at dei vekslar mellom nynorsk og bokmål. Det hadde vore interessant å sjå om bokmålsbrukarar gjer det same, eller om statusen til bokmål eller andre faktorar gjer at dei held seg til bokmål i alle språkval dei tar. Ein kunne til dømes sett på studentar som studerer i Førde, Sogndal og Volda. Det kunne ha gitt ei større innsikt i korleis det er å vere bokmålsbrukar i desse områda, og om det påverkar språkvala til bokmålsbrukarane på same måte som språkvala til nynorskbrukarane blir påverka i bokmålsdominerte område.

I studien min avgrensa eg oppgåva til å sjå på dei tre storbyane i Noreg. Dette kan gje ein inngang til å sjå meir spesifikt på korleis byane påverkar språkvala til nynorskbrukarar. Bergen er til dømes ein «bokmålsby» omringa av nynorskområde, og har nynorsk på fleire offentlege verksemder som t.d. Høgskulen på Vestlandet og reklamer på buss, byane osv. I Oslo og Trondheim står derimot bokmål som skriftspråk svært sterkt. Har dette noko å seie for kva språkval ein tar? Er det forskjell å vere nynorskbrukar i Bergen, Oslo eller

Trondheim? Korleis blir nynorskbrukarane møtte i desse byane? Og kva språkval tar nynorskbrukarar som studerer i desse byane? Dette er alle spennande forslag til vidare forskning.

Studieretning er også noko ein kan sjå på i høve til språkval. Er det til dømes forskjell i språkvala ein lærarstudent som er nynorskbrukar tar versus dei ein ingeniørstudent som er nynorskbrukar tar? Her kunne ein fått ei innsikt i haldningar og språkval som blei gjort i høve til ulike studieretningar. I tillegg kunne ein også nytta høvet til å sjå på korleis studieinstitusjonane utøver skriftspråk og korleis dei legg opp til begge skriftspråka. Ein måtte sjølvstilt gjort nokre avgrensingar, men det kan vere to interessante innfallsvinklar å sjå vidare på.

Som ein kan sjå er det fleire interessante innfallsvinklar ein kan ta vidare etter denne oppgåva. Det har likevel vore spennande og interessant med den vinklinga eg har hatt i denne oppgåva, og det har gitt meg mykje meir kunnskap om både nynorsk og den språklege praksisen til studentar frå Sogn og Fjordane. Det er mykje eg sjølv kan kjenne meg att i, og som eg vil ta med meg vidare som nynorskbrukar og i arbeidet mitt som lærar. Eg vil nytte denne kunnskapen til å vere meir medviten, både mine eigne språkval, og i rolla mi som lærar i utforminga av den språklege praksisen til dei framtidige elevane mine. Det å gjere dei medvitne om språket sitt og språkvala sine kan vere med å trygge dei som språkbrukarar, noko som ifølgje læreplanen i norsk (jf. Kunnskapsdepartementet, 2020) er ein del av arbeidet i norskfaget.

# Kjeldeliste

Alfasoft. (1997). *What is NVivo?* <https://www.alfasoft.com/no/produkter/statistikk-og-analyse/nvivo.html>

Apelseth, A. (1997). *Mellom tradisjon og innovasjon: Utgangspunkt for Ivar Aasens tidlege målstrev*. Det norske samlaget.

Askheim, S. & Thorsnæs, G. (2021, 15. februar). Sogn og Fjordane – tidlegere fylke. I *Store Norske Leksikon*. [https://snl.no/Sogn\\_og\\_Fjordane\\_-\\_tidligere\\_fylke](https://snl.no/Sogn_og_Fjordane_-_tidligere_fylke)

Baker, C. (2011). *Foundations of Bilingual Education and Bilingualism* (5. utg.). Multilingual Matters.

Bjørhusdal, E. (2014). *Mellom nøytralitet og språksikring: Norsk offentlig språkpolitikk 1885-2005*. [Doktorgradsavhandling, Universitetet i Oslo] Hvlopen. [https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/220171/Bj%c3%b8rhusdal\\_Eli.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://hvlopen.brage.unit.no/hvlopen-xmlui/bitstream/handle/11250/220171/Bj%c3%b8rhusdal_Eli.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Cameron, D. (2001). *Working with spoken discourse*. London: Sage

Dalland, O. (2020). *Metode og oppgaveskriving* (7.utg.). Gyldendal Akademisk.

Eiksund, H. (2015). Mellom borken og verda – ungdom på jakt etter ein nynorsk identitet. I H. Eiksund, & J.O. Fretland (red), *Nye røyster i nynorskforskinga* (s. 36-61). Det norske samlaget.

Eiksund, H. (2019). Språkpraksisar i randsona: eit portrett av ein hovudmålsbytar. *Målbryting*, 10(2019), 49-76. <https://doi.org/10.7557/17.4971>

Ekeland, V. (2022). Hovudmålsbyte blant lærarstudentar ved HVL. [Masteroppgåve, Høgskulen på Vestlandet]. HVL open. [Ekeland\\_Vårin.pdf \(unit.no\)](#)

Everett, E.L. & Furseth, I. (2012). *Masteroppgaven: Hvordan begynne – og fullføre*. Universitetsforlaget.

Forskningsetikkloven (2017). Lov om organisering av forskningsetisk arbeid (LOV-2017-04-



- 28-23). Lovdata. <https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2017-04-28-23>
- Foss, E.S. (2022, 13. januar). 1 av 9 har nynorsk som hovudmål i skolen. I Statistisk Sentralbyrå. <https://www.ssb.no/utdanning/grunnskoler/statistikk/elev-ar-i-grunnskolen/artikler/1-av-10-har-nynorsk-som-hovudmal-i-skolen>
- Fishman, J. A. (1964). Language maintenance and language shift as a field of inquiry. A definition of the field and suggestions for its further development. *Linguistics*, 2(9), 32–70. <https://doi.org/10.1515/ling.1964.2.9.32>
- Fishmann, J.A. (2001). *Why is it so hard to save a threatened language?* I J.A. Fishman (red). Can threatened languages be saved? Reversing language Shift, Revisited: A 21<sup>st</sup> Century Perspective. Clevedon: Multilingual Matters Ltd, s. 1-22.
- Garret, P. (2010). *Attitudes to language*. New York: Cambridge University Press.
- Garcia, O. & Wei, L. (2019). *Transspråking - språk, flerspråklighet og opplæring*. Cappelen Damm Akademisk.
- Giddens, A. (2002). *Modernitet og selvidentitet. Selvet og samfundet under senmoderniteten*. Hans Reitzel.
- Grepstad, O. (2002). *Det nynorske blikket*. Samlaget.
- Grepstad, O. (2012). *Språkfakta Sogn og Fjordane 1646-2012*. Nynorsk kultursentrum
- Grepstad, O. (2015). *Språkfakta 2015: Ei forteljing om språk i Noreg og verda gjennom 850 tabellar*. Nynorsk kultursentrum. <http://www.nynorsk.no/wp-content/uploads/2019/01/Spr%C3%A5kfakta-2015-bokversjon-END.pdf>
- Grønli, K. S. (2014, 15. juli). *Nynorsken gjer elevane i Sogn og Fjordane flinkare*. Forskning.no. <https://forskning.no/pedagogiske-fag-skole-og-utdanning-norges-forskningsrad/nynorsken-gjer-elevane-i-sogn-og-fjordane-flinkare/552328>
- Grønmo, S. (2016). *Samfunnsvitenskapelige metoder* (2.utg.). Fagbokforlaget
- Haugen, E. (1953). *The Norwegian language in America: A study in bilingual behavior*. University of Pennsylvania Press.

- Hellevik, O. (2001). Nynorskbrukeren- kven er han? I E. Bakke, H. Teigen, og H. Teigen (red.), *Kampen om språket. Nynorsken mellom det lokale og det globale* (s. 117-139). Samlaget
- Helset, S.J. & Brunstad, E. (2020). Språkveksling på grunnlag av tekstnormer og mottakarforventningar mellom ungdomar i det nynorske kjerneområdet. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* (s. 93-118). Cappelen Damm Akademisk. <https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Høgheim, S. (2020). *Masteroppgaven i GLU*. Fagbokforlaget.
- Hårstad, S., Mæhlum, B. & van Ommeren, R. (2021). *Blikk for språk: sosiokulturelle perspektiver på norsk språkvirkelighet*. Cappelen Damm Akademisk.
- Idsøe, T. (2016). *Er nynorsk vanskeleg eller er det berre ei vane? Ei undersøking av språkskiftarar og nynorskbrukarar frå eit kjerneområde, ei randzone, og eit språkdelt område i Hordaland*. [Masteroppgåve, Universitet i Bergen]. BORA uib. <https://bora.uib.no/bora-xmlui/handle/1956/12095>
- Jelstad, J. & Vedvik, K O. (2015, 04. Mars). Sogn og Fjordane er fylket som forundrar skuleforskarane. I *Utdanningsnytt*. <https://www.utdanningsnytt.no/forskning-grunnskole/sogn-og-fjordane-er-fylket-som-forundrar-skuleforskarane/168575>
- Johansen, I. (2005) Språkhaldningar og språkhandlingar. *Målbryting*, 05(7). 61- 88. <https://doi.org/10.7557/17.4776>
- Krumsvik, R.J. (2014). *Forskningsdesign og kvalitativ metode – ei innføring*. Fagbokforlaget.
- Kunnskapsdepartementet (2019). *Læreplan i norsk (NOR01-06)*. Fastsatt som forskrift. Læreplanverket for Kunnskapsløftet 2020.
- Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3.utg.). Gyldendal akademisk.
- Le Page, R.B. & Tabouret-Keller, A. (1985). *Acts of Identity*. Cambridge University Press
- Linell, P. (2011). *Samtalstrukturer. Kommunikative verksamheterstyper i samhället*. Linköpings universitet.

- Lunde, K. (2020). Lokal majoritet, nasjonal minoritet: Ein studie av språkskifte i robuste nynorsk kommunar. I G. K. Juuhl, S. J. Helset & E. Brunstad (red.), *Vilkår for nynorsk mellom barn og unge* 20(2), 119-144. Cappelen Damm Akademisk.  
<https://doi.org/10.23865/noasp.106>
- Michaelsen, S. (2021, 10. februar). *Målformen i skolen: Tallenes klare tale*. Riksmålsforbundet. <https://www.riksmalsforbundet.no/malformer-i-skolen-tallenes-klare-tale/>
- Mæhlum, B. (2007). *Konfrontasjoner: når språk møtes*. Novus forlag.
- Mæhlum, B. (2008). Språk og identitet. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røynealand, & H. Sandøy (red). *Språkmøte - innføring i sosiolingvistik* (s. 105-127). Cappelen Damm Akademisk.
- Mæhlum, B. & Røynealand, U. (2012). *Det norske dialektlandskapet*. Cappelen Damm.
- Mørk, V. (1983). *Hjartespåk og skriftmål: kvantifisering av talemålsgrunnlaget for verb- og substantive-endingane i bokmål og nynorsk pr 1975*. Samlaget.
- NESH. (2021, 16. desember). *Forskningsetiske retningslinjer for samfunnsvitenskap og humaniora*. Åpenhet om finansiering, roller og interesser:  
<https://www.forskningsetikk.no/retningslinjer/hum-sam/forskningsetiske-retningslinjer-for-samfunnsvitenskap-og-humaniora/>
- Neteland, R. (2020). Kvalitative intervju i norskfaglige oppgaver. I R. Neteland & L I. Aa (Red.), *Master i norsk-metodeboka 2* (s. 50-67). Universitetsforlaget.
- Norsk målungdom. (u.å.) *Om NMU*. Norsk målungdom (NMU).  
<https://malungdom.no/organisasjon/>
- Ochs, E. (1979). Transcription as theory. I E. Ochs & B. Schieffeling (red.). *Developmental pragmatics* (s. 43-72). New York: Academic Press
- Postholm, M.B. (2010). *Kvalitativ metode: En innføring med fokus på fenomenologi, etnografi, og kasesstudier*. Universitetsforlaget.
- Postholm, M.B. & Jacobsen, D.I. (2018). *Forskningsmetode for masterstudenter i*

*lærerutdanning*. Cappelen Damm Akademisk.

Proba samfunnsanalyse (u.å.) *Medarbeidere og kompetanse*. Proba samfunnsanalyse  
<https://proba.no/om-oss/>

Riis-Johansen, M O. (2020). Samtaleanalyse som norskdidaktisk forskningsmetode. I R. Neteland & L I. Aa (Red.), *Master i norsk-metodeboka 2* (s. 90-112). Universitetsforlaget.

Rotevatn, A.G. (2014). *Språk i spagaten: Facebook-språket. Om normert språk og dialekt blant vestlandselevar*. [Masteroppgåve, Høgskulen i Volda] BRAVO hivolda.  
[https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2357530/RotevatnAG\\_master.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2357530/RotevatnAG_master.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Røyneland, U. (2008). Språk og dialekt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy (red), *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk* (s. 15-34). Cappelen Damm Akademisk.

Røyneland, U. (2008). Språk- og dialektkontakt. I B. Mæhlum, G. Akselberg, U. Røyneland, & H. Sandøy (red), *Språkmøte: innføring i sosiolingvistikk* (s. 47-72). Cappelen Damm Akademisk.

Schei, T.B. (2007). *Vokal identitet: En diskursorientert analyse av profesjonelle sangeres identitetsdannelse*. [Doktoravhandling]. Universitetet i Bergen.

Språkløva. (2022). Lov om språk (LOV-2022-12-20-115). Lovdata.  
<https://lovdata.no/dokument/NL/lov/2021-05-21-42>

Språkrådet. (2021). *Språkstatus 2021* (Språkpolitisk tilstandsrapport 6). Språkrådet.  
<https://www.sprakradet.no/globalassets/vi-og-vart/publikasjoner/sprakstatus/sprakstatus-2021.pdf>

Staalesen, P. D. (2014). *Undersøkelse av nynorsk som hovudmål*. (Proba-rapport 2014 – 07). Proba samfunnsanalyse. <https://nynorsksenteret.no/uploads/documents/Probarapport-2014-07.pdf>

Sønnesyn, J. (2018). Danningsperspektiv på språkskifte. *Norsk pedagogisk tidsskrift*, 102(4), 69

301-311. <https://doi.org/10.18261/issn.1504-2987-2018-04-02>

Thagaard, T. (2018). *Systematikk og innlevelse - innføring i kvalitative metoder (5.utg.)*. Fagbokforlaget.

Thingnes, J. S. (2021). Å velje eit minorisert språk: mellom språk-politiske ideal og språkleg realitet. *Maal Og Minne*, 112(2), 127-168. Henta frå <https://ojs.novus.no/index.php/MOM/article/view/1902>

Trudgill, P. (2003). *A Glossary of Sociolinguistics*. Edinburgh University Press

Utdanningsdirektoratet. (2023). *Grunnskolen informasjonssystem*.

<https://gsi.udir.no/app/#!/view/units/collectionset/1/collection/100/unit/8754/>

Vestad, J.P. (2002). *Etnisitet og nynorsk*. (arbeidsrapport, 147). Høgskulen i Volda.

[https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2557966/arb\\_147.pdf?sequence=1&isAllowed=y](https://bravo.hivolda.no/hivolda-xmlui/bitstream/handle/11250/2557966/arb_147.pdf?sequence=1&isAllowed=y)

Vikør, L.S. (2011). *Språk og samfunn: heime og ute: festskrift til Lars S. Vikør 65 år*. Novus.

Vikør, L.S. (2012) *Fakta om norsk*. Språkrådet <https://www.sprakradet.no/Sprakavare/Norsk/fakta-om-norsk/>

Wold, I. (2018). *Kvifor ikkje nynorsk?* [Masteroppgåve, Norges Teknisk-naturvitenskaplige universitet]. NTNU open. <https://ntnuopen.ntnu.no/ntnu-xmlui/bitstream/handle/11250/2565094/Ingrid%20Wold%2C%20masteroppgave.pdf?sequence=1>

Wold, I. (2020). Kvifor ikkje nynorsk? Mekanismer og årsaker - Ein metaanalyse av sju studiar om den nynorske lekkasjen i randsoner. *Målbryting* 19(10), 77-99. <https://doi.org/10.7557/17.4825>

Aarsæther, F. (2004). *To språk i en tekst. Kodeveksling i samtale mellom pakistansk-norske tiåringer*. [Doktoravhandling]. Universitetet i Oslo.

# Vedlegg

## Vedlegg 1: NSD-godkjenning



MELDESKJEMA FOR BEHANDLING  
AV PERSONOPPLYSNINGER

Norsk ▾

[Meldeskjema](#) / [Ein språkstudie av studentar frå Sogn og Fjordane som studerer i ein storby](#) / [Vurdering](#)

## Vurdering

E

**Referansenummer**

730832

**Type**

Standard

**Dato**

10.10.2022

**Prosjekttittel**

Ein språkstudie av studentar frå Sogn og Fjordane som studerer i ein storby

**Behandlingsansvarlig institusjon**

Høgskulen på Vestlandet / Fakultet for lærerutdanning, kultur og idrett / Institutt for språk, litteratur, matematikk og tolkning

**Prosjektansvarlig**

Samuele Mascetti

**Student**

Andrea Flatjord Gjelsvik

**Prosjektansvarlig**

Samuele Mascetti

**Student**

Andrea Flatjord Gjelsvik

**Prosjektperiode**

16.09.2022 - 16.09.2023

**Kategorier personopplysninger**

Alminnelige

**Rettslig grunnlag**

Samtykke (Personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a)

Behandlingen av personopplysningene kan starte så fremt den gjennomføres som oppgitt i meldeskjemaet. Det rettslige grunnlaget gjelder til 16.09.2023.

## Kommentar

### OM VURDERINGEN

Personverntjenester har en avtale med institusjonen du forsker eller studerer ved. Denne avtalen innebærer at vi skal gi deg råd slik at behandlingen av personopplysninger i prosjektet ditt er lovlig etter personverregelverket.

Personverntjenester har nå vurdert den planlagte behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at behandlingen er lovlig, hvis den gjennomføres slik den er beskrevet i meldeskjemaet med dialog og vedlegg.

### VIKTIG INFORMASJON TIL DEG

Du må lagre, sende og sikre dataene i tråd med retningslinjene til din institusjon. Dette betyr at du må bruke leverandører for spørreskjema, skylagring, videosamtale o.l. som institusjonen din har avtale med. Vi gir generelle råd rundt dette, men det er institusjonens egne retningslinjer for informasjonssikkerhet som gjelder.

### TYPE OPPLYSNINGER OG VARIGHET

Prosjektet vil behandle alminnelige kategorier av personopplysninger frem til 16.09.2023.

### LOVLIG GRUNNLAG

Prosjektet vil innhente samtykke fra de registrerte til behandlingen av personopplysninger. Vår vurdering er at prosjektet legger opp til et samtykke i samsvar med kravene i art. 4 og 7, ved at det er en frivillig, spesifikk, informert og utvetydig bekreftelse som kan dokumenteres, og som den registrerte kan trekke tilbake. Lovlig grunnlag for behandlingen vil dermed være den registrertes samtykke, jf. personvernforordningen art. 6 nr. 1 bokstav a.

### PERSONVERNPRINSIPPER

Personverntjenester vurderer at den planlagte behandlingen av personopplysninger vil følge prinsippene i personvernforordningen om:

- lovlighet, rettferdighet og åpenhet (art. 5.1 a), ved at de registrerte får tilfredsstillende informasjon om og samtykker til behandlingen
- formålsbegrensning (art. 5.1 b), ved at personopplysninger samles inn for spesifikke, uttrykkelig angitte og berettigede formål, og ikke viderebehandles til nye uforenlige formål
- dataminimering (art. 5.1 c), ved at det kun behandles opplysninger som er adekvate, relevante og nødvendige for formålet med prosjektet
- lagringsbegrensning (art. 5.1 e), ved at personopplysningene ikke lagres lengre enn nødvendig for å oppfylle formålet

### DE REGISTRERTES RETTIGHETER

Personverntjenester vurderer at informasjonen om behandlingen som de registrerte vil motta oppfyller lovens krav til form og innhold, jf. art. 12.1 og art. 13.

Så lenge de registrerte kan identifiseres i datamaterialet vil de ha følgende rettigheter: innsyn (art. 15), retting (art. 16), sletting (art. 17), begrensning (art. 18) og dataportabilitet (art. 20).

Vi minner om at hvis en registrert tar kontakt om sine rettigheter, har behandlingsansvarlig institusjon plikt til å svare innen en måned.

### FØLG DIN INSTITUSJONS RETNINGSLINJER

Personverntjenester legger til grunn at behandlingen oppfyller kravene i personvernforordningen om riktighet (art. 5.1 d), integritet og konfidensialitet (art. 5.1. f) og sikkerhet (art. 32).

For å forsikre dere om at kravene oppfylles, må dere følge interne retningslinjer og eventuelt rådføre dere med behandlingsansvarlig institusjon.

### MELD VESENTLIGE ENDRINGER

Dersom det skjer vesentlige endringer i behandlingen av personopplysninger, kan det være nødvendig å melde dette til oss ved å oppdatere meldeskjemaet. Før du melder inn en endring, oppfordrer vi deg til å lese om hvilke type endringer det er nødvendig å melde: <https://www.nsd.no/personverntjenester/fylle-ut-meldeskjema-for-personopplysninger/melde-endringer-i-meldeskjema> Du må vente på svar fra oss før endringen gjennomføres.

### OPPFØLGING AV PROSJEKTET

Personverntjenester vil følge opp ved planlagt avslutning for å avklare om behandlingen av personopplysningene er avsluttet.

Kontaktperson hos oss: Simon Gogl

Lykke til med prosjektet!

## Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykkeskjema intervju

# Vil du delta i forskingsprosjektet «Ein språkstudie blant studentar frå Sogn og Fjordane som studerer i ein storby»

Dette er eit spørsmål til deg om å delta i eit forskingsprosjekt der føremålet er å granske den språklege praksisen til studentar frå Sogn og Fjordane som studerer i ein storby der bokmål er det dominerande skriftspråket. I dette skrivet gjev eg deg informasjon om måla for prosjektet og om kva deltakinga vil innebære for deg.

### **Føremål**

Dette prosjektet er eit masterprosjekt som eg skal gjennomføre som mi avsluttande oppgåve på grunnskulelærerutdanninga. Sogn og Fjordane er kjent for å vere det området i landet der nynorsk har stått sterkast som skulemål/hovudmål, men kva språkval tek ein når ein flyttar for å studerer i ein storby der bokmål er dominerande? På bakgrunn av lite forskning på området kan dette vere eit interessant tema å forske på.

### **Kven er ansvarleg for forskingsprosjektet?**

Dette prosjektet er ei masteroppgåve på grunnskulelærerutdanninga i norskfaget ved Høgskulen på Vestlandet. Det er derfor eg, og rettleiarane mine Jorunn Simonsen Thingnes og Samuele Mascetti som er ansvarlege for prosjektet.

### **Kvifor får du spørsmål om å delta?**

Du får spørsmål om å delta, fordi du er student frå Sogn og Fjordane som har hatt nynorsk som hovudmål og studerer i ein storby der bokmål er det dominerande skriftspråket.

### **Kva inneber det for deg å delta?**

Om du vel å delta i prosjektet inneber det å bli intervjuet av meg. Eg vil spørje deg om den språklege praksisen din. Intervjuet vil vere på rundt 60 minutt. Det vil bli tatt lydopptak for å sikre at alle opplysningar vil vere korrekte.

### **Det er frivillig å delta**

Det er frivillig å delta i prosjektet. Dersom du vel å delta, kan du når som helst trekkje samtykket tilbake utan å gje nokon grunn. Alle personopplysingane dine vil då bli sletta. Det vil ikkje føre til nokon negative konsekvensar for deg dersom du ikkje vil delta eller seinare vel å trekkje deg.



### **Ditt personvern – korleis vi oppbevarer og bruker opplysningane dine**

Eg vil berre bruke opplysningane om deg til føremåla eg har fortalt om i dette skrivet. Eg behandlar opplysningane konfidensielt, og i samsvar med personvernregelverket. Dei som vil ha tilgang til opplysningane du oppgjer er eg som forskar og dei to rettleiarane mine.

I intervjuet vil namna til deltakarane erstattast med ein kode, det vil ikkje vere mogleg å identifisere deltakarane.

### **Kva skjer med opplysningane dine når vi avsluttar forskingsprosjektet?**

Ved prosjektslutt vil alle opplysningane bli sletta. Etter planen er dette 16. september 2023.

### **Kva gjev oss rett til å behandle personopplysingar om deg?**

Eg behandlar opplysingar om deg basert på samtykket ditt.

På oppdrag frå Høgskulen på Vestlandet har NSD - Norsk senter for forskingsdata AS – vurdert at behandlinga av personopplysingar i dette prosjektet er i samsvar med personvernregelverket.

### **Dine rettar**

Så lenge du kan identifiserast i datamaterialet, har du rett til:

- innsyn i kva opplysingar vi behandlar om deg, og å få utlevert ein kopi av opplysningane,
- å få retta opplysingar om deg som er feil eller misvisande,
- å få sletta personopplysingar om deg,
- å sende klage til Datatilsynet om behandlinga av personopplysingane dine.

Dersom du har spørsmål til studien, eller om du ønskjer å vite meir eller utøve rettane dine, ta kontakt med:

- Høgskulen på Vestlandet ved Andrea Flatjord Gjelsvik – 94886624  
([andreaflatjordgjelsvik@gmail.com](mailto:andreaflatjordgjelsvik@gmail.com)) eller rettleiar [Samuele Mascetti](mailto:Samuele Mascetti) – +47 57676283  
([sama@hvl.no](mailto:sama@hvl.no))
- Vårt personvernombod: Trine [Anikken Larsen](mailto:Anikken Larsen), [trine.anniken.larsen@hvl.no](mailto:trine.anniken.larsen@hvl.no)  
Telefon: 91365920 eller jobbtelefon: 55587682

Dersom du har spørsmål knytt til NSD si vurdering av prosjektet kan du ta kontakt med:

- NSD - Norsk senter for forskingsdata AS, på e-post ([personverntjenester@sikt.no](mailto:personverntjenester@sikt.no)) eller på telefon: 55 58 21 17.

Venleg helsing

*Samuele Mascetti*  
(Forskar/rettleiar)

*Andrea Flatjord Gjelsvik*  
(Student)

## Samtykkeerklæring

Eg har motteke og forstått informasjon om prosjektet [*Språksituasjonen blant studentar frå Sogn og Fjordane*] og har fått høve til å stille spørsmål. Eg samtykker til:

å delta i intervju

Eg samtykker til at opplysingane mine kan behandlast fram til prosjektet er avslutta.

-----  
(Signert av prosjektdeltakar, dato)

## Vedlegg 3: Intervjuguide

### Intervjuguide masterprosjekt

- Kan du fortelje meg litt om deg sjølv?
  - Kjønn
  - Alder
  - Heim plass
  - Studieretning
  - Studieby
  - Har du studert ein anna plass tidlegare?
  - Har du merka ei endring i språkbruken din etter at du flytta?
    - Snakkar og skriv du likt som før? Kvifor/kvifor ikkje?
    - Har du vurdert den språklege praksisen din før? Kvifor/kvifor ikkje?
    - Var det ei personleg vurdering som førte til språkvalet ditt?
- Kan du fortelje litt om forholdet ditt til nynorsk?
- Trur du studiebyen har påverka valet ditt? Korleis?
  - Sosialt?
  - Lite/mykje eksponering for bokmål i kvardagen?
- Trur du studieretninga di har påverka valet ditt? Korleis?
  - Kva skriftspråk blir mest brukt i undervisninga og pensum?
  - Kva status har nynorsk der?
- Har du nokre tankar om kvar du vil busette deg i framtida?
  - Er det valet eventuelt relatert til målforma?
  - Spelar målforma på den framtidige arbeidsplassen di ei stor rolle?